

# Mot ein meir reflektert barnevernsdebatt?

*Ei innhaldsanalyse av  
barnevernsframstillingar i VG og Dagbladet*

Sonja Føleide



Masteroppgåve i sosiologi  
ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi

UNIVERSITETET I OSLO

Juni 2011

© Sonja Føleide

2011

Mot ein meir reflektert barnevernsdebatt? Ei innhaldsanalyse av barnevernsframstillingar i VG og Dagbladet.

Sonja Føleide

<http://www.duo.uio.no/>

Trykk: Reprosentralen, Universitetet i Oslo

II

# Samandrag

Tema for denne oppgåva er mediedebatten om barnevernet i Norge, og det overordna forskingsspørsmålet siktar til korleis barnevernet vert framstilt i pressa. Barnevernet er ein institusjon med makt og midlar til å ta avgjersler innafor eit svært sensitivt saksområde, nemleg forholdet mellom foreldre, barn og velferdsstat. Ofte vert det retta mykje negativ merksemd mot barnevernet, og frå byrjinga av 90-talet har barnevernstenesta, ikkje berre i Norge, men i store delar av den vestlege verda vore utsett for sterk kritikk. Som ein konsekvens er barnevern eit tema som tidvis får stor merksemd i media. Pressa si rolle vil difor vere viktig, og eg har nytta ulike mediesosiologiske bidrag i oppgåva. Ulike perspektiv på mediedramaturgi og nyhendekonstruksjon, spesielt i forhold til tabloidkultur, vert nytta som teoretisk tilfang. Temaet vert diskutert ut i frå ei førestilling om at presseframstillingar spelar ei rolle for korleis publikum både får informasjon og kunnskap om barnevern. Eit argument i oppgåva er at framstillingane difor kan vere med på å påverke tilliten til barnevernet. Vidare vert det argumentert for at barnevernet som profesjon er avhengig av legitimitet for å kunne fungere i samfunnet.

I oppgåva vert det brukt både kvantitative og kvalitative metodar, med utgangspunkt i innhaldsanalyse av medietekstar. Innhaldet i artiklane vert koda ut i frå visse kriterium og variablar, for å kunne framstillast kvantitativt. Vidare vert det gjort ei kvalitativ tolking av innhaldet. Dette inneber ei grundig gjennomlesing av tekstane, og ei utdjujing av den kvantitative analysen gjennom illustrerande dømer. Materialet er henta frå VG og Dagbladet på ulike tidspunkt. Artiklane er frå januar til juni i 2004, og tilsvarande periode i 2010, til saman 81 artiklar.

Forskingsspørsmålet er delt inn i tre delspørsmål, som pregar dei ulike delane av analysen. Det fyrste spørsmålet siktar til kva haldningar som viser seg til barnevernet i artiklane. Vidare vert det stilt spørsmål om kven som fører mediedebatten om barnevern. Det tredje spørsmålet går ut på kva hovudtemaområder om barnevern som får merksemd i media. Oppgåva ser etter ein endringsdimensjon i framstillingane av barnevern mellom 2004 og 2010. Funna vert også diskutert opp i mot tidlegare forskning.

Hovudfunna i analysen indikerer at framstillingane av barnevernet går i retning av å vere mindre stereotype og negative. Det er ein tendens til fleire nøytrale og balanserte framstillingar, samanlikna med tidlegare forskning. Vidare vert det funne teikn til endringar i kven som fører debatten om barnevern. Eit viktig funn i materialet er auka aktivitet frå forskarar og intellektuelle, samt frå barnevernet sjølv. I tillegg er det teikn som tyder på mindre personfokuserte framstillingar. Det er rett nok vanskeleg å seie om funna kan generaliserast til å gjelde heile mediedebatten om barnevern, men funna kastar lys over tendensar som kan tyde på ein meir reflektert debatt om barnevern, samanlikna med situasjonen for nokre år tilbake.

# Forord

Arbeidet med masteroppgåva har vore ein lærerik og krevjande prosess, prega av både frustrasjon, inspirasjon, blinde felt og lyse idear. Det er fleire som fortener ein takk i samband med at dette arbeidet no er fullført.

Takk til:

Rettleiar Lise Kjølrsrød, for konstruktive råd, fleire gjennomlesingar av utkasta mine, og for god hjelp til å halde ein stø kurs mot målet. Du har lært meg mykje.

Tor-Einar og Linda, for korrekturlesing og nyttige innspel både undervegs og i sluttarbeidet. Gjennom heile studietida mi har du, Tor-Einar, vore eit orakel av gode faglege råd og skrivetips – du er ein unik ressurs.

Celina, for tidvis daglege kaffi- og matpausar, med både fagleg og svært lite fagleg innhald. Gjengen i 4.etg. på Harriet Holters Hus, for å gjere dei lange dagane på Blindern trivelige, særleg i innspurten.

Familie, svigerfamilie og vennar for oppmuntring og heiarop undervegs, og ikkje minst for fine avbrekk utanfor Blindern-livet.

Min kjære Jørgen, for at du har teke godt vare på en tidvis sliten masterstudent.

Sonja Føleide

Blindern, juni 2011



# Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>III</b>
<b>Forord.....</b>	<b>V</b>
<b>Innhald .....</b>	<b>VII</b>
<b>1 Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Forskingsspørsmål .....	2
1.1.1 Avgrensing av forskingsspørsmålet .....	3
1.1.2 Meir om fagleg og samfunnsmessig relevans .....	3
1.2 Barnevernet som profesjon .....	4
1.2.1 Barnevernsarbeid: velferdstenester på godt og vondt .....	5
1.3 Journalistyrket: offentlegheitsprinsipp og informasjon .....	7
1.4 Forholdet mellom journalisten og barnevernsarbeidaren sitt virke .....	8
1.5 Gangen vidare i oppgåva .....	9
<b>2 Tidlegare forskning og teoretisk tilfang .....</b>	<b>11</b>
2.1 Nordiske forskingsbidrag .....	11
2.2 Internasjonale studiar .....	13
2.3 Nyhende som sosial konstruksjon .....	14
2.4 Mediemakt og påverknad .....	16
2.5 Mediedramaturgi .....	18
2.6 Endringar i media mot ei auka tabloidisering .....	19
2.7 Avslutning .....	22
<b>3 Gjennomføring og metode .....</b>	<b>23</b>
3.1 Datamateriale .....	23
3.1.1 Val av aviser og tidsperiodar .....	23
3.1.2 Datainnsamling .....	24
3.1.3 Variablar og verdiar .....	25
3.1.4 Vidareføring av tidlegare forskning: klargjering av materiale og atterhald ved samanlikning .....	26
3.2 Innhaldsanalyse .....	27

3.3	Forskingskvalitet .....	29
3.4	Etiske vurderingar.....	30
3.5	Utfordringar ved utvalet .....	30
<b>4</b>	<b>Kva haldningar framkjem i debatten om barnevern? .....</b>	<b>33</b>
4.1	Er artiklane positivt, negativt eller nøytralt lada?.....	34
4.2	Positive haldningar til barnevern .....	35
4.3	Negative haldningar til barnevern .....	36
4.4	Nøytrale haldningar til barnevern.....	38
4.5	Resultata i ein breiare kontekst.....	39
4.6	Endringar frå 2004 til 2010 .....	41
4.7	Kvifor er barnevernet utsett for negativ omtale?.....	42
4.7.1	Er dei negative omtalene av barnevern prega av stigmatisering og stereotypiske framstillingar? .....	44
4.7.2	Medievridding i barnevernssaker .....	46
4.8	Fleire positive og nøytrale framstillingar om barnevern .....	47
4.9	Drøfting .....	49
<b>5</b>	<b>Kven fører mediedebatten om barnevern? .....</b>	<b>51</b>
5.1	Hovudrøyster i debatten om barnevern .....	53
5.1.1	Kven er hovudrøyst i artiklane? .....	54
5.1.2	Sentrale hovudrøyster for analysen .....	57
5.2	Pressa som arena for politiske debattar på barnevernsfeltet.....	58
5.3	Kven er dei profesjonelle som ytrar seg om barnevern i pressa: barnevernsarbeidarar eller andre fagfolk?.....	60
5.3.1	Barnevernet som ein av fleire kjelder .....	62
5.3.2	Hovudrøyster frå andre fagfolk .....	64
5.4	Forskarar og intellektuelle si deltaking i debatten om barnevernsfeltet.....	65
5.5	Kjem barnevernet sine klientar til orde i debatten om barnevern?.....	66
5.6	Drøfting .....	69
<b>6</b>	<b>Korleis er barnevernssakene vinkla? .....</b>	<b>73</b>
6.1	Del 1: Vinklingar om barnevernet sitt virke og deira klientar.....	73



6.1.1	Korleis er artiklane vinkla? .....	75
6.2	Barnevernet sine arbeidsvilkår .....	76
6.3	Yrkesutøving og slutningar i barnevernet .....	78
6.4	Foreldra sine situasjonsoppfatningar .....	80
6.5	Barna sine situasjonsoppfatningar .....	80
6.6	Del 2: Vinklingar om organisering og utvikling av barnevernet.....	82
6.6.1	Barnevernet sine arbeidsvilkår II .....	84
6.6.2	Yrkesutøving og slutningar i barnevernet II .....	84
6.6.3	Barnet sin situasjon eller situasjonsoppfatning II .....	85
6.6.4	Foreldra sin situasjon eller situasjonsoppfatning II.....	85
6.7	Ressursar og utvikling i barnevernet .....	85
6.8	Privat versus offentlig barnevern .....	86
6.9	Omfang av enkeltsaker .....	87
6.10	Drøfting.....	89
<b>7</b>	<b>Avslutning .....</b>	<b>93</b>
7.1	Kva utvikling peikar dette for tabloidpressa?.....	94
7.2	Kva utvikling peikar dette for barnevernet? .....	95
	<b>Litteratur.....</b>	<b>99</b>
	<b>Vedlegg .....</b>	<b>105</b>



# 1 Innleiing

Barnevernet si hovudoppgåve er å sikre at barn og unge som lev under uverdige forhold får naudsynt omsorg og hjelp til rett tid<sup>1</sup>. Målet er å hjelpe barn og familiar slik at barn vert sikra gode levekår og utviklingshøver. Barnevernet i Noreg er ein institusjon med maktmidlar og evner til å ta avgjersler i sensitive saker som går føre seg mellom familien, barna og velferdsstaten. Trass i legal forankring, vert det hevda at barnevernet har problem med å oppnå legitimitet for sitt virke (Grinde, 1993; Ask, 2000, 2001; Veland, 2004).

Barnevernet får tidvis stor merksemd i media. Mykje av informasjonen som går ut til publikum kjem gjennom pressa og mediebiletet er difor av stor interesse med omsyn til barnevernet sitt truverde. Ofte er denne merksemda negativ. Frå byrjinga av 90-talet har barnevernstenesta, ikkje berre i Noreg, men i store delar av den vestlege verda vore utsett for sterk kritikk (Veland, 2004: 200). Pressa vert nemnd både som ein vesentleg eksponent for og ein formidlar av, den kritikk og skepsis som vert retta mot barnevernet (Ask, 2000).

Undersøkingar viser at nyhende om helsevesen og velferdstenester oftast trekk fram feil og manglar, og difor sender ut negative budskap (Bay og Saglie, 2003: 17). Medieoppslag har innverknad på barnevernet sin legitimitet (Figenschow, 2006b: 56). Legitimitet er knytt til graden av oppslutning rundt dei handlingane som barnevernet utfører, eller er kjent for å utføre. Det vil vere avgjerande for eit godt barnevernet å ha ei stor grad av tiltru (Grinde, 1993; Veland, 2004). Konsekvensen av låg legitimitet kan vere eit svekka barnevern. Det kan påverke organisasjonen sitt handlingsrom og forholdet til samarbeidspartnarar som kan få motførestellingar mot å søkje hjelp, eller urealistiske bilete av tiltaka (Grinde, 1993).

Barnevern og media er to ulike samfunnsinstitusjonar med ulike samfunnsroller. Barnevernet har som agenda å sørgje for at barn har best moglege oppvekstvilkår. Pressa har eit viktig ansvar i forhold til å informere og utøve samfunnskritikk, også av barnevernet. Ved å spreie informasjon, kritisere og skape debatt om viktige samfunnsområde, fungerer pressa som ei fjerde statsmakt og har ei sentral rolle i eit demokratisk samfunn. I Ver varsam-plakaten vert det uttrykt at pressa både har rett og plikt til å informere om det som skjer i samfunnet og å avdekke kritikkverdige forhold<sup>2</sup>. Tema for denne oppgåva er mediedebatten om barnevernet i

---

<sup>1</sup> <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/tema/barnevern.html?id=1058> (2010-09-15)

<sup>2</sup> [http://presse.no/Pressens\\_Faglige\\_Utvalg\\_PFU/Var\\_Varsom-plakaten/](http://presse.no/Pressens_Faglige_Utvalg_PFU/Var_Varsom-plakaten/) (2010-09-15)

Noreg, og korleis barnevernet vert framstilt gjennom to norske aviser. Merete Ekanger (2006) summerer det vanskelege forholdet mellom barnevern og media slik:

Barnevernssaker er vanskelige fordi de utfordrer demokratiet. Vi har som samfunn ikke funnet gode løsninger på den kompliserte og uverdige konflikten mellom enkeltpersoners rett til å offentlig kritisere myndighetene, mediens plikt til å bidra til offentlige debatter av samfunnsmessig betydning, og barnevernets plikt til å tie (Ekanger, 2006: 19).

## 1.1 Forskingsspørsmål

I lys av temaet er problemstillinga for oppgåva følgjande:

*Korleis er barnevernet framstilt i norsk presse, representert ved VG og Dagbladet? Er det endringar i framstillingane av barnevernet i 2004 og 2010? I lys av tidlegare analyser om barnevern i media, kva har skjedd med framstillingane?*

Problemstillinga er tredelt, der det fyrste spørsmålet er den overordna problemstillinga for oppgåva. Spørsmåla vil bli svart på ut i frå ei fagleg vurdering om at pressa sine framstillingar er viktige for korleis befolkninga oppfattar og får kunnskap om barnevern. Det er grunn til å tru at eit medium som aviser har stor påverknadskraft, og at nyheitskonstruksjonar som vert skapt rundt barnevernet får konsekvensar langt utover presentasjonen av enkeltbodskapen. Media påverkar og media har makt. I lys av problemstillinga er det difor sentralt å drøfte i kva grad presseframstillingane er med på å forme barnevernet sitt renommé. Truleg vil framstillingane i media påverke korleis folk oppfattar barnevernet. Med andre ord kan dette bety at kritiske presseframstillingar er medverkande årsak til at barnevernet i periodar slit med låg legitimitet.

For å svare på problemstillingane må ein vurdere kven som fører debatten i media og i kva grad barnevernet sine tilsette er aktive. Ynskjer dei tilsette å profilere barnevernet i form av å skape meir tillit og openheit? Openheit, tillit og legitimitet er viktige element for ein institusjon som skal handsame omstridde saker og ta vare på svake grupper i samfunnet, særleg i ein mellomposisjon mellom stat og familie.

### **1.1.1 Avgrensing av forskingsspørsmålet**

For å konkretisere innhaldet for analysen er problemstillinga operasjonalisert inn i tre delspørsmål:

- Kva haldningar er det til barnevernet i mediatekstane?
- Kven ytrar seg om barnevern i media?
- Kva temaområde om barnevern er det som får merksemd i media?

Ut i frå desse tre spørsmåla vil ein oppnå meir konkrete svar og avgrense problemstillinga. Kva sider ved barnevernet som vert omtalt i pressa, kva saker som når media, kva haldningar som kjem fram i mediatekstane, og kven som fører debatten vil bli diskutert nærare i dei vidare kapitla i denne oppgåva. Grunnlaget for å drøfte og sjå etter endring finn eg i avisartiklar frå VG og Dagbladet, samt frå tidlegare forskning om same tema.

### **1.1.2 Meir om fagleg og samfunnsmessig relevans**

Det er semje om at barnevern må ha ei database med statistikk som grunnlag for planlegging og for å følgje med i utviklinga av arbeidet. Det burde vere like naturleg å satse på informasjon om folk sin informasjon og haldningar til barnevernet. Det har forskingsmessig interesse for å forstå samfunnsendringar og fange inn nye utviklingstrekk (Grinde, 1993). Målet med denne oppgåva er å studere pressa sine framstillingar av barnevernet, og søkje å bidra til meir kunnskap om forholdet mellom media og barnevern.

Det er difor relevant å forstå spenningar som kan eksistere mellom barnevernstenesta og omgjevnadane (Ask, 2000: 23). Anthony Giddens (1990) hevdar at eit av kjenneteikna ved det moderne samfunnet er forholdet mellom individet og det han omtalar som abstrakte system. Abstrakte system er eit samleomgrep på ekspertsystem og symbolske teikn, som har til felles at dei krev ein viss tillit frå befolkninga. Særleg gjeld dette for ekspertsystem, som Giddens omtalar som system av teknisk art eller fagleg ekspertise som organiserer områder av det materielle og sosiale miljøet vi lev i (Giddens, 1990). Velferdsstaten i Noreg representerer i høg grad eit system som grip inn i store delar av vårt livsløp. I Giddens sitt syn inngår det at meinigmann generelt må stole på den kompetansen som ligg i ekspertsystema, og at den kunnskapen dei brukar, er påliteleg. Som regel har ikkje enkeltindividet høve til å kontrollere dette, både på grunn av manglande kompetanse og fordi det ofte er vanskeleg reint praktisk. Tillit mellom dei involverte er difor svært viktig.

Barnevernet kan sjåast som ein del av velferdsstaten, og i så måte som ein del av eit system som kan inngå i Giddens sin definisjon (Ask, 2001: 23). Arbeidet avhenger altså av eit minimum av tiltru frå befolkninga. Vidare vil det vere avgjerande at folk har noko kjennskap til feltet for at barnevernet skal komme i kontakt med barn og familiar som har behov for hjelp. I motsetnad til fleire andre velferdsområde, eksempelvis eldreomsorg som dei fleste har kjennskap til, er det sjeldan at publikum har særlege kunnskapar om barnevernet sitt virke om dei ikkje har vore tilknytt det sjølve. I så måte har organisasjonen behov for å spreie informasjon og drive opplysning gjennom ulike kanalar. Sidan tabloidpressa er ein informasjonskanal som når ut til svært mange, er det naturleg å tru at pressebileta vil spele ei spesielt viktig rolle for oppfatningar og tiltru til barnevern, samanlikna med andre velferdsområde.

## **1.2 Barnevernet som profesjon**

I forhold til diskusjonen om korleis barnevernet vert framstilt i media, og spesielt i forhold til barnevernet sin legitimitet, vil det vere relevant å sjå på karakteristiske sider ved barnevernet som ekspertsystem og profesjonell instans. Arbeidsdelinga i samfunnet inneber at vi har ulike profesjonar som er ekspertar i forhold til sine arbeidsoppgåver. Barnevernet kan sjåast på som eit ekspertvelde, som har eit offentleg ansvar i forhold til å ta vare på barn som opplever omsorgssvikt. Andrew Abbott (1988) presenterer ulike perspektiv på profesjonar sin tilgang til bestemte oppgåver. Han nemner nasjonale foreiningar, verna titlar, universitets- og høgskuleutdanning, og utvikling av etiske reglar for fagutøving som sentrale element i profesjonaliseringa. Desse faktorane er med på å skape auka legitimitet ovanfor ulike profesjonar og yrker (Abbott, 1988: 7). Viktigare enn desse såkalla eigenskapane er aksepten for yrket sin tilgang til å handtere bestemte oppgåver. Det er fleire instansar som kan vere involvert i barnevernet sitt arbeid. Legar, lærarar, psykologar og advokatar er døme på profesjonelle som tidvis kan ha ansvar på barnevernsfeltet. På grunn av overlapping av ansvarsområde er det generert ein konkurranse om kontroll over yrkesområde og arbeidsoppgåver. Abbott (1988) omtalar denne relasjonen som yrket sin jurisdiksjon. Eit yrke krev meir eller mindre eksklusive rettar over eit oppgåvefelt, med mål om at samfunnet skal godkjenne yrket sin kognitive struktur. Profesjonen kan oppleve både å ha full kontroll over sitt eige oppgåvefelt, samstundes som det kan oppleve at kontrollen over feltet heilt eller delvis er underlagt andre yrke (Kjølsrød, 1993: 21).

Det eksisterer ein konkurranse om oppgåvefelt mellom ulike yrke, som er med på å utvikle profesjonar (Abbott, 1988). I denne konkurransen er det avgjerande at samfunnet rundt opplever kontrollen over arbeidsfeltet som legitim. Utan at staten og sivilsamfunnet elles godkjenner retten til eksklusivitet over oppgåvefeltet, er sannsynet stort for at andre grupper vil ta over kontrollen av feltet. Oftast er det normer og verdier i kulturen som spelar inn på kvifor og korleis ein profesjon vert legitim. Dette er forhold som er skiftande, både med omsyn til sosiale og kulturelle trendar (Abbott, 1988).

På den eine sida, fungerer barnevernet som ein samfunnsaktør uavhengig kritiske røyster og varierende grad av oppslutning. På den andre sida, er dei som profesjonell instans avhengig av aksept frå samfunnet for å fungere over tid. Det inneber legitimitet på fleire arenaer.

Barnevernet er avhengig av tiltru frå politiske aktørar som løyver pengar til arbeidet. Utan at desse aktørane oppfattar barnevernet som ein legitim samfunnsinstitusjon, vil truleg dei økonomiske midlane til arbeidet verte trappa ned. At samarbeidspartnarar som til dømes lærarar og helsepersonell har tillit til at arbeidet med barn og unge vert utført på ein kompetent måte, er naudsynt for at barnevernet skal få informasjon om barn som treng hjelp. I tillegg er det avgjerande at folket opplever profesjonen som legitim, ettersom arbeidsfeltet til barnevernet rører ved individet sin integritet. Både i forhold til klientar, pårørande og samarbeidspartnarar som melder om vanskelege og sårbare saker, vil det vere avgjerande at barnevernet sitt arbeid vert oppfatta som legitimt. Det er difor viktig at barnevernet som institusjon spreiar informasjon om eige arbeid og arbeidsmetodar til eit stort publikum.

### **1.2.1 Barnevernsarbeid: velferdstenester på godt og vondt**

Barnevernet sine ansvarsområde og oppgåver er lovpålagde og regulert av Lov om barnevernstenester (barnevernlova) frå 1992<sup>3</sup>. Organisasjonen frontar eit offentleg ansvar om å ta vare på ei svak gruppe i samfunnet, nemleg barn som har vore utsett for omsorgssvikt eller overgrep. Både kommune og stat har oppgåver og ansvar innanfor barnevernsområdet. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har det overordna forvaltningsansvaret for barnevernlova, medan gjennomføringa av det daglege arbeidet innan barnevernet i hovudsak skjer kommunalt. Barnevernstenesta skal mellom anna gje råd og rettleiing, gjere

---

<sup>3</sup> <http://www.lovdatab.no/all/hl-19920717-100.html#map001> (2010-09-15)

undersøkingar, treffe vedtak etter lova eller forberede, setje i verk og følgje opp tiltak i forhold til barn som er utsett for omsorgssvikt<sup>4</sup>.

I praksis er det barnevernsarbeidarane som skal sikre at barn lever under trygge oppvekstvilkår. Dei har som oppgåve å fatte slutningar om noko av dei mest kostbare tinga i livet, og gripe inn i nære og personlege relasjonar i ein familie. Dei har ei rolle som er i stand til å hjelpe, men som også kan gjere stor skade (Kjølsrød, 2003: 195). Mange av velferdsyrka sine arbeidsfelt går føre seg i eit kryssingspunkt mellom det offentlege og det private, ein tendens som er spesiell for dei nordiske velferdsstatane (Esping-Andersen, 1990). Eit fellestrekk for mange av velferdsyrka er ansvaret for å ta slutningar på andre sine vegner. I desse yrka har ein som regel ei rolle mellom klienten og den offentlege oppdragsgjevar. Desse kjenneteikna er ekstra tydelege med omsyn til barnevernet, som må ta kunnskapsbaserte slutningar på vegner av barn og familiar. Barnevernsarbeidaren er delegert betydeleg autonomi i anlet-til-anlet-relasjonar med klientar, der dei skal vurdere behovet for hjelp frå andre instansar og for økonomiske overføringar (Kjølsrød, 2003: 193). Mange av velferdsstaten sine ytingar vert teke i mot frivillig og ut i frå enkeltindividet sine ynskjer. Rett nok har mottakarane av velferdstenestene ofte avgrensa høve til å opptre som forbrukarar. Ytingar frå barnevernstenesta vert tidvis gjennomførte utan samtykke, til dømes ved iverksetjing av omsorgstiltak mot dei føresette sin vilje (Kjølsrød, 2003: 197). Dette kan påverke haldningar til barnevernet i samfunnet, og føre til skuldingar for unødvendig inngripen i forholdet mellom barn og foreldre.

Velferdsyrker har stor fagleg autonomi og nedslagskraft, samstundes som det er vanskeleg å få innsyn i kva dei faktisk driv med (Kjølsrød, 2003: 195). Kjølsrød hevdar med bakgrunn i dette at velferdsyrke, til dømes barnevern, står fram som kronisk suspekta både for folket og styresmaktene. Det er karakteristisk at mange slutningar er meir komplekse enn dei verkar, og inkluderer vanskelege vurderingar mellom ulike omsyn og verdiar som alle er viktige. Vidare peikar Kjølsrød (2003) på at arbeidssituasjonen og ressurstilgangen sjeldan er optimal. Dette kan føre til at barnevernsarbeidarar vert ramma av strukturelt press som gjer det vanskeleg å leve opp til idealnormene i yrkesutøvinga. I det praktiske arbeidet vil det ofte vere naudsynt med meir eller mindre bruk av skjønn, noko som er med på gjere det vanskeleg med

---

<sup>4</sup> <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/tema/barnevern/barnevern-ansvarsfordeling.html?id=476333>  
(16.mars 2011)



demokratisk kontroll og innsyn. Til slutt kan det vere problematisk å foreine følgjande kvalitetskjenne-teikn:

- Ynskje om geografisk tilkomst kan lett bryte med ynskje om spesialiserte tenester.
- Å gje lik behandling til like saker er ofte vanskeleg i praksis, og kan kollidere med omsynet til lokalt sjølvstyre.
- Det er utfordrande å oppnå rettferd, ettersom målet om likeverdige tilbod lett kan kollidere med omsynet til effektivitet (Kjølsrød, 2003: 195).

Desse faktorane er med på å gjere barnevernet som felt vanskeleg for folk å forstå og få innsyn i. Truleg er dette med på å bidra til at barnevernet tidvis slit med låg og varierende grad av legitimitet.

### **1.3 Journalistyrket: offentlegheitsprinsipp og informasjon**

Journalisten si rolle er på mange måtar nedfelt i Ver varsam-plakaten, som mellom anna omhandlar den viktige rolla ei fri presse spelar i eit demokrati. *”Ytringsfrihet, informasjonsfrihet og trykkefrihet er grunnelementer i et demokrati. En fri, uavhengig presse er blant de viktigste institusjoner i et demokratisk samfunn”* (Ver varsam-plakaten punkt 1.1).

Vidare vert det lagt vekt på at pressa spelar ei viktig rolle i forhold til prinsippet om open sakshandsaming og innsyn. Fri informasjonsformidling, og med dette fridom til å avdekke kritikkverdige forhold ved samfunnet er ein nøkkel: *”Det er pressens oppgave å beskytte enkeltmennesker og grupper mot overgrep eller forsømmelser fra offentlige myndigheter og institusjoner, private foretak eller andre”* (Ver varsam-plakaten punkt 1.5).

I praksis er det journalisten som skal gjennomføre desse punkta. Ut i frå Ver varsam-plakaten har journalisten ansvar både i forhold til å informere publikum og beskytte det einskilde individet. I forhold til saker om barnevern betyr dette at journalisten både må beskytte den einskilde barnevernsklienten, og samstundes avdekke kritikkverdige situasjonar der barn og unge har vore utsett for overgrep eller forsømming. Eide og Hernes (1987) omtalar journalisten sine tolkingsrammer for å produsere nyhende. Journalisten skal forstå og formidle stoff i kamp med tida, og under byråkratisk, marknadsmessig og politisk styring. Når journalisten skal velje sin måte å framstille nyhende på, er han i stor grad bunden til somme prinsipp. Eide og Hernes omtalar desse prinsippa som arketypar. Arketypane fungerer som eit

standardisert filter for kva som skal med, kven som skal intervjuast, og korleis stoffet skal vinklast (Eide og Hernes, 1987: 61).

## **1.4 Forholdet mellom journalisten og barnevernsarbeidaren sitt virke**

I relasjonen mellom barnevern/barnevernsarbeidarar og journalistar/media eksisterer det ein del innebygde konflikter, og framstillingar av barnevern i pressa ser ut til å ha ein samanheng med både barnevernsarbeidarar og pressejournalistar sitt virke og deira sjølvopfatning. Noko av grunnen til dette er yrka sine forskjellige roller, med ulik agenda og samfunnsansvar. I tillegg til at journalisten skal presentere nyhende på ein spanande og interessevekkjande måte, i tråd med tolkingsrammer og arketypar, argumenterer Eide og Hernes (1987) med at pressa også tar saka på vegne av den vesle mann og kvinne, med ein agenda om å vere ”den vesle mann sin forsvarar”. I tillegg til å avdekke kritikkverdige forhold, skal pressa med dette fungere som ein brubyggjar mellom den vesle mann og store organisasjonar. Ofte er det i møtet med helse- og sosialvesenet at den vesle mannen kjenner seg minst. Her er det ofte sårbare situasjonar der kjensler som sjølvrespekt og overleving er sentrale, og det kan stå mellom liv og død for den det gjeld. Samstundes har organisasjonane vakse seg stadig større, med fleire hierarkiske lag, fleire avdelingar, ukjende titlar og eit framand personale. Vegen mellom den vesle mannen og dei store organisasjonane har i følgje Eide og Hernes vorte lengre og tyngre å gå (Eide og Hernes, 1987: 162).

Barnevernet kan i stor grad sjåast på som ein stor og uoversiktleg organisasjon med ansvarsfordeling frå stat til kommune. Det er lett for individet å kjenne seg lite og overkøyrd, og familie og foreldre kan oppleve møtet med barnevernet som vanskeleg og tidvis urettferdig. Det kan vere vanskeleg for brukarane av barnevernstenestene å opptre som forbrukarar og i somme tilfelle kan omsorgstiltak verte satt i gang utan samtykke eller med fri vilje frå familien. Barnevernet skil seg frå andre organisasjonar innafør sosialvesenet, fordi det alltid er svake partar involvert i barnevernssaker. Barn har ikkje høve til å tale si eiga sak på lik linje med vaksne, og vert difor ei ekstra sårbar gruppe. Eide og Hernes (1987) sine vurderingar om pressa som den vesle mann sin forsvarar vil med bakgrunn i dette vere relevant i forhold til nyhendesaker om barnevern. ”Den vesle mannen” i barnevernssamanheng kan vere både barn og foreldre i møtet med barnevernet.

Relasjonen mellom journalistar og barnevernsarbeidarar er kanskje prega av gjensidig skepsis, og lite forståing for kvarandre sine arbeidsfelt og ulike samfunnsoppgåver (Stang, 2007). Journalistar og presse har i tillegg eit rykte på seg om å setje barnevernet i eit negativt lys. Det kan difor oppstå ein skepsis til journalistar i barnevernsyrket, med ein redsel for å bli feilsitert i avisene. Dette kan også vere eit hinder for open dialog mellom journalistar og barnevernsarbeidarar. I tillegg til dette er barnevernet sitt arbeid og virke vanskeleg å få innsyn i, og det kan vere vanskeleg å gjenta komplekse forhold i ei barnevernssak i eit format som skal passe inn i pressa sine arketypar. Eit vidare moment er barnevernet sitt stempel som ein lukka institusjon, og teieplikta som hinder for ein fullstendig open dialog med offentlegheita. Omsynet til klientane skal gå føre omsynet til openheit og deltaking i pressa. På den andre sida kan barnevernet sine tilsette skjule seg bak teieplikta, og bruke den som eit tilskot i saker der det er vanskeleg å ytre seg. I den siste tida har ein sett eit auka fokus på større openheit i barnevernet, og stadig fleire meiner at dette vil føre til eit betre barnevern. Meir innsyn og større grad av kommunikasjon med omverda vil truleg bidra til å fjerne noko av skepsisen som er knytt til barnevernet sitt arbeid.

## **1.5 Gangen vidare i oppgåva**

I det neste og andre kapittel vert det presentert ulike forskingsbidrag og teoretiske tilfang som plasserer mi eiga studie inn i ein større kontekst og gjev rammer for analysen. I kapittel 3 gjev eg ei oversikt over datamateriale og utval, samt ei operasjonalisering av variablane for analysen. I tillegg forklarar eg mine eigne metodiske val og refleksjonar i arbeidet, og ei klargjering av analyseverktøyet for den empiriske delen. Dei vidare analysekapitla er strukturert med utgangspunkt i den tredelte operasjonaliseringa av forskingsspørsmålet. Kapittel 4 inneheld ei drøfting av kva haldningar som framkjem i barnevernsdebatten, medan det i kapittel 5 vert stilt spørsmål om kva grupper som er aktive som hovudrøyster og kjelder. Analysen held fram i kapittel 6, der temaet for drøfting er kva for vinklingar om barnevern som er gjeldande i pressa. Dei empiriske og teoretiske perspektiva vil gjennom analysedelen fungere som rammeverk for diskusjon og drøfting. Avslutningsvis vert det gjort ei samanfatning av hovudfunna for analysen, der eg forsøker å svare på spørsmåla som vert stilt innleiingsvis.



## 2 Tidlegare forskning og teoretisk tilfang

I dette kapitlet vert det presentert empiriske og teoretiske tilfang som kastar lys over analysen. Dei ulike bidraga er valt med bakgrunn i forskingsspørsmåla for denne oppgåva og vil difor hovudsakleg dreie seg om presseframstillingar om barnevern og sosialt arbeid, samt typiske trekk ved media og den tabloide journalistikken. Det føreligg ikkje særleg mykje sosiologisk forskning på feltet om barnevern i pressa, men det fins fleire studiar som omhandlar velferdsyrke og sosialarbeidarar generelt, som tidvis refererer til arbeid med barn og unge spesielt. Eg vurderer dei følgjande studiane som relevante for barnevernsframstillingar. Resultata for den komande analysen vil bli knytt til dei tidlegare forskingsbidraga i eit forsøk på å spore endringar i korleis barnevernet vert framstilt. Dei norske og svenske studiane vil vere mest nærliggjande for ei samanlikning med egne funn, medan dei internasjonale studiane er med på å setje analysen i ein større kontekst. Dei mediesosiologiske perspektiva er sentrale for å forstå framstillingar i tabloidpressa. I tillegg gjev det ei forståing for påverknadskrafta til medieomtane, noko som illustrerer kvifor dette er av samfunnsmessig interesse.

### 2.1 Nordiske forskingsbidrag

Martin Eide og Gudmund Hernes (1987) studerer den tette koplinga mellom presse og politikk under tittelen *Død og pine!* Med eit institusjonelt perspektiv set analysen fokus på media si makt i samfunnet. Massemedia er med på å setje retningslinjer for sosiale institusjonar sitt liv i det offentlege, og er ei drivkraft bak og kanal for sosiale prosessar, på grunn av si evne til å definere dagsorden, og avgjere kor søkjelyset skal setjast (Eide og Hernes, 1987: 60). Media vil spele ei sentral rolle for aktørar som i ein politisk prosess vil ha eit behov for å legitimere sin eksistens, og er i så måte ein sentral aktør med omsyn til barnevernet sitt truverde.

”Massemedia kan følgelig ses som en legitimitetens kampsone, en arena der rivaliserende aktører, det vere seg institusjonelle eliter, pressgrupper eller helsepolitikkenes aktører kjemper om troverdighet (Eide og Hernes, 1987: 60)”.

Eit vidare norsk bidrag er Ann-Helén Bay og Jo Saglie sin rapport om pressa si dekning av velferdsstaten. Dei studerer fem riksdekkjande dagsaviser, der utvalet er henta frå januar månad, kvart sjette år frå 1969 til 1999. Studien er inspirert av Stefan Svallfors (1995) si forskning av dekninga av velferdsstaten i svensk presse frå 1969 til 1993, og Bay og Saglie (2003) set sine funn i eit komparativt perspektiv med Svallfors. Bay og Saglie analyserer pressedekninga i forhold til kva velferdspolitiske ordningar som vert mest omtalt, kva vinklingar som pregar mediedekninga, samt kven som står fram som hovudrøyst i artiklane. Dei overordna funna i forskinga er at helse- og omsorgstenestene får mest plass i rapporteringa, at vinklingane ofte dreier seg om problem knytt til fordeling og administrasjon av velferdsyrka, samt at det oftast er elitegrupper som deltar i debatten om velferdspolitiske tema i pressa (Bay og Saglie, 2003: 8). Svallfors viser til at det ofte er tilsette i offentleg sektor eller andre ekspertar som kjem til orde i svensk presse (Svallfors, 1995: 29). Biletet av kven som ytrar seg i velferdspolitiske tema er i grove trekk samanfallande i dei to studiane.

Edda Stang (2007) sin NOVA-rapport om framstillingar av barnevern i laussalspressa byggjer til dels vidare på Bay og Saglie (2003) sine funn. Stang tek utgangspunkt i artiklar frå VG og Dagbladet i to avgrensa periodar, og materialet er henta frå fire månadar (november til februar) i 1994/95 og tilsvarande periode i 2004/05. Det kjem fram i analysen at majoriteten av artiklane om barnevern er negativt lada. Ho finn også døme på stereotype framstillingar av barnevernsarbeidarar, og eksemplifiserer dette med døme frå artiklar som omhandlar tragiske einskildsaker. Ho finn at tilsette i barnevernet, politikarar og forskarar ikkje er særleg aktive i forhold til utspel og kommentarar om barnevernet. I forhold til kva vinklingar som vert brukt i avisartiklane, peikar Stang på at ho finn fleire artiklar som er vinkla frå barnet sin situasjon. Til slutt finn ho at mange av artiklane om barnevern ofte er framstillingar av einskildpersonar sine saker i forhold til barnevernet som institusjon, der mange er av typen ”det vesle mennesket mot myndigheitene” (Stang, 2007).

Ei anna norsk undersøking om barnevern i pressa er utført av Sentio As på oppdrag av Statens barnevern og familievern. Bakgrunnen for prosjektet var at Statens barnevern og familievern i samarbeid med Barne- og Familiedepartementet, skulle utvikle ein informasjonsstrategi om eit meir opent barnevern. Studien baserer seg på ei innhaldsanalyse av seks norske aviser gjennom heile 2003. Dei viser at ein stor grad av artiklane om barnevern er negative (55 prosent), og nesten halvparten av artiklane er emosjonelle og prega av kjensler. Vidare syner

dei at barnevernet i liten grad er brukt som kjelder, og at dei berre ytrar seg i 19 prosent av artiklane (Sentio AS, 2004a).

Av vidare bidrag frå svenske forhold, er Tommy Lundström sin artikkel *Mellan vardag och dramatik* ei sentral studie. Her presenterer Lundström eit forskingsprosjekt i samarbeid med Gunvor Andersen om presserapporteringa av sosialt arbeid med utsette barn og unge (Lundström, 2004). Dei har gjort ei kvantitativ analyse av framstillinga av sosialt arbeid med barn og unge i fem svenske dagsaviser i 2001, og viser at ein stor del av kvardagsrapporteringa om dette er kvardagsleg og u-dramatisk journalistikk. Dei fann ei kompleks og samansatt rapportering som inneheldt fleire positive artiklar enn dei hadde venta i forhold til forskning frå andre land (Lundström, 2004: 248). Dei har vidare gjennomført ei kvalitativ analyse av pressedekninga av to dramatiske barnevernstilfelle i Sverige. Funna her skilte seg ut frå kvardagsrapporteringa. I desse artiklane vart sosialt arbeid i stor grad skulda for anten å ha gripe inn for drastisk, eller for at dei ikkje hadde klart å beskytte eit barn (Lundström, 2004: 248).

## 2.2 Internasjonale studiar

Av internasjonale bidrag i forhold til debatten om sosialarbeidarar i media vil eg først nemne Peter Goldings og Sue Middletons med boka *Images of Welfare* (1982), eit viktig bidrag om temaet velferdsstat og presse. Forskinga kombinerer funna frå ei britisk undersøking om framstillingar av velferd og fattigdom som kjem fram i massemedia med ein stor spørjeundersøking om offentlege haldningar til velferd og fattigdom. Golding og Middletons (1982) konkluderer med at velferdspolitikken ikkje blir nyhende før den kan knytast til kriminalitet og moralsk forfall. Mellom anna har dei analysert dekninga av saker om alvorlege feilhandlingar i sosialtenesta, inkludert barnevernet. Dei skriv blant anna om korleis sosialarbeidarar vert kritisert i pressa:

”Periodically thrown into the media stocks for public stoning are some of Britain’s 23,000 social workers. Inevitably caught on the horns of a dilemma that demands that they do society’s dirty work yet risk an instant condemnation for interfering when they fail, social workers naturally occupy a prominent place in the front line facing the barrage of criticism about the growth of bureaucratic altruism (Golding og Middletons, 1982: 89).”

Dei skriv vidare at den sterke kritikken mot sosialarbeidarar oftast gjeld saker om barn som har blitt utsette for seksuelle eller valdelege overgrep. At små barn lid på grunn av fråverande

intervensjon frå sosialarbeidarar er eit vanleg tema i slike saker (Golding og Middletons, 1982: 90).

Eit anna leiande bidrag frå England er Bob Franklin og Nigel Parton si bok *Social Work, the Media and Public Relations* frå 1991. Her er tema mellom anna korleis sosialt arbeid og sosialarbeidarar vert framstilt i media. I hovudsak er dei ute etter å undersøke årsaker og konsekvensar som kan følgje av kritisk medieomtale av sosialt arbeid. Vidare ser dei på korleis representantar frå både media og sosialt arbeid prøvar å utvikle meir realistiske og positive bilete av både sosialt arbeid i både praksis og profesjon (Frankling og Parton, 1991: 2). Forskinga tek utgangspunkt i sosialt arbeid i brei forstand når dei analyserer forholdet til pressa. Rett nok poengterer dei at mykje av medieomtalen i forhold til sosialt arbeid er relatert til arbeid med barn og barnemishandling. Difor er sosialt arbeid med barn og barnevern i sentrum i store deler av boka. Analyser av mediedekninga av nokre utvalte barnevernssaker viser at media i desse tilfella konstruerte sær negative stereotypiar av sosialarbeidarar (Franklin og Parton, 1991: 89-90).

Vidare i oppgåva stiller eg spørsmål ved mange av tendensane som kjem til syne gjennom den ovanfor nemnde empirien. Vert det kjempa ein legitimitetskamp på vegner av barnevernet gjennom pressa? Dersom det er tilfelle: er barnevernsarbeidarar med på å kjempe denne kampen sjølv, eller er det andre aktørar som ytrar seg om deira arbeid og virke i avisene? På den andre sida er det kanskje klientane som i størst grad er informasjonskjelder, og dermed medverkar til emosjonelle framstillingar av barnevernet? Tyder haldningane som framkjem på at barnevernet vert rekna som truverdig, eller er det i stor grad negative og stereotype bilete som vert teikna? Desse spørsmåla vil bidra til å svare på korleis barnevernet vert framstilt i dagens presse. I tillegg vil karakteristiske trekk ved nyhendeproduksjon og endringar i mediefeltet vere vesentleg for å forstå desse spørsmåla ytterlegare.

## **2.3 Nyhende som sosial konstruksjon**

Medieforskarar karakteriserer ofte journalistikk som ”ein sosial konstruksjon av røynda” (Allern, 2001: 48). På 1960 talet skreiv Berger og Luckmann *The Social Costruction of Reality*, ein klassikar innan samfunnsvitskapen. Grunntanken i *Den samfunnsskapte virkelighet* er at mennesket skapar og vert skapt av samfunnet. Vi skapar verda aktivt gjennom våre handlingar, samstundes som vi gjer verda til vår eiga og godtar den som



verkeleg. I boka *Making News* skildrar Gaye Tuchmann (1978) nyhender som eit vindauge mot verda, i form av å vere ei ramme for kva vi får sjå. Utsikta gjennom vindauget avhenger av kor det vender, om det er lite eller stort, og kor ein ser det i frå. Nyhender vert med andre ord skapt ut i frå det utgangspunktet og posisjonen som publikum har.

Waldahl skriv om korleis media er eit bindeledd mellom individ og samfunn, og at media sine bidrag til å skape sosiale røyndomsbilete hos det einskilde menneske, må vurderast i lys av dei sosiale prosessar som knyt individ og samfunn saman. Med dette meiner han at det eksisterer eit samspel mellom objektive, symbolske og subjektive røyndomar. Først oppfattar mennesket røynda gjennom si eiga deltaking i den. Vidare møter mennesket verda gjennom symbolske representasjonar som er formidla gjennom ulike kanalar. Ulike symbolske verdiar avviker ofte både frå kvarandre og frå røynda slik den einskilde sjølv opplever den. Waldahl omtalar her vikarierende erfaring hjå den einskilde, ein føresetnad for evna til å vurdere ulike røyndomsoppfatningar mot kvarandre, og til å skilje relevante og innsiktsfulle framstillingar frå irrelevante og overflatiske (Waldahl, 1999: 232). Til slutt skapar ei samansmelting av dei objektive og symbolske verkelegheiter, folk sine egne verdsbilete, i form av subjektive røyndomsbilete. Waldahl peikar på at vi står ovanfor ein dialektisk prosess, der røyndomsbilete på individ- og samfunnsnivå påverkar kvarandre over tid. Mennesket er på same tid både skapar av sin eigen sosiale verkelegheit og produkt av den (Waldahl, 1999: 232).

Waldahl (1999) sine perspektiv er med andre ord samanfattande med Berger og Luckmann (2000). Boka sluttar seg til den sosialkonstruksjonistiske tradisjonen, og mange problemstillingar med bakgrunn i denne tradisjonen var sentrale i kritikken av objektivismen i journalistikken på 1970-talet (Allern, 2001: 48). I praksis var objektivismen ein journalistikk der objektivitet ofte vart forveksla med bruk av offisielle, autoritative kjelder. Hovudpoenget er i følgje Allern at journalistikk byggjer på utval, vinkling, tolking og kategorisering. Ein kan presentere ulike synspunkt om røynda og verda rundt oss, men desse presentasjonane kan berre bli vurdert opp mot kvarandre og ikkje i forhold til ein opprinneleg standard eller sanning. Objektivitet er umogleg fordi vi alltid må skildre verda frå eit bestemt perspektiv (Allern, 2001: 49). Han understrekar at dette ikkje er anklagingar om at journalisten sitt arbeid er juks eller påfunn, det siktar til at nyhender ikkje er ”det som skjer”, men det som vert vurdert som ei journalistisk hending, fortolka, og rapportert (Allern, 2001: 48). Nyhendeproduksjon er altså ikkje ei passiv spegling av røynda, men rapportar og

røyndomsbilete som er sosialt konstruert (Allern, 2001: 142). I forhold til det vi kan lese om barnevernet i media, vil det som regel vere faktaopplysningar i dei ulike saksforholda som skal kome fram i dagens lys. Det fins med andre ord ein objektiv eksisterande røyndom som redaksjonar kan hente inn faktisk kunnskap om. Like fullt vil det ikkje hindre ein rasjonell diskusjon om verdiar og kjensgjerningar (Allern, 2001: 51).

## 2.4 Mediemakt og påverknad

Media har evne til å gje merksemd til eit tema, men også avleie og spreie den. Media kan uttrykkje haldningar, men kan også forme dei. Media kan formidla saker som står på dagsorden, men kan også setje dagsorden (Eide og Hernes, 1987: 34). Forholdet mellom makt og media har sentral relevans for dagens samfunnsutvikling, og for samfunnsdebatten i vår tid. Thomas Mathiesen (2002) hevdar at maktdimensjonen er ein vesentleg del av medieanalysar av den grunn at makt gjennomsyrrar media på ulike plan. Han omtalar tre overlappende dimensjonar av makt i forhold til media. *Makt bak media* inneber eit konsentrert eigarskape, der eit fåtal menneske og institusjonar har høve til å styre slutningane. I tillegg er det ei *makt rundt media*, som viser til aktørane som faktisk får tilgang til ulike medium. Ofte er dette personar og representantar for institusjonar og organisasjonar som sjølve er mektige. Til slutt peikar Mathiesen (2002: 17-18) på at det er ei *makt i media*, som tilseier at dei som arbeider i mediebedriftene og bestemmer innhaldet har evne til å komprimere og redigere informasjon om menneske, samfunn, nasjonale forhold og internasjonale nyhende. På denne måten har dei makt over det biletet publikum får av verda rundt.

Mathiesen (2002: 176) tar vidare opp spørsmålet om media sine verknader på haldningar og oppfatningar blant publikum, og hevdar at det er eit av dei mest debatterte i mediesosiologien si historie. Han deler medieforskinga inn i tre fasar i spørsmålet om media si makt, særleg i tydinga av haldningspåverknad. Ei eldre medieforsking (frå tida før andre verdskrig) ga inntrykk av at media nærmast var allmektig. Etter andre verdskrig kom det ein kritisk reaksjon på dette, og det blei framheva at media si makt var sterkt avgrensa. Pendelen har i dei seinare åra svinga over på ei fornya oppfatning av at media har ei haldningsmessig påverknadsmakt (Mathiesen, 2002: 176).

Ragnar Waldahl (1999) skriv om mediepåverknad på ulike samfunnsnivå. På *individnivå* vert kunnskap, haldingar og handlingar påverka av media si framstilling av nære og fjerne

hendingar. På *gruppenivå* endrar mellommenneskelege kontaktformer seg i takt med medieutviklinga, og både organisasjonar og institusjonar tilpassar sitt arbeid til media si verksemd. På *samfunnsnivå* grip media inn i både sosiale, kulturelle og politiske utviklingsprosessar (Waldahl 1999: 12). Det er liten tvil om at media grip inn i samfunnet på fleire nivå, og er med på å prege kvardagen for dei fleste i vårt samfunn. Waldahl nemner at det moderne samfunnet er prega av uvisse og usemje, og at påverknadsaspektet ved media i det moderne samfunnet ikkje er einseitig. Det er vanskeleg å trekkje eintydige slutningar om media si samla betyding, og om deira verknader både på avgrensa samfunnssektorar og i konkrete situasjonar. Det er fleire årsaker til at det er vanskeleg å finne enkle svar på spørsmålet om media si påverknadskraft. For det fyrste fungerer media integrert i andre samfunnsinstitusjonar innafor større sosiale, kulturelle og politiske rammer. Det er difor vanskeleg å avgjere når bestemte individuelle eller kollektive reaksjonar kan knytast direkte til media sitt virke (Waldahl, 1999: 13). For det andre finn mediepåverknad stad gjennom komplekse prosessar, der ei rekkje eigenskapar knytt til ulike aspekt ved mediebruken spelar inn. Bestemte medium og mediebodskapar påverkar ikkje alle mottakarar på same måte, og ikkje all påverknad skjer direkte eller umiddelbart. Ulike element i kommunikasjonsprosessen vil vere i samspel med kvarandre på kort og lang sikt. For det tredje peikar Waldahl på at det er store skilnader mellom medium. Forskjellane vert dels knytt til hensikta for verksemda. Nokre har som mål å tene pengar, andre har det informative mål å halde publikum orientert om aktuelle samfunnsspørsmål, mens atter andre har eit propagandistisk mål om å vinne tilslutning til bestemte verdiar og haldningar (Waldahl, 1999: 13).

Sjølv om det er ei vanskeleg og kompleks oppgåve å tolke påverknadsprosessar frå media, er det eit tema som har stor interesse som forskingsfelt. Waldahl skriv vidare at studiet av mediepåverknad vert stadig meir differensiert, og at det stadig kjem nye teoriar og tilnæringsmåtar til feltet. Han legg vekt på fire forhold som bidreg til å forklare dei endringane som finn stad i kunnskapen om mediepåverknad dei siste åra: *Eit utvida faglege perspektiv* omhandlar at mediepåverknad vert studert frå stadig fleire ulike faglege synsvinklar. *Eit utvida påverknadsomgrep* vil seie at mediepåverknad femnar om stadig fleire ulike aspekt ved media sitt virke i samfunnet. Vidare *eit utvida metodearsenal*, ettersom mediepåverknader vert studert ved hjelp av stadig meir varierte metodiske tilnærmingar. Til slutt poengterer han at vi i dag har *ein endra mediesituasjon*. Mediepåverknad skjer gjennom stadig nye kommunikasjonsmåtar og ved hjelp av nye medieformer (Waldahl, 1999: 19). Mediepåverknad er eit uoversiktleg og innfløkt emne fordi media er integrert i allmenne

prosessar på ulike samfunnsnivå. Dette gjer at det er vanskeleg å gje allmenngyldige og konkrete svar på spørsmål om mediepåverknad (Waldahl, 1999: 16).

I denne oppgåva vert det ikkje diskutert i kor stor grad presseframstillingane om barnevern er med på å påverke publikum sine haldningar. Det er likevel viktig å nemne media si påverknadskraft som ein del av eit teoretisk perspektiv, fordi det er med på å skape ei forståing for at framstillingar om barnevern er samfunnsmessig viktig.

## 2.5 Mediedramaturgi

Gudmund Hernes (1978) peika mellom anna på overgangen frå ei informasjonsfattig til ei informasjonsrik verd, som naturleg nok fører med seg at den absolutte mengda av informasjon i samfunnet har auka. Like fullt hevdar han at det informasjonsrike samfunnet inneber eit underskot på merksemd, grunna den valdsame informasjonsflyten gjennom media. På grunn av dette må kvart program eller bidrag i media legge vekt på å fange merksemda til publikum. Hernes samanfattar teknikkane for dette i ulike punkt. For det fyrste er det naudsynt med ei *tilspissing* av innhaldet. Bodskapen må kvessast til, og detaljar vert erstatta med spissformuleringar. For det andre er det behov for ei *forenkling*. Kompleksiteten i bodskapen vert redusert, mangfaldet og nyansar vert avgrensa, og det innvikla må framstillast på ein enkel og konsis måte. Vidare vert det ofte skapt ei *polarisering* i mediebidraga for å halde på merksemda. For å oppnå dette, må ulike kontrastar i synspunkta kome fram, ofte ved å la synspunkta presenterast av meiningsmotstandarar. For det fjerde vert det i mange tilfelle gjort ei *intensivering* av saksforholdet. Eit heftig utbrot med meir intensivitet vil trekkje meir merksemd enn eit meir sindig og daglegdags innlegg. Til sist peikar Hernes på at det er behov for ei *konkretisering* av innhaldet i media. Det er enklare å rapportere om eit enkelt problem, enn ein problemtype som krev abstrakte kategoriar. Hernes hevdar at desse teknikkane for å oppnå merksemd, er eit resultat av massemedia sin eigenart og målsetjingar (Hernes, 1978, 188).

For å påverke den politiske dagsorden tar pressa ofte i bruk visse strategiar for å nå målsetjinga si. Utgangspunktet for ein modell om mediedramaturgi er at media ikkje berre skildrar isolerte hendingar eller konkrete enkelttilfelle (Eide og Hernes, 1987: 54). Hendingar som er av interesse kan setjast saman og bere preg av å vere ein serie. Ein slik serie kan gå føre seg over fleire dagar, veker og i somme tilfelle over fleire år. Seriar som dette kan også

eksistere mellom ulike aviser, eller ulike medium. Eit kjenneteikn ved desse seriane er at dei har sentrale motiv og tema (Eide og Hernes, 1987: 54). Eit aktuelt døme på ein slik serie finn vi i mediadebatten om barnevern. Våren 2004 hadde Dagbladet ein eigen artikkelserie ved namnet ”Et åpnere barnevern” som skulle bidra til auka fokus på openheit i barnevernet.

## **2.6 Endringar i media mot ei auka tabloidisering**

Medieutviklinga i Norge dei siste åra har vore merkbare og store. I denne samanhengen vil det ikkje vere hensiktsmessig med ei omfattande utredning av dei historiske endringar i media. Det vil heller vere relevant å kort nemne faktorar i forhold til utviklinga av tabloidkulturen, med fokus på det som er sentralt for ei analyse om framstillingar av barnevern i VG og Dagbladet.

Som ein del av ei generell medieutvikling har avisene gått i retning mot å bli sjølvstendige samfunnsinstitusjonar. Frå å ha tette koplingar til politiske parti og folkeopplysningsprosjekt, har avisene gradvis blitt meir kommersialiserte og marknadsorienterte. Dei viktigaste oppgåvene er ikkje lenger å formidle andre samfunnsinstitusjonar sine verksemder, men å sjølv vere ein sjølvstendig institusjon der dei opererer med sin eigen styringslogikk, og tene ein marknad der kontakten mellom medium og publikum er eit mål i seg sjølv (Skjeie, 2002: 192). Endringa har oppstått med bakgrunn i ei kommersialisering som innebere både marknadskonsentrasjon og auka konkurranse mellom aktørane i media. Mathiesen (2002) er inne på det same, og poengterer effekten av inntening frå lesar- og sjåartal. Han hevdar at kapital- og marknadskrefter truleg vil vere den einerådande ramma for media sitt verke og produksjon utover 2000-talet (Mathiesen 2002: 87). Nyhendemedia er ikkje berre ein arena der ulike aktørar kjempar om merksemd, men dei er sjølv aktørar. Vår tids nyhendemedia er ein sjølvstendig maktfaktor i samfunnet, og dei store mediekonserna er ein integrert del av den økonomiske makta på lik linje med andre store selskap (Allern, 2001: 22).

Mange aviser har også gått over til tabloidformat dei siste åra, noko som er gjeldande for både VG og Dagbladet. Mange av omgrepa i debatten om tabloidavisene er henta frå England, der fullformatavisene vert omtalt som ”The Qualities” og tabloidavisene ”The Populars”. Medan den fyrste typen er seriøse aviser i fullformat som vender seg til eit utdanna middelklassepublikum, legg tabloidavisene vekt på sensasjonar og underhaldning for dei breie lag (Allern, 2001: 27). Dette britiske avisskiljet er noko grovkorna, ettersom det i praksis vil

vere ein miks av ulikt nyhendestoff i dei fleste nyhendemedium. Vidare er dette eit bilete som ikkje direkte kan overførast til norske forhold. Dei fleste norske aviser er retta mot, og vert lest av eit sosialt og kulturelt samansatt publikum. Ein vanleg avistype i Norge og i andre nordiske land er store region- og lokalaviser som foreinar element frå fleire avistypar, og fangar inn mange lesarar med eit seriøst og folkeleg innhald (Allern, 2001: 28).

Tabloidformatet er i dag det mest brukte avisformatet, og vert brukt av aviser med ulike journalistiske tradisjonar. Omgrepa *tabloid* og *tabloidisering* var i utgangspunktet knytt til avisene som gjekk over til nye format, men har gradvis blitt eit internasjonalt uttrykk for bestemte trekk ved kommersiell populærjournalistikk både i trykt presse og i kringkastingsmedium (Allern, 2001: 39).

Kritikarar av tabloidiseringa ser på tabloidjournalistikken som eintydig med journalistisk og kulturelt forfall, og kritiserer utviklinga for å gå i retning av å undergrave viktige og samfunnsaktuelle tema. I boka *Fra varesamfunn til informasjonssamfunn* samanfattar Per Bakke (1999) ni punkt som kjenneteiknar utviklingstrekk i tabloidkulturen:

- Nyhendestoff vert blanda med underhaldning, og underhaldninga vert stadig viktigare.
- Det er relativt lav saksorientering i dei tabloide nyhenda, og eit ekstremt fokus på individet.
- Vektlegging av pseudohendingar, banaliteter og bisarre raritetar
- Lite vekt på debattstoff, særleg om vanskelege emne.
- Vektlegging av det dramatiske, som vald, skandalar, seksualitet og kjendisfokus.
- Narsissisme
- Sosiale tragediar vert gjort om til underhaldning
- Nyhende vert teke ut av sin samanheng
- Form framfor innhald, bilete framfor ord (Bakke, 1999: 248-252).

Thomas Mathiesen kritiserer også den tabloide medieforma, og presenterer ei tese om at media fungerer paradigmeskapande gjennom sine ideologiar. Totalt sett gjer media uttrykk for og formidlar eit relativt samla paradigme: eit relativt samla, samanhengande og grunnleggande tankemønster. Dette paradigmet, eller mønsteret, består av ulike komponentar som til saman utgjer ein struktur, og gjennom denne samla strukturen vil mønsteret få ein

framtreddande posisjon i mottakaren sitt medvit (Mathiesen, 2002: 206). Følgjande seks kjenneteikn er sentralt for det individualdramatiske paradigmet:

- Det individuelle mennesket
- Det individuelle mennesket si skjebne
- Den enkelståande hending
- Det dramatiske ved den enkeltståande hending
- Avviket
- Det avvikande ved avvikaren

Mathiesen hevdar at dei ulike komponentane samla dannar utgangspunkt for å skrive om det samfunnstruande. Nærare bestemt seier han at generelle slutningar om det samfunnstruande vert trekt på grunnlag av det individuelle, lagnadsprega, enkeltståande, dramatiske og særskilt avvikande (Mathiesen, 2002: 211).

Allern, på den andre sida, drøfter veikskapar ved det individualdramatiske regimet, og kjenneteikna ved tabloidiseringa generelt. Han hevdar at dei tabloide trekka i stor grad er forma på grunnlag av inntrykk og anekdotiske eksemplar heller enn empiriske undersøkingar av nyhendene sitt innhald, og at det difor ikkje er tilstrekkeleg dokumentert at dette er eit allment pressebilete. Vidare poengterer han at det ikkje nødvendigvis er negativt med personifisering i pressa. Forenkling av stoffet er eit sentralt element i journalistikk, og popularisering vil ikkje vere identisk med fordumming, særleg om målet er å stimulere ei politisk interesse hos folk flest (Allern, 2001: 36). Som ein vidareføring av dei nemnde betraktningane om tabloidkulturen, har Allern sjølv ei eiga tolking av tabloidomgrepet. Allern skriv at:

Valget av definisjon knyter ”tabloid”-begrepet til redaksjonell, tematisk prioritering og journalistisk kvalitet, ikke til bestemte medie- eller avistyper. Den åpner derfor for å finne kvalitetsjournalistikk i løssalgsaviser, nettaviser og kommersielt fjernsyn, akkurat som det kan finnes tabloidjournalistikk i abonnementsaviser og lisensfinansiert kringkasting (Allern, 2001: 45).

Både VG og Dagbladet, som utvalet i denne undersøkinga er henta frå, er aviser i tabloidformat. I tråd med Allern sine betraktningar er det ikkje dermed sagt at innhaldet alltid vil vere tabloid i dei to avisene. Riktig nok er VG og Dagbladet aviser som tidvis bruker framsideoppslag, store overskrifter og bileter i forhold til enkeltindivid sine historier. Poenget er at det samstundes kan vere opent for kvalitetsjournalistikk og politiske debattar i desse

nyhendeavisene. Mange norske aviser har gått over til tabloidformatet, utan å verte karakterisert som typiske tabloidaviser (til dømes Aftenposten, Dagens Næringsliv, Klassekampen), og kan vere eit argument for at ein truleg kan finne kvalitetsjournalistikk i laussalsaviser med det tabloide formatet. VG og Dagbladet sitt stempel som tabloidaviser treng difor ikkje å vere avgjerande for kva innhald ein vil finne i artiklane om barnevern.

## **2.7 Avslutning**

Dei ulike empiriske og teoretiske tilfanga i dette kapitlet er ikkje konkurrerande bidrag, men kan sjåast som eit arsenal av innfallsvinklar til å analysere barnevernet i media. Fleire av forskingsbidraga om både sosialarbeidarar og barnevernsarbeidarar i pressa teiknar i stor grad eit bilete av negative og tidvise stereotype framstillingar i pressa. Vidare peikar mykje av det teoretiske tilfanget på at pressa i stor grad brukar teknikkar for forenkling og spesifisering av nyhendestoffet, og at det i stor grad er fokus på enkeltmennesket og det dramatiske rundt individet. Desse elementa fangar ofte merksemd hos lesaren, og i så måte har det stor nyhende verdi. Med utgangspunkt i desse betraktningane, kan det vere nærliggjande tru at eg i stor grad vil finne både negative, tidvis stereotype, og personfokuserte skildringar av barnevernet i materialet. Like fullt er ikkje biletet einsidig, og trass i at både VG og Dagbladet er typiske tabloidaviser, kan det vere rom for å finne både seriøse og politiske debattar i desse avisene.



## 3 Gjennomføring og metode

I denne oppgåva vert det nytta både kvantitative og kvalitative metodar, i form av innhaldsanalyse. Fordi kvantitative og kvalitative tilnærmingar gjer ulike typar data og informasjon, er det vanleg at begge typar kombinerast i forskingsprosjekt. Kombinasjonen av kvantitative og kvalitative metodar vert kalla triangulering (Thagaard, 2009). Metodane er nytta med bakgrunn i at dei utfyller kvarandre, og er godt eigna til å svare på problemstillingane for denne oppgåva. I tillegg til å bruke eige materiale som grunnlag for analysen søker eg å byggje vidare på tidlegare studiar. I skildringa av datamateriale og utval, vil eg også gje ei samanfatning av forholdet mellom eige materiale og materialet til Stang (2007).

### 3.1 Datamateriale

Utvalet består av 81 avisartiklar. Artikkane er henta frå VG og Dagbladet, fyrste halvår i 2004 (januar til og med juni) og tilsvarande periode i 2010. I dette utvalet har eg i alt 32 artiklar frå VG og 49 artiklar frå Dagbladet. I perioden frå 2004 er det til saman 44 artiklar, medan det i 2010 er 37 artiklar frå dei to avisene. Tekstutvalet inkluderer både større og mindre artiklar, leiarkommentarar, debattinnlegg og kronikkar. Eg har valt å legge like stor vekt på kvart bidrag, uavhengig av storleiken på artikkelen. Det vil seie at alle bidrag som i hovudsak omhandla barnevern i denne perioden er inkludert i materialet.

#### 3.1.1 Val av aviser og tidsperiodar

Det er fleire grunnar til at utvalet er henta frå VG og Dagbladet. Desse avisene er for det fyrste mellom dei største riksdekkjande avisene i landet, og vil difor ha stort nedslagsfelt og betydeleg påverknadskraft i mediebildet. Det er difor interessant å sjå på korleis desse store avisene omtalar barnevern, ettersom ein kan anta at avisene si dekning av temaet spelar ei rolle for haldningar og oppfatningar om barnevern hjå publikum. For det andre, vil eg med å velje store riksdekkjande aviser oppnå eit materiale som femnar mykje av det som vert skrive om barnevern. Eg antek at innhaldet i VG og Dagbladet er representativt i forhold til andre typar laussalsaviser, og at eg difor vil fange opp ein debatt som ikkje skil seg merkbart frå

andre aviser. Ein tredje faktor som gjer det interessant å bruke VG og Dagbladet, er at det er aviser som har vore analysert i tidlegare studiar om same tema. Dette gjer det enklare å bygge vidare på tidlegare arbeid, med ein intensjon om å kunne trekkje parallellar mellom analysane, og kunne peike på tendensar til utvikling i forhold til mediedebatten om barnevern.

Vidare bestemte eg to ulike tidskutt å hente materialet frå. Eg merka meg oppstarten av det statlege barnevernet i 2004, som medførte endring i organiseringa av barnevernet, og ein auka mediedebatt om barnevern dette året. Utover dette er vala av tidsintervall styrt av ei føresetjing om kor lang tid ein må vente det tek før endring skjer. Det siste tidskuttet i materialet er difor henta frå våren 2010.

### 3.1.2 Datainnsamling

Innsamling av data er gjort ved å søkje etter avisartiklar i A-tekst. Søkeverktøyet A-tekst vert levert av Retriever, som er det største nordiske verktøyet for redaksjonell research og medieanalyse.<sup>5</sup> Søkeverktøyet famnar om alle artiklar som er skrivne innafor periodane, og eg ser difor på det som eit nøyaktig og dekkande verktøy for mitt føremål.

For å i størst mogleg grad fange opp det som vert skrivne om barnevern, brukte eg fleire relevante søkeord: ”barnevern”, ”barnevernsbarn”, ”fosterhjem”, ”barnehjem” og ”barnehjemsbarn”. Det som rimelegvis ga meg mest treff var det mest ope, nemleg ”barnevern”. Dei andre søkjeorda kunne føye til nokre få treff som ikkje ordet ”barnevern” fanga opp, og funna var ofte overlappende. Med søkeorda har eg eit godt utgangspunkt for å fange opp biletet av barnevernet i media i dei valde periodane.

Eg prøvde å søke etter tekstar med søkeordet i overskrift og ingress, i tillegg til å søke etter tekstar der søkeordet var nemnd i heile teksten. Eg opplevde at søkeresultatet nærmast vart halvert etter å ha avgrensa søket til å berre gjelde overskrift og ingress, og vurderte det som eit snevert utgangspunkt for analyse. For å ikkje gå glipp av relevante artiklar inkluderte eg difor alle tekstar som gav treff på søkeordet i heile teksten. Materialet mitt bestod i utgangspunktet av 139 tekstar, men fleire av desse vart utelukka fordi eg vurderte innhaldet til å vere irrelevant. Artiklar som vart oppfatta som ikkje relevante omhandla mellom anna barneoppdraging og grensesetjing, der nokre i ekspertpanelet hadde barnevernsbakgrunn, og ordet gav difor utslag på søket. Andre døme var film- og bokomtalar, streikesaker (som ikkje

---

<sup>5</sup> <http://www.retriever.no/om-retriever.html> (3.sept 2010).

omhandla barnevern primært), og andre tilfelle der barnevern berre vart nemnd i ei bisetning. Etter mitt skjønn var det altså fleire tekstar blant funna som ikkje var relevante i forhold til framstillingar av barnevern. Materialet vart etter gjennomgangen avgrensa til å femne om 81 bidrag.

### 3.1.3 Variablar og verdier

Variablane med tilhøyrande verdier er valde med utgangspunkt i problemstillinga, og skal fange opp det som er relevant for å kunne svare på spørsmåla mine. Trass i at analysen ikkje vil vere reindyrka komparativ, er eg inspirert av tidlegare studiar i utforminga av variablane. I stor grad har eg henta inspirasjon frå Stang (2007) og Bay og Saglie (2003) i formgjevinga av kategoriane. Grunnen til dette er at det i større grad vil gje meg høve til å samanlikne og byggje vidare på tidlegare funn om barnevern og sosialt arbeid i pressa. I arbeidet med å analysere nyhendeartiklar nyttar eg følgjande 9 variablar:

1. Avis: VG og Dagbladet
2. År: 2004 og 2010
3. Haldningsladning: Positiv, Negativ, Nøytral
4. Forfattar av artikkelen: Nyhendejournalist, representant frå barnevernet, leiarkommentar, politiskar, forskar/intellektuell, fagforeiningsrepresentant, interesseorganisasjonsrepresentant, advokat, barnevernsklient, lesarinnleggsskribent, andre.
5. Hovudrøyst: Representant for barnevernet, politiskar, forskar/intellektuell, barnevernsklient, leiar, fagforeiningsrepresentant, interesseorganisasjonsrepresentant, advokat, lesarinnleggsskribent, andre.
6. Hovudområde: Hjelpetiltak, omsorgsovertaking, førebyggjande, institusjonar, fosterheim, arbeid med kriminelle ungdomar, arbeid med flyktning/innvandrar- eller asylsøkjjarbarn, erstatningssaker/tidlegare overgrep, barnevernet latt vere å gripe inn, barnevernet gripe inn for tidleg, generelt.
7. Ytring frå barnevernet i artikkelen: Ja og nei.
8. Omtale av enkeltsak: Ja og nei.
9. Vinkling: Barnevernet sine arbeidsvilkår, yrkesutøving og slutningar i barnevernet, barnet sin situasjon, foreldra sin situasjon, vekst og utvikling i barnevernet, privat/offentleg barnevern, andre.

### **3.1.4 Vidareføring av tidlegare forskning: klargjering av materiale og atterhald ved samanlikning**

Hovudfagsoppgåva til Edda Stang, utgjeven som NOVA-rapport i 2007, handsamar same tema som denne oppgåva. I samråd med rettleiar vurderte eg det som fruktbart å byggje vidare på Stang sine funn, ved å gjere ei samanlikning. Målet med ei komparativ analyse var å spørje dei same spørsmåla på eit seinare tidspunkt, og difor i større grad kunne fastslå endringar over tid.

Stang (2007) henta sitt materiale frå VG og Dagbladet, frå to tidsintervall på fire månader (november til og med februar) i 1994/95 og 2004/05. Materialet består av til saman 118 artiklar. 62 av artiklane er henta frå månadane i 1994/95, medan 56 artiklar er frå perioden i 2004/05. Vidare har ho til saman 56 artiklar frå Dagbladet, og 62 frå VG. I hennar materiale har ho lagt like stor vekt på store og små artiklar, og kvar artikkel telte likt uavhengig av størrelse (Stang, 2007: 33). Artiklane fann ho gjennom søk i A-tekst og i arkivavdelingar i VG og Dagbladet for dei eldre artiklane som ikkje var tilgjengeleg på Internett. Stang (2007) nytta søkjeorda (barnevern, barnevernsbarn, barnehjem, fosterhjem osv) var å finne i overskrift, ingress eller i fyrste avsnitt. Dette betyr at artiklar der barneverns-ord berre dukkar opp seinare i artikkelen ikkje er med (Stang, 2007: 35).

Mitt materiale skil seg noko frå Stang sitt. Hennar materiale femnar om artiklar som har søkjeordet berre i overskrift og ingress, og vidare opererer ho med ein variabel som tek opp spørsmålet om barnevernet er hovudtema eller ikkje (Stang, 2007: 37). Målet med denne variabelen var nok å skilje ut tekstar som ikkje i hovudsak omhandla barnevern. Etter mitt syn var det mest interessant å berre inkludere dei tekstane der barnevern var det primære tema for artikkelen. Eg opplevde å gå glipp av relevante artiklar, samstundes som det var vanskeleg å kode tekstane som ikkje hovudsakleg omhandla barnevern med denne avgrensinga. Eg har difor vald vekk variabelen om barnevern som hovudtema eller ikkje, frå mi analyse, og heller ekskludert artiklar som ikkje hovudsakleg omhandlar barnevern i analysen. Datainnsamlinga for dei to studiane er dermed gjort på noko ulikt grunnlag, og det vil difor vere vanskeleg å gjennomføre ei fullkomen komparativ analyse. Avviket mellom materiala oppdaga eg først midtvegs i prosessen, og at datagrunnlaget ikkje er fullstendig homogent er eit resultat av eigne feilvurderingar. Dette metodiske arbeidet har vore ein viktig del av læringsprosessen i arbeidet med denne oppgåva, og ein erfaring som eg trekkjer stor lærdom av. Målet med

denne utdjuvinga om skilnaden mellom materiala, er å avmystifisere for lesaren kvifor analysen ikkje er fullstendig komparativ.

Trass i små skilnadar i utvalskjennteikn, vurderer eg det like fullt som forsvarleg å trekkje samanliknande linjer til Stang (2007) sine resultat. Eg vil bruke studien, saman med andre forskingsbidrag, som eit bilete eg kan sjå til når eg skal vurdere mine egne funn. På denne måten kan eg gje indikasjonar på endringar over lenge tid enn mitt materiale aleine kan seie noko om. I tillegg kan eg drøfte tendensar til utvikling, sjølv om det vil vere vanskeleg å gjere direkte samanlikningar. Likskapane er så store at eg vurderer det som både fagleg forsvarleg og relevant å bygge vidare på Stang (2007) si analyse.

## 3.2 Innhaldsanalyse

For å analysere avisene sine haldningar og framstillingar av barnevern har eg nytta innhaldsanalyse som verkty. Analyse av dokument har ein lang tradisjon i sosiologisk forskning, og er eit felles namn på forskingsmetodar som tar sikte på å kartlegge innhaldet i tekstar. Dokument- og innhaldsanalyse skil seg frå data som forskaren sjølv har samla inn, ettersom dokumenta er skriva for eit anna formål enn det forskaren skal bruke det til (Thagaard, 2009: 62). Det fins fleire fordelar ved å bruke tekst som datamateriale. Tekst er med på å påverke korleis vi ser på verda rundt oss, og menneska i den, samt korleis vi handlar. I tillegg er tekstar ofte lett tilgjengelege, og analyse av tekst er vanlegvis ikkje utsett for spesielle etiske avgrensingar (Silverman, 2001).

Allern (2001) skil mellom to hovudtypar av innhaldsanalyse: kvantitativ og kvalitativ. Ved kvantitativ analyse får ein oversikt over eit stort materiale, medan kvalitative undersøkingar byggjer på ei friare tolking av materialet. I kvalitativ analyse må ein vurdere trekk, tendensar og budskap som kan ligge ”mellom linjene”, og det gjer høve til å gå djupare i ei tolking av materialet (Allern, 2001: 76). Østbye m.fl. (2007) definerer i si metodebok for mediefag kvantitativ innhaldsanalyse som ”dataregistring og analyseteknikk som søker mot ei systematisk, objektiv og kvantitativ skildring av innhaldet i eit budskap” (Østbye m.fl. 2007: 210). I tråd med denne definisjonen har eg brukt kvantitativ innhaldsanalyse for å få ei systematisk oversikt over artiklane. Vidare vil ei statistisk oversikt det lettare å gjere samanlikningar mellom avisene. Eg har brukt statistikkprogrammet SPSS for å danne meg ei statistisk skildring, og i forkant definert variablar som verkty for å kvantifisere materialet.

Avisartiklane om barnevern er einingane i analysen, medan variablane med dei tilhøyrande verdiane vil vere med på å gje svar på problemstillinga i oppgåva. I koding av materialet bør ein vere nøyaktig og personuavhengig. Målet er at det skal vere lett å etterprøve resultatata. Det vil seie at andre skal få det same resultatet om dei brukar same kjenneteikn. Like fullt vil kvantitativ innhaldsanalyse i praksis innehalde element av skjønn, ettersom all forståing av eit budskap er avhengig av fortolking (Bay og Saglie, 2003: 25).

Sjølv om innhaldsanalyse byggjer på kvantitative metodar peikar Allern (2001) på at analysen ikkje nødvendigvis må vere reindyrka kvantitativ. Særleg vil dette gjelde for innhaldsanalyse av medietekstar, der det i stor grad er interessant å få fram underliggande meiningar. I fleire kvantitative analyser av medietekstar vil kodinga vere avhengig ei kvalitativ vurdering frå forskaren si side. Til dømes for å avgjere kva som er hovudtemaet i ein artikkel. I slike tilfelle kan ein seie at kvalitative observasjonar vert forvandla til kvantitative data (Allern, 2001: 77). Dette er også gjeldande for mi analyse. Mine egne oppfatningar har vore sentrale i arbeidet. Det vil med andre ord ligge kvalitative tolkingar bak dei talmessige og kvantitative framstillingane i oppgåva. Det var opp til meg å bedømme kven som til dømes var hovudrøyst i den gjeldande artikkelen, ut i frå mine inntrykk om kven som hadde den dominerande røysta. På denne måten ligg det ei kvalitativ vurdering bak alle mine kvantitative framstillingar. Etter å ha vurdert og tolka alle tekstane i forhold til dei ulike variablane har eg deretter kvantifisert resultatata i statistikkprogrammet SPSS.

Ei innvendig mot kvantitative innhaldsanalyser og studiar er at viktige aspekt kan forsvinne i undersøkinga fordi ein tekst eller eit budskap inneheld meir enn det som systematisk kan teljast og registrerast. I tråd med studiane til Bay og Saglie (2003) og Stang (2007) vil eg difor nytte meg av kvalitative delanalyser i tillegg til dei kvantitative framstillingane. Dette vil innebere ei nærare lesing av tekstane, og ei utdjuping av den kvantitative analysen gjennom illustrerande døme. Dette kastar lys over spørsmål som dei kvantitative variablane ikkje dekker. Det kan til dømes vere i kva grad artiklane har ei positiv eller negativ haldning, og i kva grad artiklane speilar konkrete hendingar eller uttrykkjer sjølvstendige journalistiske initiativ i forhold til barnevernet (Bay og Saglie, 2003: 25) Ei slik metodetriangulering kan vere med å styrkje validiteten til forskinga.

### 3.3 Forskingskvalitet

Reliabilitet er eit viktig element i forhold til kvaliteten på forskning, og handlar om truverde for forskingsresultata. Det refererer til pålitelegheita ved forskinga, og vert ofte sett i samanheng med spørsmålet om kor vidt resultatet kan reproduserast av andre forskarar (Kvale og Brinkmann, 2009: 250). I forhold til tekstanalyse som ikkje er gjennomarbeida av forskaren, vil datamaterialet i prinsippet ha større reliabilitet enn andre typar data (Silverman, 2001: 229). Pålitelegheita ved forskinga er difor avhengig av kvaliteten i innsamlinga av data, omarbeidinga og analysen. Med omsyn til at mi analyse er basert på eigne innsamlingar og sjølvstendig tilarbeiding, vil det vere relevant å diskutere pålitelegheita for analysen. Med tanke på å kode eige materiale er det mange feilkjelder å ta omsyn til. Allern, (2001: 78) peikar på:

”I praksis vil det finnes en rekke mulige grensetilfeller som kan gjøre kodingen komplisert og åpne for at ulike kodere vil treffe ulike valg, eller for den del at samme koder kan bli inkonsistent i sine valg. I slike tilfeller blir resultatet lav reliabilitet” (Allern, 2001: 78).

Den delen av kodinga som var meir prega av skjønn og eigne vurderingar enn objektive kjenneteikn, er sårbar i forhold til reliabiliteten. Like fullt har eg prøvd å gjere kodinga mest mogeleg objektiv og etterprøvbar. Eg har vedlagt kommentarar til tolkinga for å skape minst mogleg uvisse. Trass i bruk av skjønn i tolkinga, og enkelte tilfelle av tvil, vil eg påstå at ut i frå same kjenneteikn vil ikkje mine tolkingar skilje seg veldig frå kva ein annan forskar ville finne. Vidare meiner eg at eg har greidd å fange opp det som er relevant i materialet i forhold til mi problemstilling. Utvalet er gjort med bakgrunn i det faktum at VG og Dagbladet er to av dei største riksdekkjande avisene i landet, og difor presenterer eit materiale som når ut til mange. Ein diskusjon av debatten om barnevern i desse avisene vil difor gje eit påliteleg bilete av eit ordsifte som når ut til eit stort publikum.

Validitet vert knytt til spørsmål om forskinga si truverde (Thagaard, 2009: 22), og i kva grad metoden er eigna til å undersøke det den skal undersøke (Kvale og Brinkmann, 2009: 250). Innhaldsanalyse av nyhendeartiklar vurderer eg som ein god framgangsmåte for å avdekke omtalar av barnevern i tabloidpressa, og metoden er valt ut i frå ei antaking om at den i stor grad kan gje meg svar på det eg spør om. Kombinasjonen av kvantitativ og kvalitativ analyse vil både gje meg høve til å danne eit systematisk og bilete framstilt i tal, samstundes som den

kvalitative delen kan kaste lys over spørsmål som den statistiske framstillinga ikkje seier noko om – til dømes i kva grad artiklane uttrykkjer kritikk mot barnevern.

### **3.4 Etiske vurderingar**

Å gjennomføre eit forskingsarbeid krev stor grad av refleksjon rundt eige arbeid og sluttresultat, og kring eventuell påverknad for enkeltindivid eller grupper. Det er eit viktig etisk prinsipp at forskingsprosjektet ikkje på nokon måte skal bidra til å skade informantar eller einskildpersonar (Thagaard, 2009). Analyse av avisartiklar vil riktig nok krevje mindre med omsyn til tilgang for forskingsfelt og vern av enkeltindivid. I artiklane som vert analysert, er det personar som med viten og vilje har skrive eller ytra seg som ein del av ein offentleg debatt. Det er dermed ikkje sagt at eit artikkelmateriale kan analyserast utan å ta etiske vurderingar. Personane som skriv eller vert intervjuar om barnevernssakene har ytra seg om ein bestemt situasjon i ein bestemt setting. I arbeidet med å tolke desse ytringane, kan forskaren sine rammer for forståing vere med på å endre den eigentlege budskapet. I tolkinga av artiklane har eg difor vore medviten på å tolke det konkrete innhaldet i artiklane, utan å vri på ytringar som kjem fram.

Barnevernsfeltet er eit felt med stor grad av fortruleg informasjon, og personvernet er særskild viktig i barnevernssaker. I artiklane som omhandlar særskilte barnevernssaker, er både klientar og barnevernsarbeidarar anonymiserte frå journalisten si side. Vidare er det fleire personar som står fram med fullt namn i artiklane, og nokre av dei vert sitert i denne oppgåva utan å ha gjeve samtykke til det. Dette kan by på etiske utfordringar, ettersom ingen av desse har godkjent å vere ein del av eit forskingsprosjekt. Vidare vil det forfølgje mitt arbeid dersom journalisten har handla uetisk i forhold til sine intervjuobjekt, men dette er rett nok vanskelig å gardere seg mot. Ettersom det er aktørar som har ytra seg i den offentlege pressa vurderer eg det som etisk forsvarleg å bruke sitat og lesarinnlegg frå enkeltpersonar som illustrasjonar i den kvalitative delen av analysen.

### **3.5 Utfordringar ved utvalet**

I dei følgjande kapitla vil eg gjennomføre ei analyse med bakgrunn i nemnde metodar i dette kapitlet. Med omsyn til resultatane som vert presentert i analysen er det viktig å vere klar over veikskapane ved materiale og metode. Mitt materiale vil vere noko avgrensa i forhold til å



gjere kvantitative analyser, ettersom det ikkje omfattar eit veldig stort tal artiklar. Eg har mellom anna ikkje utført signifikanstest av resultata, fordi utvalet ikkje er eit sannsynsutval, og tala er små. Likevel har eg sett det som teneleg å kvantifisere materialet for å få ei betre oversikt over dei ulike kategoriane, og for å kunne samanlikne med tidlegare analyser. Vidare har eg også støtta meg på andre studiar som viser at det er mogleg å kvantifisere og framstille mindre materiale i form av tal og prosentar. Grunnen til at eg vel å framstille mange av resultata for analysen prosentvis, er at det gjev høve til å trekkje linjer og sjå til tidlegare resultat.

I forhold til kvantifisering av eit avgrensa materiale er det også relevant å kommentere kodinga av materialet. For å danne eit bilete av kven som ytrar seg i barnevernssaker og kva tema desse artiklane har til emne, var det for somme av variablane naudsynt med mange verdiar. For nokre av variablane blei det difor eit fåtal artiklar under kvar verdi. I forhold til å framstille resultata kvantitativt kan det dermed bli tydelege forskjellar i prosentfordelingar. Desse skilnadane må sjåast med eit visst atterhald, ettersom det er usikkert om det kan skuldast vilkårlige samantreff som følgjer av eit lite materiale.

Eit vidare atterhald som lesaren må vere klar over, er at det avgrensa utvalet gjer det vanskeleg å generalisere. På grunn av omfanget av denne oppgåva består utvalet i to tabloidaviser, og regionale eller lokale aviser er ikkje representert. Vidare kan innhaldet i VG og Dagbladet variere grunna svingingar i nyhendebiletet. Det vil seie at det kan vere tilfeldige årsaker som avgjer korleis funna ser ut, og eg kan ha vore uheldig og trekt eit materiale som skil seg frå den elles pågåande pressedekninga av barnevern. Å bruke to forskjellige tidsintervall kan rett nok vere med på å redusere utfordringar i forhold til tilfeldige svingingar.

I tillegg må ein også vurdere endringsforholda frå tidlegare periodar med eit visst atterhald, ettersom utvalet for denne analysen ikkje er trekt på nøyaktig same grunnlag som tidlegare studiar. Eg kan altså ikkje trekkje bestemte konklusjonar, eller overføre mine funn til å gjelde heile mediedebatten om barnevern. Målet med oppgåva vil med andre ord ikkje vere å fastsette store sanningar, men heller å spore opp visse tendensar til korleis barnevernet vert framstilt i tabloidpressa.




## 4 Kva haldningar framkjem i debatten om barnevern?

Eit sentralt element for å diskutere framstillingar av barnevern, er å sjå på kva haldningar som pregar debatten. Eit generelt inntrykk er at barnevernet ofte vert utsett for kritikk og negative omtalar i media. Dette er påpeika i fleire tidlegare studiar, både internasjonale og nasjonale. Særleg gjeld det i samband med dramatiske enkeltsaker, der framstillingane tidvis er svært kritiske. Tragiske enkeltsaker vil ofte gjere sterke inntrykk, og sannsynlegvis er desse sakene lettare å hugse enn generelle nyhende om feltet. Dersom det vidare stemmer at pressa er mest interessert i å fortelje om det konfliktfylte og personorienterte, vil det ha konsekvensar for korleis barnevernet vert framstilt, og kva delar av arbeidet som vert presentert. Produksjonen og konstruksjonen av nyhende er med på å forme førestillingar om barnevern. Ei barnevernssak vil ofte vere godt stoff i media, men dei komplekse forholda rundt saka kan ofte forsvinne i eit nyhendeforamt som skal vere fengande og lett forståeleg. Barnevernsarbeidarar sjølv har ei oppfatning av at pressa ofte leitar etter ei negativ vinkling på ei historie, for å selje stoffet betre (Sentio, 2004b: 5).

Haldningar til barnevern i pressa vert analysert ut i frå ei fagleg antaking om at omtalane vil ha innverknad på korleis barnevernet vert oppfatta. På individnivå vil dette tilseie folk sine kunnskapar og haldningar, medan det på gruppenivå kan påverke korleis organisasjonar og institusjonar tilpassar sitt arbeid til barnevernet. Vidare kan presseframstillingane påverke på eit overordna samfunnsnivå, og verke inn på korleis sosiale og politiske utviklingsprosessar artar seg med omsyn til barnevernsfeltet.

Tema for dette kapitlet er å vise korleis barnevernsartiklane frå VG og Dagbladet fordeler seg i positive, negative og nøytrale framstillingar. Eg vil bruke materialet på ein måte som gjer at eg kan samanlikne og trekkje parallellar til tidlegare studiar om barnevern i pressa, og diskutere faktorar som kan vere forklarande for dei tabloide barnevernsframstillingane.

## 4.1 Er artiklane positivt, negativt eller nøytralt lada?



Figur 4.1: Haldningsladning for det samla materialet. Prosentvis framstilling.  $N=81$ .

Figur 4.1 viser haldningsladningane for alle artiklane i utvalet, samla for 2004 og for 2010. Ein betydeleg del av artiklane om barnevern i materialet er negativt lada, men det er nesten like mange av artiklane som er nøytrale. Biletet er med andre ord ikkje einseitig negativt, ettersom mange av artiklane om barnevern har ei nøytral haldning. Mange av artiklane fortel om barnevern utan å setje det i eit negativt eller positivt lys, samtidig som fleire av artiklane belyser situasjonen frå fleire sider, noko som gjer eit nøytralt uttrykk.

For å vurdere framstillingar av barnevernet i media, vil det i fyrste omgang vere vesentleg å sjå på korleis innhaldet i artiklane er lada. For variabelen haldningsladning har eg koda artiklane inn i positive, negative eller nøytrale artiklar, i forhold til kva oppfatning som kjem fram om barnevernet. Enkelte av tekstane i materialet var vanskelege å vurdere, og eg har brukt eige skjønn i tolkinga. Like fullt har eg ei oppfatning av at mi koding av haldningsladning i artiklane er i tråd med forskingsetiske retningslinjer, og viser eit realistisk bilete av materialet. Eg hevdar difor at materialet vil vere etterprøvbart, og at ein annan kodar il kome fram til tilnærma same resultat.

## 4.2 Positive haldningar til barnevern

Med positiv haldning meiner eg artklar som set barnevernet i eit positivt lys, noko 10 prosent av artikkelmaterialet gjer. Til dømes er det situasjonar der tiltak har hatt ein positiv effekt, betra folk sine situasjonar og løyst sosiale problem. Det kan også vere positiv omtale av barnevernet som ein viktig samfunnsinstitusjon. Ei solskinshistorie som illustrerer ei positiv barnevernsframstilling, er ein artikkel frå Dagbladet som set fokus på ein tidlegare klient som no har fått orden på livet sitt etter å ha vore tilknytt barnevernet:

”De brydde seg om meg, og derfor har jeg klart meg så bra. (...) Som 13-åring ble Tommy sendt på institusjon. Alt lå til rette for en kriminell karriere, men slik gikk det ikke. Tommy Strands livshistorie stemmer ikke med statistikken.

-Hvis jeg ikke hadde fått hjelp, hvis de ikke hadde brydd seg, hadde jeg nok sittet her som et dophue, sier han. (...) Tommy flyttet fra institusjonen da han begynte på videregående. Han fikk jevnlig besøk av de ansatte på Kvammen gård. – Dem jeg hadde best kontakt med, fulgte meg tett opp. De kom og spiste middag med meg hver dag. Det gjorde meg trygg, sier Tommy, som i dag bor i egen leilighet. Ingen følger han opp, og det trenger han heller ikke” (Dagbladet, 07.02.2004).

Artikkelen er gjennomgåande positiv, og fortel om Tommy si historie. Møtet med barnevernet hadde eit svært godt utfall for Tommy, som meiner han ikkje ville greidd seg like godt utan denne hjelpa. I dette tilfellet viser historia ein vellukka historie frå ein barnevernsinstitusjon, men dei positive artiklane omhandlar ulike tema innafør barnevernet sitt arbeid. Mellom anna er det diverse hjelpetiltak som har fungert, vellukka omsorgsovertaking gjennom fosterheim eller institusjon, og undersøkingar som understrekar at mange er nøgde med barnevernet sitt arbeid. Av positive omtalar om barnevernet sine velfungerande hjelpetiltak er blant anna følgjande artikkel frå Dagbladet i 2004.

”I dag er familien harmonisk og fornøyd. Det er barnevernets fortjeneste, mener Heidi Elisabeth Hansen (38)” (Dagbladet, 01.02.2004).



Figur 4.2, Dagbladet 1.februar 2004.

Artikkelen fortel ei takksam mor si historie, ettersom ho har fått ein betre kvardag grunna barnevernsarbeid. Ho hadde ei aktiv og vanskeleg dotter, og ville be barnevernet om å ta over omsorga for jenta ettersom ho sjølv ikkje orka meir. I staden for å ta jenta ut av familien vart det satt i gang hjelpetiltak i form av eit foreldrekurs.

”Forandringen hos Caroline skjedde etter at Heidi og mannen gikk på PMT (Parental Management Training)-kurs hos det lokale barnevernet. Kurset varte i 20 uker, og lærte Heidi og bli en bedre mamma. (...) Det var helsesøster og PP-tjenesten som ba oss om å kontakte barnevernet. Jeg ønsket det, men mannen min var skeptisk. Man tenker at barnevernet kommer og henter unger, ikke at de kan hjelpe. (...) Heidi er lykkelig for at hun torde å ta kontakt med barnevernet, og for den hjelpen familien hennes har fått. Man har ingenting å tjene på å slite med problemene alene. Jeg skammer meg ikke over å ha bedt om hjelp fra barnevernet” (Dagbladet, 01.02.2004).

Artikkelen omtalar tiltaket som svært vellukka, og mora som har hovudrøyst i saka er svært takksam for jobben som barnevernet har gjort. Ho ytrar seg i forhold til ektefellen sin skepsis på førehand. Av artikkelen kjem det fram at han i utgangspunktet hadde ei misoppfatning og ei formeining om at barnevernet tek barn ut av heimen i staden for å hjelpe. Møtet med organisasjonen endra synet deira, og dei er lukkelege over å ha fått hjelp. Mora til jenta poengterer til slutt at det er ingen skam i å ta kontakt med barnevernet, og at ein ikkje har noko å tene på å slite med problem aleine. Teksten har ei gjennomført positiv haldning til barnevernet sitt arbeid, og framstiller både kurset og erfaringane med deltakinga som positive.

### **4.3 Negative haldningar til barnevern**

Nesten halvparten av det samla artikkelmaterialet omhandlar negative framstillingar av barnevern. 46 prosent av artiklane er negative, eit tal som utgjer 38 artiklar. Ofte er det tydeleg å spore den kritiske haldninga i tekstande, og det er store variasjonar med omsyn til kva områder av barnevernet sitt arbeid som er i fokus. Det handlar til dømes om folk sine negative erfaringar, der barnevernet ikkje har gjort jobben sin, eller gjort ein dårleg jobb i andre sine auge. I nokre av desse tilfella er det personlege historier, der einskildpersonar har hatt eit negativt møte med barnevernet. Vidare kan det dreie seg om kritikk mot systemet, og debattinnlegg som påpeikar veikskapar ved organisasjonen. Ein Dagbladet-artikkel frå 2004 kritiserer organiseringa av barnevernsinstitusjonar:

”Det har vært lettere å åpne en privat barnevernsinstitusjon enn ei pølsebu. Nå kommer forskriftene – og regninga. Fellende dommer hagler over barnevernet fra flere hold. Granskingsutvalg konkluderer med tommelen ned på løpende bånd, og stat og kommune må betale hva det koster det offentlige å ha begått overgrep mot barn i institusjon gjennom 50-, 60-, og 70-åra. (...) Nye generasjoner barnevernsbarn er følgelig underveis til Taperforeningen med sine saker, bekrefter generalsekretær Ola Ødegaard, som mottar dem. De siste 10-15 års frislipp av private, ufaglærte barnevernstiltak kommer til å resultere i en rekke nye søksmål. Og fortsatt hender det at barnevernet verken har tilsynsfører, tilsynsplaner eller en kontrollmyndighet som ivaretar barnets beste, selv etter et omstridt tvangstiltak” (Dagbladet, 07.02.2004).

I artikkelen framkjem det kross kritikk mot barnevernet, og det vert kommentert problem med institusjonsbruk både på grunn av tidlegare overgrep, og dagens praksis. Det vert spesielt kommentert problem med dei private barnevernsinstitusjonane. I tillegg til variasjonar i temaområde, er det variasjonar i forma på dei negative tekstane. Artikkeltype varierer frå små tekstboksar og utklipp, til leiarkommentarar, og nyhendeartiklar. Ein artikkel som illustrerer korleis barnevernet sitt arbeid vert framstilt svært negativt er eit debattinnlegg frå Dagbladet i 2010:

”Barn og unge i barnevernsinstitusjoner behandles ofte som insatte i fengsler: Barnevernet hadde plassert jenta i en leilighet midt i Oslo sentrum, omgitt av nattebråk og hasjomsetning. (...) Jenta som hadde tilbrakt tenåra som nomade frå den ene barnevernsinstitusjonen til den neste, skulle nå klare seg selv. Hun var motløs. I intervjuet med meg sa hun at hun ikke visste kva hun skulle gjøre når hun sto opp. Ingen ansatte ga henne lenger regi. Det var ingen vits i å re opp senga – eller å stå opp – når hun verken fikk belønning eller straff. (...) Enkelte barn har innen de er 18, flyttet 20-30 ganger. Det er galskap og svik. (...) Barna føler seg unormale og ufri i situasjonen. De føler seg annerledes og som avvikere, stikk i strid med intensjonene. Metodene som benyttes handler i stor grad om kontroll, belønning og straff. De likner på metodene som benyttes i fengslene” (Dagbladet, 23.04.2010).

Denne artikkelen omhandlar svikt i barnevernet på fleire nivå. Journalisten skriv om politiske løfter som ikkje er gjennomført, problem med samarbeidet mellom stat og kommune, samt problemet med at fleire saker vert lagt til side sjølv om talet på bekymringsmeldingar aukar. Rett nok er det barna sin situasjon i institusjonar som er det viktigaste temaet i artikkelen. Det rigide systemet i barnevernsinstitusjonane vert problematisert, og samanlikna med kvardagen i eit fengsel. Det vert påpeika at systemlivet i ein institusjon kan vere med på å svekke barna, i staden for å gjere dei forberedt på livet utanfor:

”Det er foreldrenes problemer – og deres og barnevernets svik – som er årsaken til at barnet plasseres i et system som på sitt verste kan bryte dem enda mer ned. Barna som

mistet tryggheten i livet, trenger mye annet enn belønning og straff. Barnevernets vanskelige jobb er å gi dem daglig omsorg, et så normalt liv som mulig og utviklingsmuligheter. Lysbakken må stille høyere krav til barnevernet og seg selv” (Dagbladet, 23.04.2010).

Bodskapen i artikkelen er at barnevernet ikkje fungerer godt nok på fleire plan, men at det største sviket er mot barn som må leve i eit system som minner om fengsel, og som ikkje tilbyr den omsorga dei treng. Den kommenterande journalisten vender seg avslutningsvis til barne-, likestillings- og inkluderingsminister Audun Lysbakken om å stille høgare krav til barnevernet og seg sjølv. Debattinnlegget legger opp til eit tilsvar, og er i så måte med å drive debatten om barnevern framover.

#### **4.4 Nøytrale haldningar til barnevern**

I materialet fann eg som sagt nesten like mange nøytrale som negative artiklar. 45 prosent av materialet var nøytralt lada, eit tal som inneber 37 artiklar. Desse tekstane er verken spesielt positive eller negative, og har ei sakleg framstilling. Til dømes er det artiklar som fortel om kva som har skjedd i ei barnevernssak, utan at det kjem fram om det var riktig eller gale. I nokre av tilfella vert det uttrykt positive og negative budskap, men det vert balansert ettersom det er fleire som ytrar seg, eller saka vert vist frå fleire sider. Med andre ord kjem det fram eit nyansert bilete, og i slike tilfelle har eg vurdert artikkelen som nøytral. Andre dømer er tekstar med eit politisk budskap, som fortel om handlingsplanar og vidare arbeid innafor barnevernet. Det kan også vere forsvar eller tilsvar på kritikk. Følgjande artikkel frå 2010 illustrerer ei nøytral haldning, der det vert skildra ei hending som skjedde med to barnevernstilsette:

”To ansatte i barnevernet ble overfalt under samvær mellom tre barn og foreldrene deres på Borgenhaugen utenfor Sarpsborg lørdag. De to ansatte ble utsatt for vold og etterlatt i hjelpeløs tilstand. Familien forsvant sammen med overfallsmennene. (...) –De to ansatte har ingen fysiske skader, men det har vært en svært traumatisk opplevelse, sier barnevernsleder Else-Grete Mathisen. (...) Oppvekstsjef i kommunen, Uno B. Larsen, sier at hendelsen etter hvert skal evalueres. –Vi må vurdere om det er tiltak vi kan sette inn hvis noe lignende skulle oppstå, sier Larsen” (VG, 16.02.2010).

Sjølv om det er omtale av ein kritikkverdigg situasjon, er teksten prega av ei sakleg gjenforteljing av fakta, og eg har difor valt å kategorisere den som ein nøytral artikkel. Framstillinga av situasjonen set heller ikkje barnevernet i eit negativt lys. Det er typisk for mange av dei nøytrale framstillingane at saksforholdet vert presentert frå fleire sider, noko som gjev eit balansert totalinntrykk. Ein replikk med tittelen ”barnevernet tar ansvar” frå



Dagbladet i 2004, viser ei nøytral omtale av ei barnevernssak i bydel Alna i Oslo. Artikkelen innleier med å fortelje at Aftenposten og Dagbladet har kritisert bydel Alna for å ikkje ta ansvar for ein 15 år gammal gut som er blitt mishandla av sin far:

”Det er gjennom disse avisoppslagene skapt et feilaktig inntrykk av et barnevern som har snudd ryggen til gutten, og heller ikke senere gitt gutten og hans familie nødvendig hjelp og støtte. Vi kan av gode grunner ikke gjennomgå detaljene i saken, men vil slå fast at barnevernet i bydelen og bydelen har fulgt opp og fortsatt følger opp denne saken tett. Våre klare siktemål er å beskytte gutten, gi familien nødvendig støtte og bidra til fremtidige løsninger. Vi står inne for det arbeidet bydelen har gjort i denne saken. Bydel Alna vil ta med erfaringene, også fra denne saken, for å gjennomgå samarbeids-rutinene mellom bydelens barnevern og andre instanser som er involvert i barnevernssaker” (Dagbladet, 18.04.2004).

Replikken kjem frå bydelsdirektør og avdelingssjef ved Alna barnevernkontor. Dei tek vidare opp det økonomiske aspektet, og hevdar at bydel Alna ikkje har latt vere å utføre plasseringar av økonomiske grunnar. Avslutningsvis vert det kommentert at bydelen arbeider med ei rekkje tiltak for oppfølging retta mot barn og foreldre (Dagbladet, 18.04.2004).

Artikkelen er eit forsvar mot den kritikken som er komen mot bydel Alna etter det nemnde barnevernstilfellet. Biletet av den gjeldande saka vert nyansert gjennom denne artikkelen, og det vert retta eit blick mot korleis ein skal bruke erfaringane i saka til å forbetre liknande arbeid i ettertid. Teksten gjer eit balansert uttrykk, og er gjennomgåande nøytral i sine formuleringar.

## **4.5 Resultata i ein breiare kontekst**

Sett i samanheng med tidlegare forskning, indikerer resultata så langt til visse endringar i pressa sine barnevernsframstillingar. Tendensen er færre negative framstillingar om barnevern. Bakgrunnen for å spore denne endringa finn eg mellom anna gjennom samanlikning med Stang (2007) og Sentio (2004a) sine undersøkingar om barnevernsframstillingar. Begge tar utgangspunkt i norske aviser, og analyserer haldningar til barnevern. Sentio sine kjenneteikn for vurdering av haldning i artiklane er totalinntrykk og grunnhaldninga som kjem fram, og som viser artikkelen si samla påverknad av barnevernet sitt omdømme, sett frå ståstaden til leiinga i barnevernet (Sentio 2004a: 9). Mine artiklar er ikkje vurdert spesifikt ut i frå ståstaden til barnevernsleiinga, men mest som eit generelt inntrykk av korleis barnevernet vert presentert. Eg antek at desse kriteri i stor grad vil vere

overlappende, og presenterer difor resultatata frå Sentiundersøkinga i relasjon til mine eigne funn. Med omsyn til kriterium for koding av artiklane har eg vore inspirert av Stang (2007) sine kategoriar, så forståinga av dei ulike kategoriane vil vere relaterande mellom våre analysar.

Eg finn som sagt færre negative artiklar enn begge dei nemnde studiane. Medan Stang (2007: 46) viser til 64 prosent negative artiklar, er 46 prosent av materialet i denne analysen negative omtalar. Vidare viser Sentiundersøkinga frå 2003 at 50 prosent av artiklane framstiller barnevernet negativt (Sentio 2004a: 10). Av positive artiklar plasserer funna for denne analysen seg i eit mellomsjikt mellom dei to studiane, ettersom Stang viser til svært låg del positive omtalar (5 prosent) og Sentiundersøkinga finn 13 prosent positive artiklar. Det er rett nok verdt å merke seg at materialet syner at 10 prosent av barnevernsframstillingane er positive, altså ein større del enn frå VG og Dagbladet i 1994/95 og 2004/05, som er dei mest nærståande resultatata for denne analysen. Ein av grunnane til at Sentio finn så mange positive tekstar kan ha ein samanheng med delen lokalaviser som er inkludert i deira materiale, ettersom lokale aviser ofte skriv meir optimistisk om barnevern enn dei større og tabloide avisene gjer (jamfør Lundström, 2004). Vidare er det tydeleg at det er fleire nøytrale artiklar i materialet. Stang finn 31 prosent, og Sentio viser til 38 prosent<sup>6</sup> nøytrale tekstar. Ettersom 44 prosent av materialet er balanserte framstillingar, og majoriteten av materialet faktisk er positive og balanserte, illustrerer det ei endring i framstillinga i retning av ein meir nyansert debatt. Det er rett nok verdt å nemne at desse studiane skil seg frå mi eiga undersøking i forhold til datagrunnlag. Særleg er dette vesentleg for Sentiundersøkinga, som har eit utval på 839 artiklar frå seks ulike aviser frå 2003. Dei har altså eit vesentleg breiare materiale enn mi eiga analyse, og baserer seg på både abonnementsaviser, tabloidaviser, riksdekkjande aviser og lokalaviser. I tillegg har dei henta utvalet frå heile året 2003, noko som gjer undersøkinga mindre utsett for tilfeldige utslag og nyhendesvingingar.


Sjølv om fleire studiar i stor grad peikar på kritiske framstillingar om barnevern, viser bidrag frå svenske forhold eit meir nyansert bilete. Lundström (2004) viser at ein stor del av tekstane som vert skriva om sosialt arbeid med barn og unge i den svenske pressa, er udramatisk og kvardagsleg journalistikk. Studien syner fleire positive artiklar enn forventa, samanlikna med liknande studiar i andre land. 25 prosent av artiklane var negative, 38 prosent var positive,

---

<sup>6</sup> Eg har samanfatta Sentio sine verdiar "både og" og "nøytral" for å samanlikne med min eigen kategori "nøytral". I samanlikninga har eg brukt tala frå den delen av materialet som ikkje har med artiklar der barnevernet berre er nemnd i teksten, ettersom eg ikkje har inkludert slike tekstar i mitt materiale.

medan 37 prosent av materialet var nøytrale artiklar (Lundström, 2004: 228). Dei viser dermed eit meir nøytralt bilete av presseframstillingar om barnevern, og er i så måte meir samanfallande med mine egne resultat. Lundström viser først til særskilte negative framstillingar etter ein kvalitativ analyse av dekninga av to dramatiske barnevernstilfelle. I desse artiklane vert sosialt arbeid skildra svært negativt, og dei tilsette vert klandra for anten å ha grepe inn i ein situasjon for drastisk, eller for at dei ikkje har greidd å beskytte eit barn. Gjennom analyse av desse einskilde sakene, finn Lundström døme på negative stereotype framstillingar av barnevern (Lundström, 2004: 247- 248). Det kan difor hende at eg vil finne spor av stereotypiske framstillingar blant dei negative artiklane, trass i at majoriteten av tekstane er positive og nøytrale.

## 4.6 Endringar frå 2004 til 2010



Figur 4.3: Haldningsladning i materialet fordelt på år. Prosentvis framstilling. N=81

Figur 4.3 viser resultatet for haldningsladning i 2004 og 2010 separat, og syner eit endra bilete av innhaldet i artiklane, samanlikna med det samla artikkelmaterialet. I 2004 er halvparten av artiklane negative, dernest er 39 prosent nøytrale, og faktisk er 11 prosent av artiklane positivt retta mot barnevernet. Dei same tala for 2010 viser ein nedgang i både

positive og særleg negative framstillingar, medan tekstane i større grad er prega av balanserte omtalar.

Fordelinga mellom positive og negative haldningar tilseier at det i sterkare grad er ei polarisering av ulike synspunkt i debatten i 2004, der det både er fleire positive og negative artiklar. Vidare er det skriva noko meir om barnevern i 2004 enn i 2010. Materialet består av 45 tekstar frå 2004, og 38 tekstar i 2010, noko som tyder på ein større debatt om barnevern i 2004. Dagbladet har eit auka fokus på barnevern i 2004, gjennom ein artikkelserie som set fokus på eit meir opent barnevern. Dette er ein artikkelserie som omtalar temaet barnevern generelt, og er truleg eit resultat av eit auka fokus på barnevernsproblematikk. Eg har ikkje vurdert det som relevant å sjå på utvalet for 2004 utan denne artikkelserien, ettersom den tek opp ulike tema om barnevern, både positivt og negativt. Ein artikkelserie som denne vil ikkje prege materialet på same måte som ein føljetong om ei spesiell og vanskeleg barnevernssak. Den kan bidra til eit auka fokus på barnevernet i mediadebatten, men på grunn av det varierte fokuset for artiklane i denne serien hevdar eg at det ikkje vil prege haldningar i debatten spesielt.

## **4.7 Kvifor er barnevernet utsett for negativ omtale?**

Materialet viser til færre negative framstillingar enn tidlegare studiar. I tillegg er det ein nedgang i negative omtalar frå 2004 til 2010. Trass i denne nedgangen, er det framleis ein merkbar del av kritiske røyster mot barnevern. Det kan vere fleire faktorar ved barnevernsarbeid som gjer at det lett vert sett på med eit negativt blikk. Det kan vere grobotn for skepsis blant utanforståande at barnevernsfeltet til dels står fram som utydeleg. Kjølrsrød (2003) poengterer at velferdsyrka står fram som kronisk suspekta for befolkninga fordi dei har stor fagleg autonomi, samstundes som det er vanskeleg å få innsyn i kva dei faktisk gjer. Arbeidet innafor barnevernet er prega av komplekse slutningssituasjonar, medan arbeidssituasjon og resursstilgangen sjeldan er optimal. Det kan difor vere vanskeleg for yrkesutøvarane å leve opp til idealnørmene for yrkesutøvinga, medan det er vanskeleg å sikre eit demokratisk innsyn i arbeidet (Kjølrsrød, 2003: 195).

Franklin og Parton hevdar at sosialt arbeid er spesielt utsett for kritikk som følgje av at det står fram som ein utydeleg profesjon (Franklin og Parton, 1991: 33). Dei hevdar mange yrke innafor sosialt arbeid er vanskelege ettersom dei ofte skal oppfylle fleire potensielt

motstridande oppgåver i yrkesutøvinga. I kor stor grad sosialarbeidarane er utsette, henger ofte saman med tilgangen på ressursar og politisk støtte (Franklin og Parton, 1991: 34-35). Dei nemner fleire faktorar ved den yrkesmessige strukturen til sosialarbeidarar som nærmast gjer det umogeleg å gjennomføre eit vellukka arbeid. I ein kultur som essensielt verdset den private familien, og der foreldra vert sett på som primæransvarleg for barneoppdraginga, er det lite sosial og moralsk legitimitet for offentleg intervensjon i familielivet. Det å få hjelp av ein sosialarbeidar, til dømes frå barnevernet, kan vere eit tabu, og markere eit stempel om å vere utanfor det vellukka samfunnet (Franklin og Parton, 1991: 36). Veland (2004) nemner at ideologien om mindre offentleg innblanding i den private sfæren har hatt sterk framgang i den vestlege verda, og særleg i liberalistisk politikk. I Norge er det i størst grad det liberalistiske Fremskrittspartiet som har stått fram som mest kritisk til barnevernet (Veland, 2004: 201). Som nemnd innleiingsvis kan det også vere vanskeleg å oppfylle alle ideologiske krav i praktisk barnevernsarbeid (jamfør Kjølørød, 2003). Det er fleire faktorar som gjer at det kan oppstå ein konflikt mellom arbeidsoppgåver og arbeidsvilkår i sosialt arbeid. I fleire situasjonar kan det vere vanskeleg å ta vare på klienten sine behov, samstundes som ein skal utføre arbeidet i tråd med samfunnsmessige normer. Arbeidet kan vere eit tvitydig prosjekt mellom klient og samfunn, og få vurderingar kan gjerast ut i frå “enten/eller” prinsippet (Franklin og Parton, 1991: 38). Å finne ein balansegang mellom arbeidsoppgåver og arbeidsvilkår er ei viktig kjerne i sosialarbeidarar sitt virke. Kunnskapen om sosialt arbeid baserer seg på ei blanding av praktisk, sosialvitskapleg og personleg kunnskap, og mange av vurderingane som må tas i dette arbeidet er basert på tolkingar (Franklin og Parton, 1991: 38). Konflikatar mellom kvalitetskriterium i arbeidet og ei skjønnsutøving som unndrar seg demokratisk innsyn, kan vere med på å utsetje barnevernsyrket for negativ omtale og stigmatisering.

Rolla som ansvarleg for krevjande samfunnsoppgåver, samt offer for krass nedvurdering dersom dei ikkje lukkast i arbeidet, vert skildra av Golding og Middleton (1982). Dei hevdar at sosialarbeidarar, inkludert barnevernsarbeidarar, jamleg vert utsett for kritikk i media, men at ikkje all dekning av sosialarbeidarar er negativ. Ofte er det dekningar av alvorlege feiltrinn i sosialtenester som får størst merksemd. Dette er ofte saker om barn som har vorte utsett for valdelege eller seksuelle overgrep (Golding og Middleton, 1982: 89). Eit tema som går igjen i slike saker, er korleis barn har lidd under intervensjon av ineffektive og inkompetente sosialarbeidarar. Golding og Middleton illustrerer dette ved å vise til sitat frå slike artiklar: *“Malcom Died as he Lived. Freezing cold, starving, and sorruoned by social workers”* og

*"Yet another baby has died because of the stupidity and neglect of professional social workers"* (Golding og Middleton, 1982: 90). I følge Golding og Middleton er det dei dramatiske sakene som får mest merksemd, og som altså har størst nyhendeverdi.

#### **4.7.1 Er dei negative omtalene av barnevern prega av stigmatisering og stereotypiske framstillingar?**

Det er av interesse om dei negative artiklane i materialet er prega av stigmatiserande framstillingar, eller ikkje. Det er nærliggjande å tru at inntrykket frå pressedebatten i større grad vil vere kritisk dersom fleire av dei negative artiklane i materialet teiknar stereotypiske bilete av barnevern. I analysen av forholdet mellom sosialarbeidarar og den britiske pressa, fann Franklin og Parton (1991) at det ofte vert teikna eit ekstremt negativt bilete av sosialarbeidarar. Desse bileta vert gjentekne og dannar sterke stereotypar. Franklin og Parton nemner to ulike stereotypiske framstillingar av sosialarbeidarar. Sosialarbeidarane vert i fyrste omgang framstilt som inkompetente, rådville individ med manglande dømmekraft, og utan vilje og evne til å ta avgjersler i vanskelege familieforhold, sjølv om det skulle vere for å beskytte eit barn som vert mishandla (Franklin og Parton, 1991: 14). Dei refererer til avisa *The Daily Mail* for å illustrere førestillinga av sosialarbeidarar som tafatte og inkompetente: *"social workes were butterflies in a situation that demanded hawks"* (Franklin og Parton, 1991: 14). Dei fann også ei anna stereotyp framstilling, som nærmast er i kontrast til den fyrste. I dette tilfellet vert sosialarbeidarar framstilt som autoritære byråkratar som har lite omsyn til familie og barn, og som splittar familiar ved å unødvendig plassere barn under offentleg omsorg. Sjølv om dei vert framstilt som både rådlause og autoritære, er ein fellesnemnar for dei to stereotypane at dei vert framstilt som udugelege. I følge studien vert sosialarbeidarar dagleg framstilt som maktglade personar som manglar innsikt i dei mest elementære ting (Franklin og Parton, 1982: 16).

Desse funna vil ikkje vere direkte samanliknbare med norske forhold, men kan like fullt vere eit utgangspunkt for å sjå etter stereotypiar i dette materialet. Ein norsk studie, som er langt meir nærliggande for samanlikning med denne, er Stang (2007) si studie om barnevern i laussalspressa. Ho fann teikn på dei same stereotypane som Franklin og Parton (1991) beskriver: Både døme på negative framstillingar der barnevernet ikkje grip inn, samt omtalar der barnevernet har reagert direkte og feilaktig. Dette gjaldt særleg for dei tekstane som omhandla enkeltsaker om omsorgsovertaking eller der barnevernet hadde lat vera å gripe inn.

I begge oppslaga kjem det fram at barnevernet sin reaksjon, eller mangel på reaksjon, har ført til uoppretteleg skade på barn og familie (Stang, 2007: 49). Begge eksempla Stang viser til omhandlar saker der det er mistanke om incest. I det eine tilfellet reagerte ikkje barnevernet raskt nok, medan det andre tilfellet viser ein situasjon der barnevernet har handla direkte og henta barna. I begge desse sakene kjem det fram at barnevernet sin reaksjon har ført til ubøteleg skade på barn og familie. Begge desse døma er henta frå perioden 1994/95, og ho ser tendensar til at dei negative framstillingane er mindre stereotype for den seinare perioden (Stang, 2007: 53-55).

Med utgangspunkt i Franklin og Parton sine nemnde stereotypiar, som også Stang tok utgangspunkt i, ser eg etter spesielt negative og stereotypiske omtalar av barnevernet i eige materiale. Materialet viser fleire framstillingar som kritiserer barnevernet for feilaktige vurderingar, og dei fleste tilfella omhandlar saker der barnevernet har latt vere å gripe inn. Like fullt viser det seg vanskeleg å finne typiske stereotype framstillingar. Dei fleste negative omtalane i materialet kan etter mi oppfatning ikkje samanliknast med dei stereotype variantane som Franklin og Parton skildrar. Sjølv om fleire artiklar fokuserer på at barnevernet ikkje har gjort ein tilstrekkeleg jobb, vert ikkje barnevernsarbeidarane utsett for negative skildringar som lite handlekraftige, motvillige og inkompetente. I somme tilfelle kan det ligge til grunn ei oppfatning om barnevernsarbeidarar som inkompetente, men yrkesutøvarane vert ikkje framstilt med spesielt stigmatiserande framstillingar. Det er i fleire artiklar eit større fokus på frustrasjon rundt situasjonen, og problematikken med at barnevernet sviktar barna. Til dømes vert barnevernet kritisert for å ha eit større fokus på foreldra sin situasjon, men det framkjem ikkje skildringar av barnevernstilsette sine feilgrep. Kompetansemangel og problem ved barnevernet si yrkesutøving vert riktig nok teke opp, men på ein meir sakleg måte enn det som er typisk for dei stereotype framstillingane.

I artiklane kjem det altså ikkje fram tydelege stereotype framstillingar i tråd med Franklin og Parton (1991). Stang (2007) viser til stereotype framstillingar frå 1994/95, men ikkje frå perioden 2004/05. Det ser med andre ord ut til at det eksisterer mindre negative og stereotype omtalar av barnevernet enn tidlegare. Det er vanskeleg å seie om dette skuldast vilkårlege samantreff eller ikkje. Stang (2007) sitt materiale er noko større, og det er prega av fleire negative artiklar enn mitt eige, så sannsynet for å finne stereotype framstillingar er kanskje større. Det kan i tillegg vere små variasjonar mellom våre to materiale som skuldast ulike utvalskriterium, noko som gjer det vanskeleg med ei direkte samanlikning. Trass i desse

atterhalda, som gjer at ein ikkje kan stadfeste om endringa er reell, tyder både nedgangen i negative haldningar og teikn til ein mindre polarisert debatt i retning av at det er færre negative stereotypiske og stigmatiserande framstillingar av barnevern i den seinare perioden.

#### **4.7.2 Medievridding i barnevernssaker**

Media sine arketypar for nyhendeproduksjon, og nyhendeverdien til eit saksforhold er med på å prege kva som vert slått opp i pressa. Å definere kva som er ei nyhende og korleis den eventuelt skal presenterast, er i følge Eide (1992) ein fortolkande aktivitet. Gjennom aktivt bruk av rammer for nyhendeproduksjon, vert nyhende produsert. Nyhende vil difor ikkje fungere som eit direkte samfunnspegel, men som eit bidrag til konstitueringa av samfunnet som ein felles røyndom (Tuchmann, 1978; Berger og Luckmann, 2000; Allern, 2001; Waldahl, 1999). I dette ligg det at media både krev og leverer fortolkningsrammer som gjer meining til publikum sine erfaringar og oppfatningar. Eide og Hernes peikar på at konflikthar i media er *medievridd*, og om dei ikkje er tilpassa media sine forteljarstrukturar frå før, kan dei lett bli det (Eide og Hernes, 1987: 21). Kompliserte hendingar vert redusert og forenkla gjennom nokre få grunnleggande forteljarstrukturar. Til og med meningslause hendingar kan bli til nyhende gjennom media sine typifiseringar (Svallfors, 1995: 12).

Inntrykket frå medieforskinga er at det dramatiske og konfliktfylte er ettertrakta i pressa. Fleire kjenneteikn for tabloidjournalistikken viser seg i artiklane. Mange barnevernssaker som vert diskutert i media ber preg av at det forgår ei konflikt mellom barnevern og klient. Sakene er ofte polariserte, med barnevernet på den eine sida, og barnevernsklienten eller familien på den andre. I tillegg kan omtalane vere prega av ei tilspissing og personifisering.

Barnevernssaker har ofte fleire av elementa som gjer ei sak til "godt stoff" og som fangar merksemd hos publikum. Fleire av dei negative artiklane i materialet ber preg av ei tilsynelatande forenkling av saksinnhaldet, og polarisering mellom klientgruppa og barnevernet, i tråd med Hernes (1978) sine omgrep om media sine teknikkar for nyhendeproduksjon. Ein føljetong av artiklar i Dagbladet i 2004 omhandlar saksforholdet rundt døvblinde Linda, som er i ein konflikt med Oslo kommune etter eit vedtak som seier opp fosterheimslassen hennar etter at ho er fylt 18 år. Ein av desse artiklane som omhandlar Linda-saka illustrerer korleis pressa tydeleggjer motsetnadsforholdet mellom klient og barnevern:



“Døvblinde Lindas fremtid ligger i Fylkesmannens hender. I realiteten har hun allerede vunnet saken mot barnevernet i bydelen Gamle Oslo. Vedtaket om å si opp fosterhjemsplassen i Andebu kommune etter snart 13 år, og overføre Linda til en ny etat og institusjon i Oslo når Linda fyller 18 til våren, kommer ikke til å gjennomføres. Vedtaket er så kynisk og dumt at siden det ble kjent gjennom Dagbladet før jul, kan ingen med vettet i behold stille seg bak beslutningen (...)” (Dagbladet, 03.01.2004).

Kjenneteikn som personifisering og polarisering er tydeleg i denne artikkelen. Dei ulike partane i saka er Linda på den eine sida, og kommune og fylkesmann på den andre. Artikkelen stiller også det offentlege barnevernet i eit dårleg lys. Dersom det stemmer at pressa er ute etter å fortelje om det konfliktfylte og dramatiske, kan det påverke korleis barnevernet vert framstilt, og det vil påverke kva delar av barnevernet sitt arbeid som vert publisert. Ettersom viktig informasjon kan forsvinne i framstillingane, kan negative ytringar tidvis verke stigmatiserande ovanfor barnevernet. Truleg vil teknikkane for medievridding spisse innhaldet og framstille ei nyhende om barnevern som meir konfliktfylt enn den i utgangspunktet er. Det kan tenkast at det daglegdagse og udramatiske arbeidet i barnevernet ikkje har same nyhende verdi som dei meir spesielle og dramatiske sakene. Veland (2004) argumenterer for at ein kan forstå kritikken mot barnevernet ut i frå endringar i media. I løpet av dei siste 10-20 åra har utviklinga gått i retning av auka personifisering og konfliktprofil i pressa. Dette kan gjere det vanskeleg å få ei balansert framstilling av saksforholdet, og måten media framstiller sakene på, kan spele ei stor rolle for barnevernet sin legitimitet (Veland, 2004: 202-203).

I tillegg til at debatten i 2004 ber preg av ei større grad av polariserte synspunkt, kan det sjå ut til at den også i større grad inneheld artiklar som fokuserer på motsetnadsforholdet mellom klient og barnevern, og i større grad er personifiserte. Ettersom debatten i 2004 har eit større omfang, og inneheld fleire negative artiklar, er ikkje dette eit uventa funn. Denne tendensen er ikkje like tydeleg for den seinare perioden. I kva grad debatten om barnevern er person- eller klientfokuserert, vil eg diskutere nærare i kapittel 6.

## **4.8 Fleire positive og nøytrale framstillingar om barnevern**

I forhold til fleire av dei tidlegare forskingstilfanga viser materialet til ein større del av positive og balanserte framstillingar om barnevern. Denne tendensen er også gjeldande for

utviklinga mellom materiala frå 2004 og 2010. Eg finn heller ingen tydelege døme på utprega negative og stereotypiske framstillingar i artiklane. Fleire teikn tyder på at presseframstillingane av barnevern er meir balanserte og mindre stigmatiserande. Kanskje kan dei spegle ei auka tiltru til barnevernet sitt arbeid.

Legitimering er som tidlegare nemnd ein viktig føresetnad for at institusjonar skal fungere på ein god måte i samfunnet. Både oppgåvene for ein profesjon, og måten oppgåvene vert gjennomført på, må oppfattast som legitime av sivilsamfunnet. Oftast er det normer og verdiar i kulturen som spelar inn på kvifor og korleis ein profesjon vert legitim. Dette er med andre ord forhold som er skiftande, både med omsyn til sosiale og kulturelle trendar (Abbott, 1988).

For det fyrste spelar positive kulturelle *verdiar* i profesjonen ei rolle for at den skal verte oppfatta som legitim. Helse og rettferd er døme på verdiar som er knytt til kultur, der yrker som legar og advokatar er legitime profesjonar med bakgrunn i desse verdiane. For det andre vert legitimitet skapt ettersom profesjonar viser til *resultat* på eit vis som er i tråd med kulturen. Effektivitet og legalitet er verdiar som er i tråd med vår kultur, og som er med på å legitimere yrkes som ingeniørar og rekneskapsførarar, ettersom desse profesjonane følgjer dei nemnde verdiane (Abbott: 1988: 184-185). I forhold til dei to legitimitetsformene som Abbott opererer med, kan ein sjå barnevernet sitt virke i samheng med både verdiar og resultat. Det eksisterer ein debatt om barnevernet kan vise til resultat eller ikkje, der mange har vore ueinige om barnevernet sine metodar og utfallet av dei. Sjølv om dette har vore eit kontroversielt emne, kan barnevernet vise til resultat i alle dei tilfella der eit barn har fått det betre som følge av barnevernet sin innsats. Vidare vil legitimitet på bakgrunn av verdiar vere eit viktig moment i forhold til barnevernet sitt arbeid. Barn sine rettar er nedfelt i barnekonvensjonen, og det er fundamentale normer og reglar i dagens samfunn om at barn ikkje skal lide eller oppleve omsorgssvikt. Barna er ei av dei svake gruppene i samfunnet, som ikkje kan tale si eiga sak på lik linje med vaksne. Difor er det ekstra viktig med ein eigen samfunnsinstans som tar vare på barna sine behov. Abbott nemner at legitimitetsfaktorar kan variere, og ut i frå dette kan det vere nærliggande å tru at barnevernet som profesjon opplever variert grad av legitimitet frå samfunnet, og at truverda kan vere basert på ulike faktorar ved organisasjonen sitt virke

## 4.9 Drøfting

Analysen av haldningar mot barnevernet i VG og Dagbladet viser ein tendens til større grad av nøytrale og positive framstillingar, samanlikna med tidlegare forskning. Rett nok er det ein del kritikk i materialet. Det kan vere fleire overlappande årsaker til at barnevernet opplever negative omtalar. Barnevernsfeltet er vanskeleg og samansatt, og det er ei utfordring å få godt innsyn i korleis det praktiske arbeidet faktisk går føre seg. Vidare er det fleire kjenneteikn ved arbeidet som er vanskeleg å oppfylle. Dette kan vere med på å gjere barnevernet til ein utydeleg profesjon, noko som kan vere ein grobottn for skepsis. Politiske retningar som fordrar mindre statleg intervensjon i det private kan også sjåast på som ein forklarande faktor.

Samstundes som det kan vere vanskeleg å forstå barnevernet, er det ofte populært stoff i pressa. Sakene har ofte fleire av kjenneteikna som gjer det til spennande og dramatisk nyhendestoff. Ettersom dei spesielt konfliktfylte barnevernssakene ofte er av særleg interesse, kan det føre til spesielt negative omtalar i pressa. Fleire tidlegare studiar viser til stigmatiserande og stereotypiske framstillingar av barnevernet og dei tilsette, noko som har vore eit kjenneteikn for dei mest utprega negative bileta av barnevern i media. På dette området skil funna seg ut frå anna forskning, ettersom det ikkje kjem fram tydelege stereotype omtalar i materialet. Eit sentralt funn i dette kapitlet er altså at omtalane om barnevern ser ut til å endre seg mot å vere meir nyanserte og balanserte. Faktisk er majoriteten av artiklane frå 2010 positive og nøytrale.

Med andre ord er det nødvendigvis ikkje rett at pressa som regel er ute etter å fortelje om det negative og konfliktfylte med omsyn til barnevernssaker. Det er rett nok ein del kritikk i materialet, men fråværet av stereotypiske og stigmatiserande omtalar kan tyde på at kritikken er meir konstruktiv enn tidlegare. Vidare kan det sjå ut til at pressa i større grad vurderer både positive og balanserte historier som nyhendeverdige. Kanskje kan dette kaste nytt lys over forholdet mellom journalistar og barnevernstilsette, og stille spørsmålsteikn ved barnevernsarbeidarar sitt kritiske syn til pressa (Ask, 2001; Sentio, 2004b). Vidare kan det kanskje vere eit teikn til auka tiltru mot barnevernet? Dette er vanskeleg å slå fast, men spørsmålet om legitimitet vil følgje analysen vidare. Det kan også henge saman med kven som tilnærmar seg ordsiftet i media, og kva vinklingar som er synlege barnevernsframstillingar.

Det må understrekast at desse resultata ikkje direkte kan overførast til mediedebatten om barnevern generelt. Med omsyn til samanlikningane som er gjort i dette kapitlet, vil det også vere verdt å merke seg at forskjellar i datamateriale og avisgrunnlag kan vere med å skape tilfeldige variasjonar mellom resultata. Trass i at ein ikkje kan gjere direkte samanlikningar, vurderer eg komparasjonen mellom egne og tidlegare funn som relevante for å seie noko om kva retning dei tabloide barnevernsframstillingane ser ut til å ta.

## 5 Kven fører mediedebatten om barnevern?

Eit viktig spørsmål for å analysere framstillinga av barnevern i media, er å spørje kven som er kjeldene i artiklane, og kven som fører debatten. Spørsmålet er viktig, fordi det i stor grad er avgjerande for skildringa av røynda som media konstruerer. Røynda er ikkje nøytral, hevdar Mathiesen, men er avhengig av utgangspunktet og perspektivet (Mathiesen, 2002: 96). Det vil difor vere viktig å avdekke om kjeldene er elitar eller vanlege folk, sterke eller svake representantar, samt analysere deira utgangspunkt og perspektiv. Eide og Hernes (1987) hevdar at massemedia like fult er ein sjølvstendig aktør i mediedebatten, i tillegg til å vere ein arena der ulike aktørar kjempar mot kvarandre. Ulike aktørar som ytrar seg i debatten om barnevern kan mellom anna vere politikarar, barnevernstilsette, forskarar på feltet, familie eller klienten sjølv, interesseorganisasjonar og fagforeiningar, samt advokatar som arbeider med barnevernssaker.

Barnevernet sjølv har i mange tilfelle vorte klandra for å vere tause i forhold til media. Arbeidet i seg sjølv er lukka delvis på grunn av prinsippet om teieplikt, grunna sensitiv informasjon om klienten og familien rundt. Ei skepsis frå barnevernet si side mot journalistane sine uttrykksformer kan også vere avgjerande for at dei tilsette vegrar seg for å snakke i pressa. Barnevernet si deltaking i mediedebatten vil sannsynlegvis spele ei viktig rolle. Ei barnevernssak i media vil truleg fortone seg ganske ulikt om det er representantar for barnevernet som ytrar seg, i forhold til ei sak der journalisten er ute etter å sjokkere og skape merksemd. I det følgjande kapitlet vil eg forsøke å avdekke kven som fører debatten om barnevern, samt trekkje linjer til tidlegare forskning som seier noko om hovudrøyster i mediedebattar om barnevern og sosialarbeidarar. Først ein presentasjon av dei fire hovudspørsmåla for dette kapitlet:

### *1: Er pressa arena for politiske debattar på barnevernfeltet?*

I denne delen av kapitlet er formålet å sjå om det går føre seg ein politisk debatt om barnevernet i media. Generelle velferdspolitiske saker er ofte tema for debatt i pressa. Om det er stor eller liten grad av politiske ytringar om barnevernet vil sannsynlegvis spele ei rolle for

korleis den samla debatten ser ut, ut i frå ei forventning om at politiske ytringar ofte er generelle og nøytrale.

## ***2: Kven er dei profesjonelle som ytrar seg om barnevern i pressa? Er det barnevernet sjølv, eller andre fagfolk?***

Om det er mange profesjonelle som ytrar seg i pressa, eller ikkje, vil sannsynlegvis sette eit preg på debatten om barnevern. Det er rimeleg å anta at ein debatt som er prega av ytringar frå fagfolk, vil verke nyansert, og mogleg positiv i barnevernet sin favør. Her vil eg sjå på i kor stor grad tilsette i barnevernet har hovudrøyster i artikkane, i tillegg til å sjå etter kor ofte dei ytrar seg som ein av fleire kjelder. Ein eigen variabel som gjeld om artikkelen inneheld ei ytring frå barnevernet eller ikkje, vil fange opp dette, sjølv om ikkje barnevernet har hovudrøysta. Samstundes vil eg sjå etter andre profesjonelle som ytrar seg om barnevernet i pressa. Til dømes politi, legar eller lærarar som kan ha erfaring med barnevernet sitt arbeid.

## ***3: Medverkar forskarar og intellektuelle på barnevernsfeltet med sin kunnskap i pressa?***

Stang (2007) peikar på at det kan vere ein fordel for barnevernet om forskarar på barnevernsfeltet er aktive debattantar i pressa. Ikkje nødvendigvis fordi det vil føre til positive skildringar, men fordi det vil bidra til meir seriøse debattar om barnevernet sine metodar, prinsipp og juridiske grunnlag. Det er truleg at framstillingane vil trekkast opp og utover individnivået, samt belyse meir generelle sider ved barnevernet enn dramatiske enkeltsaker. Eg vil forsøke å avdekke i kor stor grad forskarar og intellektuelle har hovudrøyster i materialet.

## ***4: I kor stor grad er barnevernet sine klientar hovudrøyster i artikkane?***

I ein debatt om barnevernet vil det også vere andre typar kjelder enn politikarar, profesjonelle og forskarar. Dei som har erfaringar med dei problema som vert diskutert, får også komme til orde i debatten. Allern (2001: 170) skildrar desse som *konsekvenseskpartar*, ettersom dette er vanlege folk som kjenner konsekvensane av politiske tiltak og lovgjeving. Fleire medieoppslag ber preg av å fokusere på einskildsaker som nettopp skildrar ein einskild barnevernsklient sine erfaringar. I denne delen av kapitlet vil eg diskutere deltakinga frå klientgruppa i debatten om barnevern. Eg har avgrensa denne gruppa til å gjelde både barnet i saka, foreldre, fosterforeldre og andre pårørande.

## 5.1 Hovudrøyster i debatten om barnevern

I kodinga av variabelen hovudrøyst har eg teke utgangspunkt i Bay og Saglie (2003) og Stang (2007) sine metodar, og vurdert variabelen ut i frå følgjande kriterium: Hovudrøysta er den som får dominere artikkelen sitt innhald og layout, men er nødvendigvis ikkje den einaste kjelda i artikkelen (Bay og Saglie, 2003: 45). For variabelen har eg 15 ulike verdiar, og desse er inspirert av Bay og Saglie og Stang sine måtar å kode variablane på. Dette vil også gjere det enklare for meg å byggje vidare på deira funn. Verdiane inkluderer både artiklane som ikkje hadde ei spesiell hovudrøyst, samt kjelder som falt utanfor dei definerte kategoriane. Under følgjer dei 15 kategoriane eg har nytta i kodinga av variabelen hovudrøyst:


1. Utan hovudrøyst. Det er fleire tilfelle der det ikkje er ei spesiell hovudrøyst i artikkelen. Mange av desse tekstane er små notisar, det kan vere tekstboksar eller artiklar der det ikkje kjem fram ei spesiell stemme. Det kan også vere ein journalist som skriv ei sak utan at det kjem fram nemnde kjelder.
2. Barnet i saka. I desse artiklane er det klienten, eller barnet, i saka som i hovudsak ytrar seg. Dette kan både vere ungdomar som nyleg har vore involvert med barnevernet, og personar som tidlegare har vore barnevernsbarn og no fortel om sine erfaringar.
3. Foreldre. Dette er foreldre til barn og ungdomar som er i kontakt med barnevernet på ulike måtar.
4. Fosterforeldre. Fosterforeldre er folk som jobbar for barnevernet ved å ta i mot barn og unge i sin eigen heim. På grunn av si rolle som barna sine viktigaste omsorgspersonar, vurderer eg fosterforeldre som ein del av klientgruppa.
5. Andre pårørande. Dette er som regel tanter, onklar, besteforeldre eller andre slektningar som ytrar seg i forhold til sine nærme som er eller har vore i kontakt med barnevernet. I nokre tilfelle har pårørande rolla som fosterheim, i desse tilfella har eg koda vedkomande som andre pårørande.
6. Journalist. Tilfella der journalisten sjølv har hovudrøyst. Det kan vere nyhendeartiklar der journalisten står fram som subjektiv, i kommenterande artiklar eller kronikkar.
7. Leiarredaktør. I desse tilfella er det leiarredaktøren for avisa som har hovudrøyst, og ytrar seg spesifikt om barnevern. Som regel skjer dette gjennom leiarkommentaren i avisa.
8. Politikar. Politisk representant.
9. Forskar/Intellektuell. Forskarar og høgt utdanna innan fagfeltet barnevern.

10. Fagforeiningsrepresentant. Representant for ei fagforeining tilknytt barnevernsarbeid.
11. Annan offentleg tilsett. Denne verdien gjeld for offentleg tilsette som ikkje arbeider i barnevernet. Dette kan til dømes vere politi, barnehage- og skuletilsette eller kommunalt tilsette som på ulike måtar har kontakt med barnevernet sitt arbeid.
12. Representant for barnevernet. Denne verdien gjeld for tilsette i barnevernet på alle nivå. Det vil seie frå saksbehandlarar og barnevernsleiarar til dei som er ansvarleg for dei ulike etatane i barnevernet.
13. Interesseorganisasjon. Representant for interesseorganisasjon tilknytt barnevernsarbeid.
14. Advokat. Advokat i barnevernssaker.
15. Andre. Hovudrøyster som ikkje passa inn i dei ovanfor nemnde verdiane har blitt koda som andre.


### **5.1.1 Kven er hovudrøyst i artiklane?**

I avsnittet under kjem eg nærare inn på fordelinga av dei ulike hovudrøystene i mitt materiale, i dei ulike periodane. Trass i at tala for nokre av verdiane er små, vel eg å framstille resultatata i prosent. Dette er delvis fordi det er lett å samanlikne gruppene med kvarandre fordelt på år, samstundes som det gjev eit enkelt grunnlag for å kommentere funna opp mot tidlegare analyser som presenterer (prosentvise) hovudrøyster i debatten om barnevern og sosialarbeidarar i pressa.





Figur 5.1: Fordelinga av hovdrøyster i det samla materialet. Prosentvis framstilling. N=81.



Figur 5.2: Fordeling mellom dei ulike hovdrøystene fordelt på år. Prosentvis framstilling. N=81.

Figur 5.1 og 5.2 viser korleis hovudrøystene i artiklane fordeler seg mellom dei 15 ulike kategoriane. Flest artiklar hamnar i kategorien utan hovudrøyst. Det kan vere artiklar som skriv om ei hending som har skjedd, eller det kan vere små notisar.

Det er variasjonar i forhold til kor aktive dei ulike gruppene er i mediedebatten, og figurane viser at det faktisk er representantar for barnevernet som har flest hovudrøyster i materialet. 16 prosent av det samla utvalet har ein barnevernsrepresentant som dominerande røyst, noko som er eit uventa funn i forhold til tidlegare forskning. Stang (2007) viser til låg deltaking frå barnevernet si side. Rett nok er det ein nedgang i talet på hovudrøyster frå denne gruppa, og det ser ut til å vere størst aktivitet frå barnevernstilsette i 2004.

Eit vidare funn som er med på å prege uttrykket til mediedebatten innafor dei ulike periodane, og som skil seg frå tidlegare analyser, er førekomsten av forskarar og intellektuelle som sentrale kjelder. 12 prosent av hovudrøystene i det samla materialet kjem frå forskarar og intellektuelle, og talet aukar mellom 2004 og 2010. Tidlegare studiar har peika på ei låg deltaking frå denne gruppa, og i lys av dette er aktiviteten frå forskarar og intellektuelle eit uventa funn i materialet.

Den neste gruppa med røyster i artiklane er politikarar. 9 prosent av det samla materialet har hovudrøyst frå ein politikar. Mange av innlegga i debatten om barnevern er av politisk karakter, og ofte er dette debattinnlegg der politikaren både er forfattar og hovudrøyst. Det er ei markant auke i denne typen artiklar frå 2004 til 2010, og dei fleste artiklane med hovudkjelde frå ein politikar finn eg i utvalet frå 2010. Andre offentlege tilsette (som ikkje arbeider innafor barnevernet), er røyster i 7 prosent av det samla materialet, og er i like stor grad aktive som hovudrøyster i 2004 som i 2010.

Journalistar har hovudrøyst i seks prosent av dei samla artiklane, og aktiviteten frå journalistar er omtrent like stor i 2004 som i 2010. Denne gruppa er i størst grad kommenterande journalistar som skriv innlegg og kronikkar. Vidare utgjer representantar frå ei fagforeining fem prosent av hovudrøystene, og alle desse er frå 2010-peioden. Foreldre utgjer fem prosent, og fosterforeldre utgjer fire prosent av hovudrøystene i materialet. Felles for dei to sistnemnde gruppene, er at dei i størst grad er aktive i 2004. Dei minst aktive gruppene i utvalet er interesseorganisasjonar, leiar og advokat.


Av dei seks prosent artiklane som har som er kategorisert som ”andre” hovudrøyster, er ulike aktørar som ikkje utgjorde ei stor nok gruppe til og verte kategorisert som eigen kategori. Til

dømes er naboar som ytra seg i eit barnevernstilfelle eit eksempel på ei røyst som ikkje hørde til i ein spesiell kategori.

Når det gjeld kven som har *forfatta* artiklane, viser det seg at det om lag halvparten av artiklane er skrivne av ein journalist. Det vil seie at det er fleire andre aktørar som engasjerer seg, og sender inn kronikkar og innlegg til redaksjonane. Til samanlikning, kommenterer Stang (2007) at det er svært få andre enn journalistar som er forfattarar av tekstane frå 1994/95 og 2004/05.

### 5.1.2 Sentrale hovudrøyster for analysen

Ut i frå delspørsmåla i dette kapitlet vil det vere hensiktsmessig å vise ei fordeling av dei variablane som har størst betydning for analysen av hovudrøyster. Dette gjeld representantar for barnevernet, andre offentleg tilsette, politikarar, forskarar og intellektuelle, i tillegg til ei klientgruppe som er ei samanslåing av røystene frå klientar (barnet, foreldre og andre pårørande)<sup>7</sup>.



Figur 5.3: Sentrale variablar for hovudrøyst for det samla materialet. Prosentvis framstilling. N=49.

<sup>7</sup> Her vert det nytta same kategorisering av klientgruppa som Stang (2007).

## 5.2 Pressa som arena for politiske debattar på barnevernsfeltet

Tidlegare forskning viser at politikarar er hyppige kjelder i mediebialetet generelt, og at det er ei gruppe som ofte deltek i mediedebatten (Allern, 2001; Olsen og Sætren, 1980). Dette biletet kan sjå annleis ut i forhold til mediasaker om barnevern. Fleire av forskingsbidraga i barnevernssamanheng viser nemleg til laber deltaking blant politikarar i barnevernsdebatten. Stang (2007) viser i si analyse til lite politisk debatt rundt barnevernsfeltet i 1994/95 og 2004/05, der hovudrøystene frå politikarar i materialet ikkje utgjer meir enn fem prosent.

Bay og Saglie (2003:47) fann i si analyse frå 1969 til 1999 at politikarar er mindre aktive som hovudrøyster i barnevernssaker enn i velferdspolitiske artiklar generelt. Medan politikarar var hovudrøyst i 33 prosent av artiklane som omhandla generell velferdspolitikk, sank denne delen til ti prosent for barnevernssaker. I motsetnad til for eksempel i helsepolitikken, kan barnevernet vere eit felt som kanskje ikkje eignar seg like godt som eit velferdspolitisk område å profilere seg på. Politikarar kan tidvis ha ei eigeninteresse med omsyn til å markera seg, og det vil vere lettare å snakke om til dømes eldreomsorg som mange er opptekne av, enn barnevern som det er færre brukarar av. Auka politisk engasjement vert sett på som ei utfordring i barnevernet. Tidlegare hadde ein barnevernsnemndene som sikra at lokalpolitikarar hadde kjennskap til, og interesse av, barnevernet. Kanskje har ein tapt den engasjerte lokale barnevernspolitikaren som følgje av avviklinga av dei kommunale barnevernsnemndene? Utan innsikt i det pågåande barnevernsarbeidet, og utan gode former for å synleggjere ansikta som står bak tala som barnevernet rapporterer, kan barnevernet bli sett på som ein utgiftspost det er vanskeleg å identifisere seg med (Figenschow, 2008: 13).

Vidare kan eit temaområde som barnevern innehalde innfløkte, og til ein viss grad kontroversielle tema, som kan opplevast vanskelege og kompliserte å snakke om i pressa. Stang argumenterer for at dette kan vere grunnar til lite politisk aktivitet rundt barnevernsfeltet (Stang, 2007: 73). Eg ser også tendensar i materialet til at politikarar ikkje ytrar seg om dei mest vanskelege og komplekse sakene. Derimot er dei fleste av hovudrøystene frå politikarar prega av artiklar om barnevernet sine rutinar, ressursar, kompetansekrav og liknande, som omhandlar tiltak for betring av barnevernet. Med andre ord er det oftast generelle ytringar om barnevernet som institusjon. Mange av artiklane med eit

politisk budskap omhandlar ofte strategiar og forslag som skal vere med på å forbetre barnevernet.

Funna viser at sju av tekstane i materialet har politikar som hovudrøyst, noko som utgjer ni prosent av alle artikkane. Analysen viser til færre hovudrøyster frå politikarar enn Bay og Saglie (2003), og fleire enn Stang (2007), og hamnar i så måte mellom dei to tidlegare studiane i forhold til førekomsten av politiske hovudrøyster. Eg kan ikkje gjere direkte samanlikningar med desse analysane, men det kan like fullt vere fruktbart å bruke desse studiane som eit utgangspunkt å byggje vidare på. Særleg vil dette vere relevant i forhold til Stang (2007) sitt forskingsbidrag, ettersom denne studien ligg nærast mi eiga med tanke på omfang og materiale. Analysen viser at politikarar i noko større grad er med på å setje eit preg på mediedebatten enn kva Stang (2007) fann i 1994/95 og 2004/05. I materialet kjem det fram at det er fleire politiske hovudrøyster i den seinare perioden. Av dei sju artikkane der politikar har hovudrøyst, er ein frå 2004, medan dei resterande seks er frå 2010. Både i lys av Stang (2007) si studie, og på grunn av utviklinga i dette materialet, ser det ut til å vere ei auke i hovudrøyster frå politiske aktørar.

Desse funna kan ha ein samanheng med resultatet for haldningsladning, som viste at utvalet gjennomgåande hadde ei meir nøytral haldning i forhold til fleire tidlegare studiar. Tala er små, men kanskje er barnevernet blitt politisk lettare å ta i? Det samsvarar i så fall med at delen negative innlegg ser ut til å vere redusert. Truleg vil politikarane vere med på å setje debatten om barnevern i eit nøytralt lys, i motsetnad til tragiske einskildsaker om barnevern. Artiklar med politiske hovudrøyster ber ofte preg av å vere debattinnlegg med nøytrale framstillingar av kva tiltak som bør gjerast for å betre situasjonen innan barnevernet, noko som pregar dei fleste av artikkane med politikar som hovudrøyst. Ein kan altså sjå ei endring i forhold til den politiske deltakinga, men det er usikkert om det viser til faktiske tendensar eller skuldast tilfeldige svingingar i forhold til nyhendebiletet og periodar for politisk aktivitet. Det kan vere naturleg å anta at hovudrøyster frå politikarar varierer noko, og at politikarar er meir aktive i media i enkelte periodar, til dømes i samband med valkamp. Mine tal er ikkje store nok til å trekkje fullstendige slutningar, og kan heller ikkje generaliserast til å forklare ei auke av politiske ytringar for heile mediedebatten om barnevern. Like fullt gjer det ein indikasjon på kven som deltar i debatten på ulike tidspunkt, og viser ein tendens til auka hovudrøyster frå politikarar.

### **5.3 Kven er dei profesjonelle som ytrar seg om barnevern i pressa: barnevernsarbeidarar eller andre fagfolk?**

Allern (2001: 170) peikar på at kjelder i nyhenda i stor grad er profesjonelle, og høyrer til ulike elitesjikt i samfunnet. Profesjonelle i ein barnevernssamanheng vil først og fremst vere representantar for barnevernet, men også andre fagfolk som til dømes politi, helsepersonell eller skulepersonell som har erfaring og kompetanse i forhold til å omtale barnevernet sitt arbeid (Stang, 2007: 73).

Mine funn viser at 16 prosent av artiklane frå det samla materialet har ein representant for barnevernet som hovudrøyst. Ein artikkel der ein barnevernsrepresentant har den sentrale røysta, er ein artikkel frå Dagbladet i 2010. Seniorrådgjevar i BufDir (barne-, ungdoms og familiedirektoratet), Tore Andreassen, set i denne artikkelen fokus på kritikken som norske barnevernsinstitusjonar er offer for i media:

”Den generelle kvaliteten (på barnevernsinstitusjonar) ble bedre da kvalitetsforskriften og godkjenningsordningen kom i 2004. Men det er fortsatt et stort rom for forbedring (...). Bufetat nedsatte høsten 2009 en arbeidsgruppe som har fokus på ytterligere kvalitetsutvikling. Gruppen skal gi forslag til hva som skal vere etatens målsetting, og har innhentet innspill fra praktikere, kommuner, Bufetats fagteam, fylkesmenn og brukere, i tillegg til voksne og ungdom som har vært i, eller er i institusjoner.”

Vidare i artikkelen skriv Andreassen om utfordringar ved institusjonslivet, og at det kan vere krevjande å følgje opp ungdom i institusjon på ein tilfredstillande måte:

”Institusjonsarbeid stiller store krav til personalet. Relasjonar mellom ansatte, og mellom ansatte og ungdommer er sentralt her. Insitusjonsarbeid handler også om systematikk, planlegging, kontinuerlig evaluering, metoder, organisering, ledelse, ivaretagelse av rettigheter, kontroll, et samkjørt personale selv om de arbeider i ulik turnus” (Dagbladet, 28.04.2010).

Artikkelforfattaren frontar barnevernet si sak, ved å forklare og nyansere element ved barnevernet sitt arbeid (i dette tilfellet institusjonsarbeid) som er vorte kritisert tidlegare i debatten. Hovudrøysta i denne artikkelen er tydeleg, ettersom det er eit lesarinnlegg der representanten for barnevernet også er forfattar av teksten. Vedkomande har med andre ord sjølv teke initiativet til å ytre seg, og er difor med på å framstille barnevernet som meir aktivt i debatten som utspelar seg i pressa. Rett nok er ikkje artikkelmaterialet prega av mange

innsendte bidrag frå organisasjonen, men fire av tekstane er forfatta av ein barnevernsrepresentant.

Barnevernet er rett nok ein stor organisasjon, med tilsette både i stat og kommune. Det kan vere interessant å sjå på kven av desse som er mest aktive. Av mine artiklar er det berre to av tekstane der hovudrøysta kjem frå det kommunale barnevernet (saksbehandlarar, barnevernskonsulent eller barnevernsleiar). Dei resterande hovudrøystene frå ein representant for barnevernet kjem mellom anna frå direktørar og regionsdirektørar for det statlege barnevernet og leiarar for ulike private barnevernsinstitusjonar. Dette fenomenet viser seg å gjelde for dømet ovanfor, der det er seniorrådgjevar i barne-, ungdoms og familiedirektoratet som ytrar seg. Hovudrøystene som kjem frå høgare hald i barnevernet, er ofte forsvar eller tilsvaret til kritikk i debatten. Dømet ovanfor viser eit tilsvaret til kritikken av bruken av barnevernsinstitusjonar i barnevernet. Stang (2007) viser til den same tendensen med omsyn til kven frå barnevernet som ytrar seg, og tre av hennar 12 artiklar har ein representant for det kommunale barnevernet som hovudrøyst. Dette er eit viktig poeng, ettersom representantar frå barnevernet på høgare nivå ikkje vert assosiert med barnevernet sitt arbeid på same måte som kommunalt barnevernsarbeid, sjølv om dei kan tale barnevernet si sak (Stang, 2007: 73). Det er det kommunale barnevernet som møter klientane og som utfører det praktiske barnevernsarbeidet i møte med barn, unge og deira familiar. Difor er det dei kommunalt tilsette barnevernsarbeidarane som ofte vert omtala i pressa, mellom anna med kritikk av yrkesutøving og slutningar dei har teke. Det er desse som opplever kritikk når barnevernet har gjort feilvurderingar, eller noko har gått gale i ei barnevernssak. Like fullt er denne gruppa lite representert i forhold til hovudrøyster i debatten om barnevern. Fleire av mine artiklar med hovudrøyst frå ein barnevernsrepresentant er innsendte bidrag (til dømes debattinnlegg), og viser at barnevernet tar initiativ til å delta i debatten, sjølv om det framleis er representantar for barnevernet frå høgare hald som i størst grad er aktive.

Samanlikna med tidlegare analyser, viser mine samla funn ei auke i hovudrøyster frå barnevernet sine tilsette. Stang (2007: 70) viser i si analyse at representantar for barnevernet har hovudrøyst i 10 prosent av utvalet, samanlikna med 16 prosent i dette materialet. Biletet av auka deltaking frå barnevernet er ikkje like tydeleg dersom ein ser på 2004 og 2010 separat. Analysane av dei ulike periodane viser at talet på hovudrøyster frå representantar for barnevernet omtrent vart halvert mellom 2004 og 2010. Det er altså færre hovudrøyster frå barnevernet i materialet frå 2010. Sjølv om det totalt er fleire hovudrøyster i materialet enn

Stang (2007) fann, vil det difor ikkje vere reelt å indikere at det eksisterer ei auka deltaking over tid.

### **5.3.1 Barnevernet som ein av fleire kjelder**

Ovanfor har eg sett på i kor stor grad representantar frå barnevernet har hovudrøyst i artiklane. Vidare har eg også vurdert materialet ut i frå om barnevernet kjem til orde i artiklane, som ein av fleire kjelder. Dette vil seie at barnevernet ikkje har hovudrøyst i artikkelen, men framkjem som ei informasjonskjelde. I det samla materialet inneheld 35 prosent av artiklane ei ytring, eller ein kommentar, frå ein tilsett i kommunalt, statleg eller privat barnevern. At barnevernet er informasjonskjelde i over ein tredjedel av artiklane tolkar eg som relativt høgt, særleg med tanke på tidlegare slutningar om barnevernet si deltaking i debatten. Stang (2007) fann at barnevernet kom med innspel i 18 prosent av artiklane frå 1994/95 og 2004/05, og tolka barnevernet som lite aktive i forhold til å ytre seg i mediedebatten.

Ei undersøking av Sentio (2004a) viser at barnevernet har ytra seg i 19 prosent av artiklane i utvalet frå 2003. Barnevernet si deltaking vert i denne analysen fanga opp ut i frå ein samla variabel: “kjelde (intervjuobjekt)”. Det vert ikkje vurdert som hovudrøyst, men som ei generell kjelde, og eg oppfattar difor at variabelen fangar opp barnevernet som ein av fleire røyster i dei gjeldande artiklane. Det vil vere vanskeleg å samanlikne dette resultatet med mine funn, ettersom utvalet for denne studien er langt meir omfattande enn mitt eige. Like fullt er det interessant å merke seg at denne studien peikar på låg deltaking frå barnevernet si side, i ein mediedebatt om barnevern. Inntrykket frå denne undersøkinga er vidare at representantar for barnevernet oftast uttaler seg på generell basis, og først og fremst i saker som omhandlar økonomi, nedskjeringar, tiltak og omorganisering (Sentio, 2004a: 18).

I dei tidlegare studiane vert det argumentert for ulike grunnar til at barnevernskonsulentar og sakshandsamarar kan ha vanskeleg for å ytre seg i pressa. Sentio (2004b) presenterer funn om dei tilsette i barnevernet si praktisering av offentlegheit, og viser mellom anna at det eksisterer lite diskusjon på arbeidsplassen om korleis ein skal gå fram i høve førespurnader frå media. I lys av teoriar om organisasjonskultur vert det hevda at det eksisterer ein klient- og saksbehandlingsorientert kultur, og i liten grad ein informasjons- og kommunikasjonskultur i barnevernet (Sentio, 2004b: 27). Stang (2007) argumenterer for at barnevernsarbeidarar ofte



har eit skeptisk syn på media si framstilling av barnevernet, samt at dei kan vere kritiske til journalistar. Vidare legg teieplikta føringar for korleis ein kan ytre seg i pressa, og kan føre til at det i mange tilfelle er lettast å la vere å ytre seg. Det kan vere både for å forhindre at ytringar skal gå ut over dei involverte i saka, eller det kan vere fordi barnevernssaker er vanskeleg å snakke om, og at det difor er enklare å halde seg unna pressa. Stang (2007) hevdar at låg deltaking frå barnevernet sine tilsette i mediedebatten, er med på å forsterke eit bilete av eit lukka barnevern. Det er nærliggjande å tru at barnevernet i større grad vil virke suspekt og utydeleg når det både er lite aktivitet frå barnevernstilsette i pressa, og det er vanskeleg å få innsyn i korleis dei utfører sitt arbeid.

I lys av dei nemnde studiane, vil eg peike på ei tilsynelatande positiv utvikling av barnevernet si deltaking i mediedebatten. Materialet viser at barnevernet er informasjonskjelde i over ein tredjedel av artiklane, noko som er eit tydeleg større tal en funn frå tidlegare analyser. Det er vanskeleg å seie kvifor barnevernet ser ut til å vere meir aktive. Effekten av vilkårlege samantreff og naturlege svingingar i nyhendebiletet vil framleis vere ein faktor å ta omsyn til, og ein må ta høgde for at resultata kan skuldast tilfeldige årsaker. Like fullt viser resultatet ei såpass tydeleg endring frå tidlegare forskning, at det er eit interessant funn å diskutere.

Haldningskampanjar i barnevernet, med fokus på mediehandtering og meir openheit kan vere med på å skape medvit hos dei tilsette i barnevernet om korleis ein skal handtere ein dialog med journalistar. Det er mogleg at dette kan vere med på å skape meir openheit frå barnevernet si side, og meir deltaking i diskusjonane i pressa. Ei auka deltaking frå representantar frå barnevernet kan også vere eit argument for at teieplikta og vern om klientar ikkje nødvendigvis er motstridande med å ytre seg i pressa om generelle forhold. Dersom barnevernet er meir aktive i pressa kan det tyde på at fokuset på eit meir opent barnevern har hatt ei effekt. Dette gjeld både innan barnevernet, men kanskje like viktig også i samfunnet rundt. Mindre stigmatisering og negative stereotype framstillingar av barnevern, gjer det kanskje enklare for barnevernssarbeidaren å komme på bana utan å vere redd for å bli feilsitert eller feilaktig framstilt. Truleg er tendensen til meir nøytrale haldningar til barnevernet og meir deltaking frå barnevernet sjølv, to faktorar som gjensidig påverkar kvarandre. Mindre stigmatisering og meir legitimitet for barnevernet som profesjon kan vere ein viktig faktor med omsyn til auka aktivitet frå representantar for barnevernet i mediedebatten.

### 5.3.2 Hovudrøyster frå andre fagfolk

I tillegg til å diskutere om barnevernet er aktive i ordskiftet i pressa, vil det vere relevant å sjå etter andre offentleg tilsette si deltaking i mediedebatten. Som nemnt har yrke som politi, helsepersonell og skulepersonell ofte erfaring og tilknytning til det arbeidet som barnevernet utfører. Det er difor naturleg at andre offentleg tilsette vil ytre seg om barnevernssaker. Resultata viser at andre offentleg tilsette har hovudrøyst i 7 prosent av materialet. Medan barnevernet si deltaking i debatten ser ut til å vere større, ser det ut til å vere ein nedgang i aktiviteten frå andre offentleg tilsette, samanlikna med tidlegare forskning. Sett i lys av resultata til Stang (2007), illustrerer mine funn ein nedgang i hovudrøyster frå andre offentleg tilsette utanfor barnevernet. Stang viser at andre offentleg tilsette har hovudrøyst i 14 prosent av artikkane frå 1994/95 og 2004/05.

Utan at ein kan tolke desse endringane som fullstendige, illustrerer det eit endra bilete av kven som leier debatten om barnevern. Medan barnevernet si deltaking i debatten viser seg å vere større i mitt materiale, viser altså mine funn til ei lågare deltaking frå andre profesjonelle. Ved fyrste augekast ser det difor ut til at barnevernet sine tilsette i større grad er kjelder og røyster i media, framfor andre offentleg tilsette, som tidlegare har hatt ein større del av røystene. Det er vidare små forskjellar mellom dei to tidskutta når det gjeld hovudrøyster frå andre offentleg tilsette. Den fyrste tidsperioden (2004) viser at sju prosent av artikkane har hovudrøyst frå ein offentleg tilsett utanfor barnevernet, medan det tilsvarende talet for materialet frå 2010 er åtte prosent. Deltakinga frå andre fagfolk ser dermed ut til å vere ganske stabil i utvalet frå 2004 og 2010.

Ei oppsummering av forholdet mellom barnevernet og andre offentleg tilsette som kjelder indikerer at barnevernet er blitt meir ope i form av at dei tilsette ytrar seg oftare i pressa, sjølv om det framleis ser ut til å vere barnevernsrepresentantar på høgare nivå som er mest aktive. Hovudrøyster og utsegn frå representantar for barnevernet vil vere med på å prege ein mediedebatt, og kanskje føre til færre negative stereotypiske framstillingar, og fleire nyanserte og rettferdige bilete av barnevernet sitt virke. Det vil truleg vere positivt for barnevernet sitt renommé dersom representantar for barnevernet har dominansen i debatten. Det kan også tenkast at det kan vere med på å framstille barnevern på ein meir rettferdig måte enn det tidvis opplever. I motsetnad kan det stå fram som uheldig dersom det i størst grad er andre profesjonelle og ekspertar som ytrar seg om barnevernet sitt arbeid, til dømes gjennom å kritisere barnevernet sitt arbeid. Det generelle inntrykket er at barnevernet i større grad enn

tidlegare talar eiga sak i pressa, trass i ein nedgang i hovudrøyster frå 2004 til 2010. På grunn av dette er det rett nok vanskeleg å seie om det i realiteten er ei auka deltaking, eller om resultatata skuldast tilfeldige samantreff som følgje av eit lite datagrunnlag.

## **5.4 Forskarar og intellektuelle si deltaking i debatten om barnevernsfeltet**

Forskarar og andre intellektuelle med kompetanse innan barnevernsfeltet, er også ei gruppe som kan tenkast å nøytralisere debatten om barnevern i media. Tidlegare forskning har vist at forskarar utgjer ein liten del av hovudrøyster i artiklar om velferdspolitiske tema generelt, og barnevern spesielt. Bay og (2003: 46) fann at forskarar og intellektuelle var hovudrøyst i sju prosent av artiklane om velferdspolitikk frå 1969 til 1999, medan Svallfors (1995) fann ein endå lågare aktivitet frå forskarar i dei svenske velferdspolitiske nyhendene (fire prosent). Desse studiane seier ikkje noko om artiklar om barnevern spesielt, men tala viser eit lågt tal for forskarar og intellektuelle si generelle rolle som hovudrøyster i velferdspolitiske pressedebattar. Stang (2007) viser til lågare deltaking frå forskarar og intellektuelle i sitt materiale, og av alle hennar artiklar fann ho berre *ein* artikkel der ein forskar utgjorde hovudrøysta.

Myers (1994) er oppteken av det same problemet som Bay og Saglie (2003), og særleg Stang (2007) peikar på. Han hevdar at profesjonelle, og spesielt akademikarar, har eit ansvar for å yta sitt i ein offentleg debatt, og nyansere eit ordskifte som ofte er prega av kritikk mot barnevern. Trass i at akademikarar medverkar til mykje forskning og kunnskapsproduksjon om barnevern, er dette stoff som sjeldan når ut til den generelle befolkninga (Myers, 1994: 101).

I tråd med Myers (1994) sine refleksjonar er det lite av barnevernsforskinga som er presentert i mitt materiale. Det er heller ikkje mykje av forkinga som vert gjort på barnevernsfeltet som kjem til syne i laussalspressa generelt. Funna viser eit anna bilete av forskarar og intellektuelle si deltaking i pressa enn dei tidlegare nemnde analysane. I motsetnad til Stang, som berre fann ein artikkel med forskar som hovudrøyst, er det tilsvarande talet for mi analyse 10 artiklar. 12 prosent av hovudrøystene i artiklane i materialet kjem frå forskarar og intellektuelle. Fem prosent av desse artiklane finn eg i 2004, medan dei restrande sju prosentane er artiklar frå 2010. Materialet viser med andre ord til auke i ytringar frå forskarar og intellektuelle.

Forskarar og intellektuelle si tilsynelatande auka deltaking i debatten om barnevern, vurderer eg som eit viktig funn. Endringa indikerer at denne gruppa er blitt meir aktive i barnevernsdebatten i seinare år. I tillegg er det fleire av tekstane som er forfatta av denne gruppa. Dette tilseier at det intellektuelle miljøet er engasjerte i spørsmål om barnevern. Fem av tekstane er forfatta av ein forskar eller intellektuell. Større grad av deltaking frå denne gruppa vil vere med på å nyansere saker om barnevern i pressa. Det vil truleg ta vekk mykje av det personifiserte fokuset, og rette merksemda meir mot organisatoriske og profesjonelle delar av barnevernet sitt virke.

Ei antaking om at det har skjedd ei endring mot at forskarar og intellektuelle bidreg med nyanserte utspel om barnevern, ser eg i samanheng med funna om ein meir nøytral debatt. Ei avgrensing ved tolkinga er at dette er ganske små tal å analysere, og at det difor kan skuldast tilfeldige årsaker ved utvalet. Like fullt viser det ein tendens til at forskarar og intellektuelle er mindre mediesky, og mindre redde for å snakke om eit vanskeleg tema som barnevern. Dette kan ha samanheng med meir legitimitet for barnevernet generelt, og meir fokus på openheit. For å oppnå mindre stigmatisering mot barnevernet, i form av stereotype og negative kritikkar i pressa, vil forskarar og intellektuelle sine bidrag i debatten vere ein viktig faktor.

## **5.5 Kjem barnevernet sine klientar til orde i debatten om barnevern?**

Medieoppslag om barnevern vert ofte knytt til einskilde episodar og skildringar av klientar sine opplevingar av møtet med barnevernet. Dette er særleg eit trekk som kan samanfattast med kjenneteikna for den tabloide pressekulturen. Pujik, Østbye og Øyen (1984) omtalar liknande nyhendeoppslag som *sosialreportasjar*. Denne typen sosialpolitisk stoff får ofte store overskrifter og bilete, og vert presentert på ein måte som gjer at det engasjerer og skapar kjensler hos folk (Pujik, Østbye og Øyen, 1984: 9), noko som har kjenneteikna framstillingane for fleire barnevernssaker i media. Pujik m.fl. (1984: 20-21) fann at informantane for denne typen saker skil seg frå det mønsteret som elles viser seg i forskning om kjelder i pressa. Informantane for sosialreportasjane var oftast ressursvake, og for barnevernssaker spesielt var informantane ”ekstremt ressursvake” (Pujik m.fl., 1984: 20 og 21). Dette er i tråd med Thomas Mathiesen (2002) sine betraktningar om at sosialreportasjen er ein mediesjanger der dei mindre ressurssterke kjem til orde. Han hevdar at media ofte framstiller desse sakene på ein måte som gjer mediet sjølv ein særleg framskutt og ærefull

plass for å "ordne opp" og forsvare den det gjeld. Ofte vert vedkomande sin vanskelege situasjon lagt fram for ansvarlege styresmakter eller andre som kan gjere noko (Mathiesen, 2002: 104).

Bay og Saglie (2003) viser at det er ei auke i talet på hovudrøyster frå klientar og pasientar gjennom deira samla materiale. Denne gruppa har hovudrøyst i 17 prosent av artiklane frå laussalsaviser frå 1993 til 1999 (Bay og Saglie, 2003: 51). Analysen til Bay og Saglie (2003) skil seg frå mi eiga ettersom den baserer seg på artiklar som omhandlar velferdspolitiske saker generelt, og i tillegg har eit tydeleg større materiale. Like fullt kan den vere med på å illustrere klientar si rolle i liknande mediedebattar, og setje mine eigne funn i eit større perspektiv. I forhold til barnevernsartiklar spesielt, viser Stang (2007: 78) at klientgruppa har 18 prosent av hovudrøystene. Ho finn ingen endringar mellom tidskutta. Det vil seie at klientgruppa jamt over er sentrale kjelder i ein stor del av materialet. Begge studiane viser til stor deltaking frå klientgruppa, både i velferdspolitiske saker generelt og om barnevernssaker spesielt. Med bakgrunn i dette venta eg å finne ein stor grad av røyster frå konsekvensespertane på barnevernsfeltet. I lys av både forskning og teoretiske betraktningar er det difor uventa at mine eigne funn viser til mindre grad av aktivitet frå klientgruppa. 13 prosent av hovudrøystene i materialet kjem frå klientane. Figur 5.2 viser i tillegg ein nedgang i stemmene til alle kategoriane som inngår i klientgruppa (foreldre, barnet i saka og andre pårørande).

Trass i den dalande aktiviteten frå klientane, er det framleis ei dominerande gruppe i debatten. Det er naturleg at denne gruppa ytrar seg, ettersom det er dei som kan fortelje om erfaringar frå møtet med barnevernet. Dette er konsekvensespertane på området, som veit "kor skoen trykkjer". Klientar kan ytre seg både med positive og negative erfaringar, men ofte er det klientar sine vanskelege og negative erfaringar med barnevernet som får spalteplass. Stang (2007) kommenterer at det kan vere problematisk dersom barnevernet sine tilsette teier, medan klientane ytrar seg. Det kan danne eit einsidig bilete av barnevernet sitt arbeid, og vilkåra rundt arbeidet.

Materialet viser derimot at representantar for barnevernet i større grad er hovudrøyster enn klientgruppa. Både fleire røyster frå barnevernet, og nedgang i tekstar med klientar som hovudrøyst, kan tyde på at det er eit mindre personfokus i materialet. I så fall er dette motstridande med betraktningar om den tabloide kulturen sin personfokuserte journalistikk. Eg har vurdert artikkelmaterialet ut i frå førekomsten av typiske sosialreportasjar. Eg hadde forventa at fleire av artiklane med ein klient eller pårørande som kjelde skulle bere preg av å

vere ei sosialreportasje. I heile materialet finn eg berre tre tekstar som har kjenneteikna for denne reportasjetypen. Ein av desse artiklane finn eg frå VG i 2004:

”Flyktningbarnet ”Aina” ble skilt fra mor. Hun lider av ”reaktiv tilknytningsforstyrrelse. Barnevernets behandling er nok en gang atskillelse fra foreldre og søster. Det er enighet om at foreldrene har god omsorgsevne. Likevel mener barnevernet i Lyngdal at ”Aina” er best hjulpet ved at hun skilles fra foreldrene og sin yngre søster. (...) – Da vi kom til Norge, var vi helt nedkjørte. Vi var innstilt på å få hjelp. Men så tok barnevernet datteren vår. Vi føler oss misforstått og straffet, sier faren Jaho Mujovic” (VG, 08.02.2004).



Figur 5.4, VG 8.februar 2004

Det er foreldra i saka som har hovudrøysta, og fortel om sin vanskelege situasjon. Nokre av kjenneteikna som gjer dette til ei sosialreportasje, er mellom anna framtoninga av artikkelen med bilete og overskrift, samt hovudrøysta sin posisjon som ressurssvak. I artikkelen står pressa fram med ein sosialpolitisk moral, og set fokus på den urettferdige situasjonen som har ramma eit par som er flyktingar i Noreg. Det vert argumentert for at foreldra ikkje får den same tilliten som norske foreldre normalt ville fått. Fleire av desse aspekta er i stand til å vekke kjensler hos lesaren, og kanskje undring ovanfor andre sine problem. Igjen spelar media sine tolkingsrammer og framstillingar ei stor rolle for korleis sakene vert presentert, og korleis kjeldene kjem til orde. Trass i at det ser ut til å vere ein nedgang i delen av hovudrøyster frå klientane, kan ein sjå nokre teikn til typiske personifiserte framstillingar i avisene. Delen sosialreportasjar er rett nok ikkje stor. Dersom utviklinga om mindre klientfokus stemmer, kan det i så fall sjåast i samanheng med færre negative framstillingar, som drøfta i førre kapittel.

Graden av klient- og personfokus vil i høg grad vere med å påverke korleis barnevernet vert framstilt. Dersom tilsette i barnevernet får meir eller like mykje merksemd som klientane, kan det i periodar føre til at barnevernet vert framstilt på ein betre måte en tidlegare rekna med.

Funn som tilseier at det er nedgang i hovudrøystene frå klientar og pårørande kan difor underbyggje påstanden om ein meir nyansert mediedebatt. I kva grad det eksisterer eit personfokus i barnevernsframstillingane vil eg drøfte vidare i neste kapittel, der eg stiller spørsmål om artiklane er vinkla mot personlege situasjonsoppfatningar.

## 5.6 Drøfting

Analysen syner tendensar til endring både med omsyn til kven som fører debatten og kven som engasjerer seg for barnevernet si tiltru. Barnevernet sjølv står i dette materialet fram som ei relativt aktiv stemme, både i form av hovudrøyster og som ein av fleire kjelder i artiklane. Trass i ein nedgang mellom 2004 og 2010, viser resultata til ein auka del hovudrøyster frå barnevernet si side, samanlikna med tidlegare forskning. Stang (2007) konkluderte med at barnevernet i liten grad var aktive i ordskiftet på eit tidlegare tidspunkt, og at det heller var andre profesjonelle som tala barnevernet si sak. I motsetnad til dette viser analysen at representantar for barnevernet i større grad deltar i debatten enn andre fagfolk. Barnevernet har tidvis vorte kritisert for å gøyme seg bak teieplikta, og vore skeptiske til pressa sine framstillingsmetodar. Gjennom Ask (2000) sine intervju med barnevernstilsette, finn ho at det stort sett vert knytt skepsis til måten barnevernet vert presentert på i media. Eit felles syn frå informantane er ynskje om mediemerksemd på generell basis, og mindre fokus på enkeltsaker. Ask finn grunnar til dette både ut i frå teieplikta, kompleksiteten for sakene og sårbarheit for dei involverte (Ask, 2000: 75). Hernes (1978: 190) skriv at media må bruke bestemte teknikkar for å fange merksemd (medievriding), og at dei som vil sleppe til i pressa difor må bruke dei same teknikkane for å fange media.

Tendensane i det samla materialet tilseier at representantar for barnevernet i mindre grad brukar teieplikta som orsaking for å la vere å ytre seg, samt at dei kanskje har eit betre grep om korleis ein kan kome til i den tabloide pressa utan å verte misforstått. Eg vurderer det som ei positiv utvikling at det i størst grad er barnevernet sjølv som er aktive, og ser indikasjonar på at barnevernet i større grad enn tidlegare tar legitimitetskampen i media på alvor. Grunna nedgangen mellom dei to tidsperiodane er det rett nok vanskeleg å seie om dette er ei reel utvikling over tid, eller om mine resultat om deltakinga frå barnevernsrepresentantar skuldast tilfeldige svingingar i pressebiletet.

Vidare syner analysen ei auke i politisk deltaking mellom 2004 og 2010. Studiar har vist at både den politiske deltakinga ofte er låg med omsyn til barnevernssaker (Stang, 2007), og at aktiviteten frå politikarar er lågare i barnevernssaker enn i velferdspolitiske saker generelt (Bay og Saglie, 2003). Aktiviteten frå politikarar er ikkje veldig høg i materialet, men sett i lys av Stang (2007) sine funn kan det tyde på ein auka politisk barnevernsdebatt i VG og Dagbladet. Ei undersøking frå Sentio (2004c) finn ikkje grunnlag for å seie at politikarane sin generelle aktivitet for barnevernsarbeid er låg. Engasjementet til politikarane skjer ved å sjå på dei store linjene i barnevernsarbeidet, og i liten grad gjennom direkte involvering i det generelle arbeidet som vert gjennomført i sektoren (Sentio, 2004c: 3). Desse kjenneteikna er også gjeldande for denne analysen. Artiklane som er prega av politikarrøyster omhandlar ofte forslag til betring, og diskusjonar om strukturelle føringar for barnevernet som organisasjon.

Eit sentralt funn i kapitlet er ein merkbar aktivitet frå forskarar og intellektuelle. I lys av forskning om barnevernsframstillingar i media finn eg både ein uventa stor del røyster frå desse aktørane og ein auke mellom 2004 og 2010. I barnevernsartiklane til Stang (2007) utgjorde forskar/intellektuell som hovudrøyst ein minimal del av materialet, med *ein* artikkel. I dei velferdspolitiske artiklane til Bay og Saglie (2003) utgjorde denne gruppa 7 prosent av røystene, medan Gunnar Sæbø finn 2 prosent i presseoppslag om sosialhjelp (Sæbø, 1990: 38). Det vert altså peika på låg deltaking på barnevernsfeltet frå forskarar og intellektuelle frå fleire hald, og Hege Skjeie (2002: 199) skriv at akademia sin generelle forskansing i pressa kan sjåast via to spor: På den eine sida handlar det om akademisk vegring for å verte framstilt i eit medialt språk der formidlinga av budskapet vert for enkel, unyansert og upresis, medan journalistar på den andre sida kan oppleve den akademiske vegringa som forsøming frå ein offentleg debatt. Skjeie (2002) kommenterer forskardeltaking ut i frå ei rekkje intervju gjort av institusjonelle leiarar hausten 2000 og vinteren 2001. Trass i betraktningane om laber forskardeltaking kommenterer ho at svært få av akademia sine leiarar faktisk opplever seg feilsitert eller skeivt referert når dei *har* delteke i pressa. Skjeie (2002: 200) nemner at dette er eit bidrag til debatten om vinklingsjournalistikken og at det i så måte er ein honnør til journalistisk formidlingsverksemd. 13 prosent hovudrøyster frå forskarar og intellektuelle i barnevernsframstillingane er rett nok ikkje en veldig stor del av materialet, men viser like fullt ein oppgang i forskaraktiviteten, og kan indikere at denne gruppa er mindre mediesky enn tidlegare rekna med.



Vidare skil analyseresultata mine seg noko frå tidlegare studiar med omsyn til klientgruppa si deltaking. 13 prosent av hovudrøyster frå klientar er ikkje ein veldig liten del i seg sjølv, men samanlikna med tidlegare funn er det færre røyster. I tillegg er det ein nedgang i klientane si deltaking mellom dei to tidsperiodane. Utfordringa med eit veldig klientfokus i barnevernssaker kan vere at det berre vert presentert ei side av saka, særleg dersom barnevernet unngår å kommentere saksforholdet. Ettersom barnevernsrepresentantar faktisk har ein større del røyster enn klientgruppa, er denne problematikken ikkje tydeleg i materialet. Tvert i mot ser det ut til at fleire andre grupper enn klientane er med på å nyansere omtalane.

Eg vurderer funna som samanfattande med resultata frå førre kapittel, der tala viste til ein stor grad av nøytrale og positive framstillingar av barnevern. I forhold til den meir balanserte haldninga i artikkelmaterialet, kan det sannsynlegvis stemme at avsenderane og hovudrøystene har endra seg noko. Representantar for barnevernet, politikarar, forskarar og intellektuelle er relativt aktive i debatten frå 2004 og 2010, og ei følgje av dette kan vere ein meir profesjonell og fagleg inspirert debatt. Førebels er det lite i materialet som tyder på at VG og Dagbladet sin journalistikk om barnevern vert ført av fullstendige tabloide og arketyperiske retningslinjer. Derimot viser det at ein kan finne seriøs journalistikk i dette formatet, noko som aktiviteten til dei nemnde gruppene kan indikere.

Sjølv om det er mykje som tyder på ei endring mellom materialet og tidlegare forskning, må desse samanlikningane sjåast med eit visst atterhald. For det fyrste er det avgrensa kor mykje ein kan stole på komparasjonen på grunn av variasjonar i utval. Dette må tolkast som indikasjonar på endring heller enn visse konklusjonar. I tillegg er datamaterialet for denne og tidlegare studiar relativt avgrensa. Dette tilseier at ein ikkje kan generalisere resultata til å gjelde heile biletet av barnevern i media. Trass i utfordringar med omsyn til samanlikningar er det like fullt relevant å sjå mine egne funn i lys av den tidlegare forskinga. Det er også fruktbart å diskutere teikn til endringar i barnevernsframstillingane. I neste kapittel vil eg gå nærare inn på korleis sakene om barnevern vert belyst og vinkla i pressa for å få eit meir heilskapleg bilete av korleis barnevernet vert framstilt i laussalspressa.



## 6 Korleis er barnevernssakene vinkla?

Tema for dette kapitlet er å drøfte korleis avisartiklane vinklar omtalar barnevern og korleis barnevernssakene vert belyst. Omgrepet vinkling er knytt til det engelske ordet *framing*, som viser til korleis media skildrar og handsamar dei einskilde sakene. I følgje Waldahl (1999) handlar det om kva som vert problematisert, kva slags bakanforliggjande årsaker som vert peika på, og kva moglege løysingar som vert skissert. Det handlar vidare om kva som vert ekskludert og inkludert, samt kva element ved saka som mediet vel å trekkje fram (Waldahl, 1999: 219). Igjen viser dette til media si makt til å forme og skape inntrykk gjennom pressa. Desse eigenskapane er med på å framstille eit samfunnstema, til dømes barnevern, og spelar ei stor rolle for korleis publikum oppfattar og vektlegg det. Evna til å vinkle saker på denne måten vert kalla det andre dagsordennivået: *“Først velger mediene å prioritere noen saker fremfor andre, deretter velger de å fremstille de utvalgte sakene på bestemte måter. Begge deler påvirker publikums forståelse av saken og dens viktighet i samfunnet”* (Waldahl, 1999: 220).

I fyrste del av dette kapitlet vil eg analysere fem ulike kategoriar for vinkling i forhold til korleis dei utvalde sakene om barnevern er framstilt, og om det eksisterer endringar på dette området. Utgangspunktet er Stang (2007) sine verdiar for variabelen vinkling, der forsøket er å byggje vidare på resultatane frå denne studien. I andre del av kapitlet vert det gjennomført ei analyse der to nye kategoriar for variabelen vinkling vert tilført. Årsaka til denne doble analysen er nytteverdien av å behalde det komparative perspektivet, samstundes som dei to nye kategoriane i større grad er tilpassa artikkelmaterialet.

### 6.1 Del 1: Vinklingar om barnevernet sitt virke og deira klientar

Korleis journalistane vel å vinkle ei sak, spelar ei stor rolle for det uttrykket som vert skapt. Det er avgjerande om artiklar om barnevern er belyst frå barnevernet sin ståstad eller til dømes frå kritiske foreldre sin situasjon (Stang, 2007: 87). Vinklinga i barnevernsartiklane vil difor påverke korleis barnevernet vert framstilt i mediedebatten.

I analysen av kva temaområde som får merksemd i mediedebatten om barnevern, er variabelen vinkling mest sentral. I det følgjande vil eg nytte fem kategoriar for å avdekke korleis barnevernsartiklane i pressa er vinkla:

1. Barnevernet sine arbeidsvilkår
2. Yrkesutøving og slutningar i barnevernet
3. Barnet sin situasjon og situasjonsoppfatning
4. Foreldra sin situasjon og situasjonsoppfatning
5. Anna

Desse kategoriane handlar ikkje om teksten er framstilt i eit negativt eller positivt lys, ei heller om kven som ytrar seg. Målet med denne kategorien er å få fram korleis barnevernsartikkelen vert vinkla, det vil seie korleis saka vert belyst og kva tematikk som vert omtala.

Den fyrste kategorien *barnevernet sine arbeidsvilkår* fangar opp dei tekstane som omhandlar korleis det er å arbeide med barnevern, eller kva føresetnader dei tilsette i barnevernet arbeider under. Til dømes kan dette vere lønnsforhold eller arbeidspress på eit barnevernkontor (Stang, 2007: 88).


Med kategorien *yrkesutøving og slutningar i barnevernet* vert det sett etter artiklar med omtale av korleis barnevernet har handla i ulike situasjonar. Dette er altså omtalar av barnevernet sitt arbeid, og deira slutningar som vert tekne i det daglege arbeidet med barnevern. Dette kan til dømes vere omtalar av barnevernet som anten har gripe inn for tidleg eller latt vere å gripe inn. Eller det kan vere generelle ytringar om avgjersler som barnevernet har teke i ei sak. Vidare kan det handle om tilbakemeldingar på tiltak som barnevernet har sett i gang.

Artiklar som vert belyst frå *barna sin situasjon eller situasjonsoppfatning* legg barna sine interesser til grunn for omtale av saka (Stang, 2007: 88). På same vis som eg ser etter tekstar med fokus på barna sin situasjon, er eg ute etter å finne artiklar som set fokus på *foreldra sin situasjon eller situasjonsoppfatning*. For begge desse vinklingane vil det vere store variasjonar i kva tema som vert teke opp. Felles for tekstane er at det er klienten (anten barnet/ungdomen eller foreldra) sin situasjon i møtet med barnevernet som er i fokus.

Nokre av artiklane var utfordrande å kategorisere i ein kategori, ettersom dei kunne passe under fleire kategoriar. Som eg har gjort tidlegare i kodinga, har eg i desse tilfella sett etter det


heilskapelege inntrykket for korleis teksten er vinkla. Mi vurdering av kva som har vore hovudvinklinga i desse tilfella har naturleg nok vore prega av skjønn.

### 6.1.1 Korleis er artiklane vinkla?



Figur 6.1: Oversikt over vinkling, samla for 2004 og 2010. Prosentvis framstilling. N=81.

Figur 6.1 viser at det er flest vinklingar i materialet som omtalar barnet sin situasjon, og at det deretter er noko mindre fokus på arbeidsvilkår og yrkesutøving frå barnevernet si side. Ein merkbar del av materialet vart i denne omgang koda under andre vinklingar, medan den minst representerte vinklinga i heile materialet er fokus mot foreldra sin situasjon eller situasjonsoppfatning. Vidare kan ein lese av figur 6.2 at det skjer visse endringar mellom dei to tidsperiodane. Det er særleg teikn til færre omtalar av korleis dei tilsette gjennomfører og tek avgjersler i det daglege arbeidet, samstundes som det er fleire omtalar av kva vilkår barnevernet arbeider under. Vinklingar mot barnet sin situasjonsoppfatning har også ein nedgang mellom 2004 og 2010.



Figur 6.2: Oversikt over vinkling, separert for 2004 og 2010. Prosentvis framstilling. N=81.

## 6.2 Barnevernet sine arbeidsvilkår

Figur 6.1 viser at 21 prosent av artiklane omhandlar barnevernet sine arbeidsvilkår, noko som utgjer 17 av artiklane i det samla materialet. Medan 13 av artiklane frå 2010 omhandlar barnevernet sine arbeidsvilkår, var det fire artiklar med tilsvarende vinkling frå 2004. Dette syner ei auke i artiklar med fokus på arbeidsvilkåra til barnevernet. Under viser eg eit døme frå 2004 som viser korleis dei tilsette i barnevernet møter utfordringar på grunn av stram økonomi:

”Økonomene ødelegger”

”Jan Storø (barnevernspedagog) har selv 30 års fartstid innen barnevernet. Han mener lojalitet til økonomer og innsparingskåte kommuneledere kan ødelegge for kreativiteten i barnevernet. Nå oppfordrer han ansatte til ikke å vere så lydige. (...) Storø tar til orde for at barneverns ansatte bør protestere når bevilgningene strammes inn. -Jeg mener barnevernsfolk bør rope høyere når budsjettene blir trangere. (...) Barnevernet er for tid under et enormt press for å løse nesten umulige problemer, helst uten å bruke penger. Dette er i ferd med å forandre feltet, og jeg frykter denne utviklingen. Godt barnevern koster faktisk penger” (Dagbladet, 03.02.2004).

Til slutt påpeikar Storø at barnevernet må bli meir ope:

”- En offentlig etat med så mye makt som vi har, kan ikke bare oppholde seg på siden av samfunnet. Heldigvis er vi kommet litt i gang med å åpne opp, men det er veldig langt igjen, sier han” (Dagbladet, 03.02.2004).

Artikkelen handlar om korleis økonomiske føresetnader pregar arbeidet innan barnevernet. Det er ein nøytralt lada artikkel, der barnevernspedagogen Jan Storø etterlyser meir sjølvkritisk refleksjon i arbeidet. Han hevdar at barnevernet sine arbeidsmetodar med fordel kan bli meir kreative for å oppnå gode løysingar trass i stram økonomi. Artiklar som set fokus på arbeidsvilkår, vil etter mi oppfatning setje fokus på andre sider ved barnevern enn det som oftast framkjem i mediedebatten. Vinklingar som denne kan vere med på å syne situasjonen til dei som faktisk arbeider med barnevern, og setje fokus på forklarande faktorar som gjer arbeidet vanskeleg, til dømes mangel på økonomiske tilskot som vist her.

I tillegg til at det er ei utvikling mot meir fokus på barnevernet sine arbeidsvilkår frå 2004 til 2010, kan ein spore endringar i forhold til tidlegare analysar. Frå 1994/95 og 2004/05 fann Stang (2007) at 10 prosent av artiklane var vinkla mot arbeidsforhold. Tendensen til auke i denne typen vinklingar vert difor forsterka i lys av tidlegare forskning. Som nemnd tidlegare kan lite innsyn og lite kunnskap om barnevernet sin arbeidskvardag og arbeidssituasjon, vere med på å skape uvisse og skepsis til deira virke. Truleg vil fleire omtalar av barnevernet sine arbeidsvilkår bidra til å skape auka forståing for arbeidet. Ved å vise utfordringane som eksisterer i barnevernsarbeid, og setje fokus på arbeidsvilkåra for dei tilsette, kan det tenkast at ein oppnår eit meir nyansert bilete av barnevernet og deira virke. Av dei 17 tekstane i materialet med denne typen vinkling, har dei fleste ei nøytral haldning, og berre tre av tekstane er negative. Det ser difor ut til at denne typen vinkling er med på å skape eit nøytralt og balansert bilete av barnevernet.

I førre kapittel diskuterte eg om barnevernet sine tilsette er aktive med omsyn til å skape eit tillitsfullt bilete av barnevernet i pressa, og viste at aktørar frå barnevernet i større grad er hovudrøyster i debatten, samanlikna med tidlegare forskning. Det kan difor vere nærliggjande å tru at barnevernet er aktive røyster i saker som er vinkla mot eigne arbeidsvilkår. Materialet viser derimot at representantar for barnevernet har hovudrøyst i fire av dei 17 artiklane med denne vinklinga. Det er difor lite som tyder på at barnevernet sine tilsette er spesielt aktive røyster med omsyn til slike saker.

## 6.3 Yrkesutøving og slutningar i barnevernet

Artiklar som omhandlar yrkesutøvinga i barnevernet utgjer 19 prosent av materialet. Det er eit vidt spekter av tema som vert teke opp i disse sakene, og det skildrar både positive og negative omtalar av barnevernet sine slutningar. Mellom anna omhandlar desse sakene opp situasjonar der barnevernet feilaktig har lete vere å gripe inn, barnevernsarbeid med minoritetar, samt eit tilfelle der foreldre takkar barnevernet for god hjelp. Ein artikkel som har fokus på yrkesutøving er ein artikkel frå Dagbladet i 2010. Den omtalar korleis barnevernet handla ovanfor ein 17 år gammal gut på tur i Thailand, i regi av ein privat barnevernsinstitusjon.



Figur 6.3 Dagbladet 9.mars 2004.

”Det private barnevernet sendte 17-åringen alene hjem fra Thailand. Med seg i bagasjen hadde han nyinnkjøpte våpen. Politiet på Gardermoen inndro fire slåsshandsker, en batongkniv, en springkniv og en teleskopbatong da gutten kom til Norge. Den såkalte verstingen fikk 4000 kroner i bot for forsøk på ulovlig innførsel av våpen. De to ledsagerne fortsatte oppholdet i ferieparadiset” (Dagbladet, 09.03.2004).

Vidare i artikkelen vert den private barnevernsinstitusjonen Oppatt O Atte AS skildra som ein lite seriøs institusjon, som er gått konkurs på det tidspunktet artikkelen vart skriven.

”Tilsynsrapportene frå Oppatt O Atte AS på Notodden gir et lite innblikk i norsk barnevern. (...) Ved første tilsyn fant fylkesmannen ingen institusjon i det hele tatt på oppgitt adresse. Tre ungdommer med alvorlige atferdsvansker viste seg å bo alene på hybler i byen. Mannen som ledelsen hevdet var faglig ansvarlig, insisterte på at han ikke ville være det. Han tok avstand fra plasseringene på Notodden. Turnusplanen viste at bare èn person skulle ta seg av de tre ungdommene i byen. En av bakvaktene bodde i Bergen, en annen i Fredrikstad. I juli slo så barnevernet i 17-åringens



kommune alarm etter å ha snakket med gutten, som fortalte blant annet følgende om ukesturen til Thailand: Han var mye alene. Han kjøpte både hasj, piller og krystallisert amfetamin, og ruset seg mesteparten av tiden. Gutten ble blakk, men fikk låne mer penger av daglig leder. (...) I følge daglig leder ved Oppatt O Atte AS merket han ikke at gutten hadde ruset seg. Hansen var ukjent med våpenkjøpet” (VG, 09.03.2004).

Artikkelen har etter mitt syn ei negativ framstilling av barnevernet, og er svært kritisk til slutningane til dei tilsette ved den private barnevernsinstitusjonen. Institusjonen vert framstilt som lite seriøs, og med særskilt dårleg yrkesutøving på sitt felt. Det vert kommentert i artikkelen at det kommunale barnevernet tok grep etter å ha snakka med gutten, men det overordna inntrykket frå artikkelen er eit privat barnevern som ikkje har gjort jobben sin.

Materialet viser at 27 prosent av artiklane frå 2004-perioden omhandlar yrkesutøving og slutningar hos barnevernet, medan det tilsvarende talet for 2010-perioden er 8 prosent. Ut i frå desse tala kan ein sjå ein merkbar nedgang i denne typen vinklingar mellom mine to tidskutt. I lys av tidlegare forskning, viser materialet til mindre omtale av korleis barnevernsarbeidarar utfører sine oppgåver, og tar avgjersler i det daglege arbeidet. Stang (2007) finn at 37 prosent av materialet frå 1994/95 og 2004/05 omhandlar arbeid og avgjersler i barnevernet. Ho finn også ein dalande omtale av denne typen vinkling mellom sine to tidskutt. Skildringa av artiklane, samanlikna med tidlegare periodar, kan ikkje vise til ei konsekvent nedgang av denne typen vinklingar i mediedebatten. Like fullt viser det ein tendens til mindre omtalar av barnevernet si yrkesutøving. Dette kan indikere at pressa i mindre grad er opptekne av barnevernet sine avgjersler og slutningar i det daglege arbeidet. Kanskje er dette positivt for barnevernsframstillingane som vert skapt gjennom pressa, ettersom inntrykket tilseier at det er flest negative omtalar om korleis barnevernet utøver sitt arbeid (Stang, 2007: 91). Dømet ovanfor viser kritikk mot barnevernet sitt arbeid, sjølv om ikkje det ikkje er eit typisk preg for artiklane i denne kategorien. Rett nok er det lite grunnlag for å seie noko om kva type haldningsladning desse tekstane peikar mot i materialet, ettersom artiklane er delt ganske likt mellom negative haldningar på den eine sida, og balanserte og positive på den andre.

Det er variasjonar i forhold til kven som ytrar seg i sakene om yrkesutøving og slutningar. Det er inga spesiell gruppe som utpeikar seg som hyppige hovudrøyster, og fleire av artiklane har inga definert hovudrøyst. Berre to av dei 17 artiklane som omhandlar barnevernet si yrkesutøving og slutningar, har ein representant for barnevernet som hovudrøyst. Trass i at eg i førre kapittel kunne vise til meir deltaking frå barnevernet sine tilsette i debatten, viser desse funna at barnevernet ikkje er særleg aktive i forhold til å kommentere sitt eige arbeid i pressa.

## 6.4 Foreldra sine situasjonsoppfatningar

Artiklar med utgangspunkt i foreldra sin situasjon utgjer ein sær s liten del av materialet. Det er ein artikkel i 2004 og ein i 2010 med denne typen vinkling. Med andre ord er det jamt over for begge periodane svært få artiklar som Slikdrar korleis foreldre opplever møtet med barnevernet i materialet. Begge artiklane som har fokus på korleis foreldra opplever møtet med barnevernet er nemnd tidlegare i teksten. Den fyrste vart omtala i kapittel 4, som eit døme på positiv haldning til barnevernet, ettersom den omhandla eit foreldrepar som takka barnevernet for deira hjelp. Den andre artikkelen er ein negativ artikkel, nytta som døme på ei sosialreportasje i kapittel 5, der eit foreldrepar som er flyktingar føler seg misforstått og feilbehandla av det norske barnevernet. Samanlinka med tidlegare periodar finn eg langt færre vinklingar om foreldra sin situasjon. I materialet frå 1994/95 og 2004/05 fann Stang 15 prosent artiklar med denne typen vinkling (Stang, 2007: 93), og det er ei jamn fordeling mellom dei to tidskutta. Mine funn viser altså ein stor nedgang i framstillingar av foreldra sin situasjon eller situasjonsoppfatning.

Dei to artiklane frå materialet som tok opp foreldra sin situasjon viser som sagt både ein negativ og ein positivt lada artikkel. Det faktum at det er så få artiklar gjer det vanskeleg å seie noko om kva haldningsladning som dominerer for desse vinklingane. Kanskje er det sannsynleg at desse framstillingane ofte er prega av frustrerte historier frå foreldre sitt møte med barnevernet, slik som sosialreportasjen om flyktningsfamilien illustrerer, men det er ikkje grunnlag i materialet for å slå fast dette. Stang (2007) indikerer at artiklane som tar utgangspunkt i foreldra i fleire tilfelle viser seg å kritisere barnevernet for å ikkje ha gjort nok for å hjelpe barnet.

## 6.5 Barna sine situasjonsoppfatningar

Artiklar om barna sin situasjon eller deira situasjonsoppfatning utgjer over ein tredjedel (38 %) av mitt materiale. Fordelinga mellom tidskutta viser til ein nedgang i denne type artiklar. 19 artiklar i 2004 og 12 artiklar i 2010 omhandlar barna sin situasjon. Talet på artiklar som har barna i fokus er jamt over høgt, både for det samla materialet, og for dei ulike periodane separert. Følgjande Dagbladet-artikkel frå 2004 er eit døme på ei vinkling mot barnet i saka sin situasjon:

”Etter et møte i går mellom bydelsdirektøren, avdelingssjefen og den nye barnevernslederen i bydel gamle Oslo, ble beslutningen fattet: Vedtaket fra 28. oktober der barnevernet sier opp Lindas fosterhjem fra 18-årsdagen, er omgjort. Vedtaket som ville tvunget Linda ut av sitt trygge nærmiljø til en institusjon, er slettet. – Nå er vi trygge. Det vil si, vi er trygge til neste gang, for vi stoler ikke på barnevernet lenger. Vi tør ikke, sier Malvin Hansen, fosterfaren til Linda, på Høyjord i Andebu. (...) Linda har vært sikker hele tida: Livet hennes er hos mor og far, vennene og bandkompisene. (...) Jenta var fem år da hun kom til Bjørg og Malvin, nesten uten verbalt språk. Lindas biologiske mor er død. Men Linda er sterk, morsom og velfungerende. – Vi har måttet kjempe så veldig hele veien for alt vi har fått igjennom for Linda. Men den følelsen barnevernet gir meg er at vi er vanskelige. Alt er vår skyld, sier Bjørg. (...) Foreldrene har hatt mareritt om Linda alene blant fremmede på et nytt sted. Uten å kjenne de fysiske omgivelsene, uten nærmiljøet sitt og uten den tilliten som gjør at Linda trives (Dagbladet, 07.01.2004).”

Artikkelen omtalar om ein konflikt mellom Oslo kommune og fosterforeldra, med grunnlag i barnevernet sitt vedtak om at døvblinde Linda må flytte ut frå fosterheimen ho har vakse opp i når ho fyller 18 år. Trass i at fosterforeldra har hovudrøysta i artikkelen, og ytrar seg om sine opplevingar, er det Linda (barnet i saka) sin situasjon som er i fokus. Ho har behov for å bu i dei trygge omgjevnadane som fosterforeldra og omgjevnadane rundt gjer ho. Artikkelen stiller barnevernet i eit negativt lys, på grunn av det feilaktige vedtaket. Av dei 31 artiklane som er vinkla mot barnet sin situasjon eller situasjonsoppfatning, er heile 18 av dei negativt lada. Materialet viser dermed at denne typen framstillingar ofte er negative. Det kan tenkast at mange av desse artiklane er prega av ein mediedramaturgi som krev både ei forenkling og tilspissing (jamfør Hernes 1987), og som på ein tilspissa måte presenterer problematiske sider ved å vere barnevernsbarn.

I forhold til tidlegare forskning byggjer materialet vidare på ei tru om at det er ein stor del vinklingar mot barnet sin situasjon i mediedebatten om barnevern. Materialet viser lang færre omtalar med fokus på foreldra sin situasjon enn i tidlegare periodar, men ei auke i vinklingar mot barna sin situasjon, samanlikna med kva Stang (2007) fann frå 1994/95 og 2004/05. Ho fann 29 prosent artiklar i denne kategorien, medan dette materialet viser ein oppgang til 38 prosent. Rett nok er det ein nedgang mellom 2004 til 2010, men det er framleis eit stort fokus på korleis barna har det i barnevernssaker i pressa. Av dei 31 tekstane i materialet er 18 negative, medan dei resterande 13 er nøytrale eller positive. At majoriteten av omtalane om barna sin situasjon er negative, er ikkje uventa. Ofte er dette kritikkverdige historier om enkeltpersonar, eller det kan vere generelle omtalar på vegner av barn som opplever omsorgssvikt. At pressa omtalar barnevern frå barnet sitt ståstad er både naturleg og viktig,

ettersom barn ikkje har høve til å tale si eiga sak i offentlegheita. Det er eit vidt spekter av grupper som taler barna si sak, noko som viser at både forskarar, barnevernsrepresentantar og politikarar engasjerer seg for korleis barna opplever møtet med barnevernet.

## **6.6 Del 2: Vinklingar om organisering og utvikling av barnevernet**

Den fyrste delen av analysen har teke opp variabelen vinkling som ei forlenging av tidlegare forskning, og til no i dette kapitlet har eg analysert materialet med utgangspunkt i Stang (2007) sine variabelverdiar, ettersom det gjer meg større grunnlag for å byggje vidare på denne studien. Dei tidlegare omtala kategoriane vil framleis verte koda ut i frå same kriterium som tidlegare i analysen. Den vidare delen av analysen er i større grad er tilpassa mitt eige artikkelmateriale, ettersom eg opplevde desse kategoriane som noko mangelfulle i forhold til materialet. Eg gjennomfører difor ei dobbel analyse av variabelen vinkling, der eg i denne omgang tilfører to nye verdiar: *Ressursar og utvikling i barnevernet og privat / offentleg barnevern*. Med desse nye verdiane meiner eg å kunne få fram vinklingar som er relevante for materialet. Fleire av artiklane i materialet opplevde eg som vanskeleg å kategorisere inn i dei tidlegare kategoriane, noko som truleg er medverkande til at 20 prosent av materialet vart kategorisert som *andre* i fyrste del av dette kapitlet. Til saman har eg i denne delen av analysen altså 7 kategoriar som skal fortelje om vinklingar i forhold til barnevern i pressa:


1. Barnevernet sine arbeidsvilkår
2. Yrkesutøving og slutningar i barnevernet
3. Barnet sin situasjon og situasjonsoppfatning
4. Foreldra sin situasjon og situasjonsoppfatning
5. Ressursar og utvikling i barnevernet – eller organisasjon/ organisering?
6. Privat / offentlig barnevern
7. Andre

Kategorien *ressursar og utvikling i barnevernet* omhandlar moment som angår barnevernet som organisasjon, veksten i barnevernet dei siste åra, samt tema som tek opp korleis barnevernet kan styrkast i framtida. Det går i stor grad ut på ressursfordeling, i tillegg til krav til auka kompetanse og betre utdanning, samt forvaltning og behov for fleire stillingar. Desse artiklane omhandlar altså barnevern på eit meir strukturelt nivå enn klientar, foreldre og dei


tilsette sine forhold. Eit overordna blick over desse artiklane gjorde at eg valde å kategorisere tekstane til å omhandle ressursar og utvikling i barnevernet.

Mange av artiklane i materialet omhandlar problemstillingar i forhold til private barnevernsinstitusjonar, og eg vurderte det difor som relevant å ha med kategorien *privat / offentlig barnevern*. Fleire av desse artiklane har ikkje fokus på verken klientar eller dei tilsette i barnevernet sin situasjon, men omtalar utfordringar i organiseringa mellom det private og offentlege barnevernet.

Den nye framstillinga som er vist gjennom figurs 6.4 syner at ein tydeleg del av artiklane hamnar innafor dei to nye kategoriane. Dei to alternativa for vinkling ser ut til å vere dominerande i kvar sin periode, noko figur 6.5 illustrerer. Privat og offentlig barnevern er i størst grad eit tema i 2004, medan artiklar som omhandlar vekst og utvikling berre er gjeldande i 2010-peioden. Før dei nye kategoriane vert presentert meir grundig, vil eg i korte trekk kommentere dei nye resultatata for dei tidlegare diskuterte kategoriane, ettersom to nye variablar vil skape endring med omsyn til tidlegare funn.



Figur 6.4: Variabelen vinkling med to nye kategoriar, for det samla materialet. Prosentvis framstilling.  $N=81$ .



Figur 6.5: Variabelen vinkling med to nye kategoriar, separat for 2004 og 2010. Prosentvis framstilling. N=81.

### 6.6.1 Barnevernet sine arbeidsvilkår II

I forhold til artiklar som siktar til barnevernet sine arbeidsvilkår, viser ein ny koding av materialet ein nedgang i denne typen vinkling. 12 prosent av det samla materialet er no vinkla mot arbeidsvilkåra i barnevernet, som gjer ein nedgang på ni prosent. Grunnen til dette er at fleire av artiklane som tidlegare vart plassert i denne kategorien etter mitt skjønn passa betre inn i ein av dei nye kategoriane. Eksempelvis omhandlar fleire av artiklane både ressurs- og kompetansebehov, som i fyrste omgang vart koda til å gjelde barnevernet sine arbeidsvilkår. Det vil ikkje nødvendigvis vere feil å kategorisere artiklane som det eine eller det andre, men etter mitt syn omhandla mange av dei meir om ressursar og utvikling i barnevernet sitt virke, enn direkte arbeidsvilkår. I forhold til at Stang (2007) fann 10 prosent artiklar om barnevernet sine arbeidsvilkår i materialet frå 1994/95 og 2004/05, viser altså funna til mindre endringar i denne typen vinklingar når det vert inkludert to nye kategoriar for variabelen vinkling.

### 6.6.2 Yrkesutøving og slutningar i barnevernet II

Etter omkoding av variabelen vinkling, viser dei nye resultata til færre artiklar som i hovudsak omhandlar yrkesutøvingar og slutningar i barnevernet sitt arbeid. Dei nye funna

viser til at 15 prosent av det samla artikkelmateriale tek opp tema som dette, mot 19 prosent i fyrste analysen. For denne typen vinklingar er det altså mindre endringar ved å tilføye nye verdiar. I forhold til tidlegare forskning er det framleis merkbart mindre omtalar om yrkesutøving og slutningar som tilsette i barnevernet gjer i sitt arbeid.

### **6.6.3 Barnet sin situasjon eller situasjonsoppfatning II**

Den nye kodinga av variabelen vinkling spelar ikkje særleg stor rolle for utfallet i forhold til verdien som omhandlar barna sin situasjon. Den fyrste delen av analysen viste at 38 prosent av artiklane omhandla barna sin situasjon eller situasjonsoppfatning, medan det tilsvarande funnet i denne omgang er 35 prosent. Det er framleis flest artiklar som er vinkla mot barnet sin situasjon, og dei nye verdiane påverkar dette resultatet i liten grad.

### **6.6.4 Foreldra sin situasjon eller situasjonsoppfatning II**

Talet på artiklar som omhandlar foreldra sin situasjon eller situasjonsoppfatning har ikkje endra seg etter omkodning av materialet. Mine funn viser framleis til lite artiklar som vinklar saka frå foreldra sin ståstad, der det i begge tilfelle av analysen viser til 3 prosent av materialet (som utgjer to artiklar).

## **6.7 Ressursar og utvikling i barnevernet**

Mange av artiklane i materialet omhandlar ressursfordeling, kunnskapsbehov, samt politiske planar og tiltak som skal betre og styrke barnevernet som profesjon. Det er med andre ord variasjonar i forhold til kva tema som vert teke opp. 14 prosent av materialet omhandlar tematikk om ressursar og utvikling av barnevernet, og alle desse artiklane er frå 2010. Eit innlegg frå barne-, likestillings- og inkluderingsminister Audun Lysbakken viser eit døme på debatten om vekst og utvikling i barnevernet:

“Grove overgrep og voldssaker henlegges. Frister brytes og barn får ikke tilsyn. Barneministeren lanserer seks tiltak for å sikre at barn får den hjelpen de trenger. Stadig flere barn og familier får hjelp av barnevernet. Veksten bare de siste ti årene har vært formidabel – i stillinger, men særlig i antall saker. (...) Utfordringene som barnevernet møter lar seg ikke løse over natten. Vi må satse målbevisst og langsiktig. Jeg ønsker å intensivere satsingen og har pekt på seks områder som jeg vil styrke for at barn og unge får den hjelpen de trenger” (VG, 30.03.2010).

Lysbakken peikar på fleire stillingar, auka kompetanse, tidleg inn med hjelpetiltak, bruk av politiattestar, mindre marknad for private barnevernstenester og ei evaluering av det statlege barnevernet som viktige tiltak for å styrke barnevernet i framtida (VG, 30.03.2010).

Artikkelen er eit godt bilete på diskusjonen som omhandlar ressursar og utvikling i barnevernet fordi den peikar på fleire aspekt ved barnevernet som bør styrkast, noko som gjeld for fleire av denne typen vinklingar.

Artiklane som skildrar ressursar og utvikling i barnevernet har ofte ei informasjonskjelde eller ei hovudrøyst frå aktørar som har eit profesjonelt forhold til barnevernet. Til dømes viser materialet at fleire artiklar som omhandlar ressursar og utvikling har ei hovudrøyst frå ein politiskar. Diskusjonen om politisk deltaking i debatten i førre kapittel viste ei auke i politiske ytringar: materialet viser til *ein* artikkel med hovudrøyst frå politiskarar i 2004, medan det tilsvarande talet for 2010 er seks artiklar. Det ser med andre ord ut til å vere ein samanheng mellom auke i vinklingar om ressursar og utvikling, og politisk deltaking. Denne typen artiklar er ofte nøytrale og balanserte, og vil truleg vere med på å nøytralisere biletet av barnevernet. Fokus på utvikling av barnevernet som organisasjon er ein viktig del av debatten om barnevern, ettersom den set fokus på områder som bør betrast. Den tydelege skilnaden mellom dei to tidsperiodane kan vidare vere ein indikasjon på at denne delen debatten har utvikla seg over tid, og at det er meir seriøse og ordentlege debattar om barnevernsfeltet. Fleire av artiklane i den seinare perioden omhandlar korleis ein kan fordele ressursar og følgeleg forbetre barnevernet i åra framover.

## **6.8 Privat versus offentleg barnevern**

Grunna auka behov for barnevernet sine tenester har fleire private barnevernkontor og institusjonar vorte oppretta. Noko av forklaringa kan, i følgje resultat frå Fafo, vere den auka byråkratiseringa barnevernet står ovanfor (Gautun, 2009). Behandling av saker tek difor lang tid i barnevernet sitt system. I pressa eksisterer det ein debatt om barnevernstenester fullt og heilt bør vere eit offentleg velferdstilbod, eller om det skal vere mogleg for private aktørar å tilby barnevernstenester. Ti prosent av materialet er vinkla mot ein diskusjon om privat eller offentleg barnevern. Dei fleste artiklane med denne typen vinkling er frå perioden i 2004. 16 prosent av artiklane i 2004-perioden, og tre prosent i 2010, har til emne privat eller offentleg barnevern. I denne Dagbladet-artikkelen frå 2004 kjem regiondirektør i Statens barnevern og familievern med ein replikk i ein pågåande diskusjon om private institusjonar.



“I et intervju med undertegnede i Dagbladets ellers så utmerkede serie om barnevernet, kan det etterlates det inntrykk at kjøp av barnevernsplasser i private institusjoner nå ikke skal adskille seg fra ordinær kommersiell virksomhet. Dette er imidlertid ikke verken dagens situasjon eller intensjoner for fremtiden. Tvert i mot vil det fortsatt være barnets beste og det aktuelle barns konkrete behov for hjelp som er og blir det overordnede hensyn. Dette hensynet har alltid vært førsteprioritet og vil også gjelde i den konkurransen om tilbud på private barnevernsplasser som nå er i gang, som et pilotprosjekt, i regi av Statens barnevern og familievern, region Vest. De 32 private institusjonene som deltar i konkurransen vil bli vurdert både på grunnlag av objektive kvalifiseringskriterier (som ordnet økonomi, regneskapsførsel etc), samt kvalitet og pris. (...) Først når hensynet til det enkelte barns behov, faglig og kvalitativt, er sikret, blir det relevant å vurdere pris og økonomi. For øvrig behøver det slett ikke, i hvert fall på sikt, være noen motsetning mellom hensynet til barnets beste og det samfunnsøkonomisk gunstigste” (Dagbladet, 12.02.2004).

Artikkelen er eit tilsvar til ein tidlegare artikkel som set konkurranseutsetjinga av barnevern i eit meir negativt lys. Spesielt i 2004 er det ein diskusjon som vert driven framover av ulike representantar, som diskuterer offentlege versus private barnevernstenester. Det er fleire private aktørar som vert nemnd (Lillesand-prosjektet, Nektar barnevern og Oppatt O Atte AS og Moseng Vestre AS), og dei vert skildra som meir eller mindre seriøse. Nokre av artiklane er reine informative tekstar som informerer om konkurs og nedlegging av private institusjonar. Eg finn 18 artiklar som omtalar institusjonsbruk i barnevernet, og ein stor del av desse artiklane siktar til private institusjonar. Rett nok har dei nødvendigvis ikkje ei vinkling i forhold til privat eller offentleg barnevern. Fleire av artiklane som gjeld institusjonar i forhold til barnevernet sitt virke, handlar om yrkesutøving og oppfølginga frå dei tilsette i tiltaket, eller om barnet sin situasjon. Det går i mindre grad føre seg ein diskusjon om privat eller offentleg barnevern i den seinare perioden, og det er difor vanskeleg å seie om førekomsten av desse sakene i 2004-perioden kan skuldast vilkårlige samantreff.

## **6.9 Omfang av enkeltsaker**

Frå fleire hald vert det peika på media sitt fokus på enkeltsaker og det individuelle. Eide og Hernes (1987) hevdar at media ofte søker å vere den vesle mann sin forsvarar i møte med dei store og byråkratiske organisasjonane. I så måte nyttar media enkeltindividet for å få fram kritikkverdige forhold, eller som Mathiesen (2002) er inne på: det samfunnstruande. Felles for begge perspektiva er at det er det spesifikke og personlege som er i fokus og har nyhende verdi. Det individualdramatiske paradigmet som Mathiesen nemner, har fellestrekk

med Shanto Iyengar (1991) sine betraktningar om eit episodisk nyhendeformat. Iyengar skil mellom episodiske og tematiske nyhendeformat, der førstnemnde legg vekt på spesielle hendingar og konkrete eigenskapar knytt til personar og saker. I følgje Iyengar (1991) er det særleg i amerikanske tv-nyhende ein klar og aukande tendens til meir episodiske framstillingar. Eit episodisk nyhendeformat tenderer til å individualisere årsaksforhold og politiske spørsmål (Iyengar, 1991: 2). Resultatet er at folk flest får eit fragmentert og konkretisert bilete av verda rundt seg, noko som i liten grad inviterer til ein generell og samanhengande forståing. På den andre sida vil eit tematisk format vektlegge generelle og meir abstrakte sider ved saka. Iyengar (1991: 129) hevdar at dei trykte media vil vere meir tilrettelagt for eit tematisk nyhendeformat, og at det difor er sannsynleg å finne meir av dette formatet i aviser og magasin.

Med utgangspunkt i betraktningar om pressa sitt individfokus, samt episodisk og tematisk nyhendeformat, er artiklane i materialet koda ut i frå om dei omtalar ei enkeltsak eller ikkje. At ein artikkel set fokus på ei enkeltsak betyr ikkje nødvendigvis at teksten referer til ein enkelt person, men at det er einskildpersonen sin private situasjon som er i fokus. Det kan altså vere andre som snakkar på vegner av klientar, men felles for artiklane er at dei skildrar ei enkeltsak i barnevernet. Som regel gjeld dette barnet i saka, foreldre eller andre pårørande si rolle som klient i barnevernet. Tabellen under viser korleis artiklane i materialet fordeler seg mellom enkeltsaker og generelle omtalar.

*Tabell 6.1. Omtale av enkeltsak eller generell omtale. N=81.*

	<b>Frekvens</b>	<b>Prosent</b>
Omtale av enkeltsak	27	33
Generell omtale	54	67
Total	81	100

Tabellen viser at eit stort fleirtal av artiklane har generelle omtalar av barnevern, og er i så måte ein motstykke til tidlegare forskning som viser at tabloidpressa i stor grad er prega av enkeltsaker og personifisering. Stang (2007) viste at 63 prosent av artiklane var omtale av ei enkeltsak, medan det tilsvarande talet for periodane i 2004 og 2010 er 33 prosent. Men omsyn til kva delar av barnevernet sitt arbeid som vert omtala, er ein tredel generelle omtalar av barnevernet sitt arbeid (fanga opp av variabelen hovudområde). Ein kan ikkje tolke denne

utviklinga som sikker, men i forhold til dei tidlegare funna i analysen vurderer eg dette som ei understreking i retning mot meir generelle barnevernsomtalar. På mange måtar verkar det som om dei dramatiske enkeltsakene, som ofte vert vurdert for å ha den største nyhendeverdien i tabloidkulturen, delvis er erstatta med ein meir reflektert debatt der hovudfokuset i større grad er generelle barnevernstema.

## 6.10 Drøfting

I dette kapitlet har eg forsøkt å finne svar på kva type saker som er i fokus i media sine framstillingar om barnevern. Er bileta er prega av kritisk velferdsjournalistikk eller personifiserte framstillingar? I fyrste del av kapitlet vart spørsmålet analysert med utgangspunkt i dekninga av barnevernet sine arbeidsvilkår, samt yrkesutøving og slutningar. Den fyrste vinklinga handlar i størst grad om forholda som barnevernet må jobbe under, medan sistnemnde ofte handsamar det konkrete barnevernsarbeidet, og særleg reaksjonane på avgjerslene. Eit tydeleg funn i analysen er auka fokus på barnevernet sine arbeidsvilkår. Veksten i desse sakene kjem til syne både mellom dei to tidsperiodane, og samanlikna med ei tidlegare analyse. Det ser ut til å vere eit skifte i fokus, der pressa er meir oppteken av arbeidsforholda, og mindre interessert i å skrive om yrkesutøving og slutningar i barnevernet. I så fall stemmer dette med at vinklingar om utøving og slutningar ser ut til å ha ein nedgang mellom 2004 og 2010, i tillegg til at eg finn færre slike vinklingar enn tidlegare forskning. Det vil vere naturleg å sjå dette i samanheng med kven som deltek i debatten. Det er i lys av analysen sine tidlegare resultat, som viste til større grad av deltaking både frå barnevernsrepresentantar, forskarar, intellektuelle og til ei viss grad politikarar ikkje eit overraskande funn. Det er nærliggjande å tru at det i stor grad er ytringar frå barnevernet som står bak denne tendensen, men materialet viser at det ikkje nødvendigvis er barnevernet sjølv som står bak det auka fokuset på deira arbeidsforhold.

Om det er journalistane som vel å fokusere meir på barnevernet sine arbeidsforhold, eller om det er andre grupper som handsamar temaet, er vanskeleg å seie. Like fullt er det med på å nyansere barnevernsdebatten, og det ser ut til å vere med på å fjerne fokuset på personlege framstillingar. At media ofte viser enkeltskjebnar som har erfaringar og kjenner seg dårleg behandla av helse- eller velferdsapparatet, er ikkje uvanleg. I mange tilfelle er det heller naturleg at pressa viser fram og avdekkjer kritikkverdige historier. Samstundes er det ei makt for forbrukarane av helse- og velferdstenester å kunne få merksemd om si historie i pressa.

Eide og Hernes (1987) peikar på at pressa i mange tilfelle forsøker å stå som eit mellomledd mellom den vesle mannen og dei store organisasjonane, og i så måte er ”den vesle mann sin forsvarar”. Ofte har desse nyhenda preg av å vere ei sosialreportasje.

Barnevernsfeltet kan på den eine sida vere vanskeleg å snakke om i pressa, på grunn av sensitiv informasjon og motsetningar mellom media og barnevernet si samfunnsrolle. På den andre sida har sakene stor nyhende verdi. Forholdet mellom individet og velferdsorganisasjonar i pressa er ikkje eit uproblematisk område, og nyhendesakene om barnevern kan reise ei rekkje etiske problemstillingar. Balansen mellom kva som kan karakteriserast som god og forsvarleg velferdsjournalistikk, og det som kan karakteriserast som ”sosialpornografi”, er hårfin. På den eine sida står pressa si samfunnsrolle sentralt, som inneber eit viktig demokratisk fundament i form av å setje søkelyset på forhold der det offentlege gjer overgrep mot enkeltindivid. På den andre sida står fortvile klientar eller pasientar, som kanskje kjempar ein vanskeleg kamp for å overleve, eller å forstå kvifor systemet har svikta. Ofte handlar det om einskildpersonar i særskilde vanskelege livssituasjonar, og i dette skjeringspunktet skal journalistar navigere innafor det som er god fagleg og etisk standard i pressa (Hafstad, 2006: 107).

Både mine resultat og tidlegare forskning viser at det i stor grad er fokus på personlege situasjonsoppfatningar i barnevernsartiklar. Frå fleire hald har barnevernet vorte kritisert for å vere eit *familievern* i større grad enn eit barnevern. Merete Eikanger (2006) tar mellom anna opp korleis pressa har tolka barnevernssaker som ei konflikt mellom to partar: Foreldre og barn på den eine sida, mot barnevernet og offentlegheita på den andre (Eikanger, 2006: 41). Dersom det vert sett likskapsteikn mellom barn og foreldre, er det ikkje uventa at barn sine oppvekstforhold kan kome i skuggen av foreldra sin situasjonsoppfatning. Barn vil alltid vere ei svak gruppe i samfunnet utan likeverdig evne til å tale si eiga sak i det offentlege. Dei vil difor vere avhengige av at andre talar for dei, og gjer omgjevnadane merksame på at barnevernet sin eigentlege agenda er å sikre barn sine oppvekstforhold og handle ut i frå barn sitt beste.

Som sagt finn eg ein stor del artiklar som er vinkla mot personlege forhold, men materialet seg noko frå nemnde betraktningar. Eg finn framleis ein stor del vinklingar mot barna sin situasjon, men overraskande nok finn eg minimalt fokus på foreldra sin situasjonsoppfatning. Det er altså ikkje eit eintydig bilete om at pressa fokuserer på korleis foreldra opplever møtet

med barnevernet, som mykje kritikk har sikta til. Tendensen i materialet viser at media i størst grad fokuserer på barna i barnevernssaker.

Samla sett viser analysane om barn og foreldre sin situasjon at det er ein nedgang i denne typen vinklingar både mellom 2004 og 2010, og i lys av tidlegare forskning. Kanskje har framstillingane om barnevern utvikla seg i retning av mindre personfokus. Eit vidare poeng i denne samanheng er nedgangen i enkeltsaker, og ein liten grad av sosialreportasjar. Sett i samanheng med dei tidlegare resultata i denne analysen er det ikkje uventa at artikkelmaterialet viser til liten grad av typiske sosialreportasjar. Med ein auka aktivitet både frå barnevernsrepresentantar, forskarar, intellektuelle og delvis politikarar, er det naturleg at debatten snur seg i ei meir generell retning.

Det er fleire faktorar som tyder på at barnevernsframstillingane i pressa har endra seg i retning av mindre fokus på individet, og meir fokus på organisering av barnevernet. Både diskusjonen om privat og offentleg barnevern, og ressursar og vekst, set eit anna perspektiv på barnevernsdebatten. Fleire av funna i analysen peika mot ein meir nøytral, sakleg og mindre personifisert mediedebatt i 2004 og 2010, enn det tidlegare forskning har peika på. Kanskje er debatten om barnevern i ferd med å ta ei retning mot ein meir kritisk velferdsdebatt, som tar sikte på å finne løysingar på problem ved barnevernet sitt virke i større grad enn å framstille sosialreportasjar om tragiske enkelttilfelle.



## 7 Avslutning

Målet med oppgåva var å finne svar på korleis barnevernet vert framstilt i den tabloide pressa, representert ved VG og Dagbladet. Rett nok er det vanskeleg å seie om resultatane er generaliserbare for tendensar i generelle medieomtalar av barnevernet, men det er fleire påfallande endringar som kjem fram i analysen.

For det fyrste kjem det fram at haldningane til barnevern er langt meir nøytrale og positive enn forventa. Det viser seg ei både endring mellom 2004 og 2010, og til tidlegare forskning. Det samla inntrykket er ein nedgang i negative omtalar, samt fleire positive og nøytrale. Fråveret at stereotypiske og stigmatiserande framstillingar forsterkar tendensen. Gjennom analysen finn eg faktorar som er med på å forklare kvifor debatten står fram som meir balansert, ut i frå kven som deltek i debatten og kva vinklingar som kjem til syne.

Tidlegare i oppgåva stilte eg spørsmål ved om barnevernet sine tilsette, eller andre grupper, er med på å kjempe ein legitimitetskamp i pressa. Ut i frå kva eg finn i materialet, sett i lys av tidlegare forskning, ser det ut til å vere eit noko endra bilete av kven som fører mediedebatten om barnevern, og kven som engasjerer seg for barnevernet si tiltru. Ein hovudtendens er auka aktivitet frå barnevernsrepresentantar samanlikna med tidlegare studiar. Det er lite som tyder på at barnevernet fortener stempelen som ein utprega lukka institusjon, ettersom tilsette i barnevernet er den mest representerte gruppa blant hovudrøystene. Rett nok kjem dei fleste røystene frå høgare hald i barnevernet, ei gruppe som kanskje ikkje vert relatert til det daglege barnevernsarbeidet i like stor grad som kommunalt tilsette. Like fullt viser det ei positiv utvikling med omsyn til openheit frå barnevernet sjølv, med fleire hovudrøyster og generelle utsegn. Vidare fann eg ein uventa høg aktivitet av forskarar i debatten, i tillegg til ei lita auke for politiske hovudrøyster. Samla gjev dette eit inntrykk av at barnevern er eit tema som engasjerer både barnevernstilsette, forskarar, intellektuelle og politikarar, noko som er med på å setje eit meir balansert preg på barnevernsframstillingane enn tidlegare.

Med omsyn til omtalen av enkeltpersonar sine møter med barnevernet, er totalinntrykket ein nedgang i desse sakene. Det er ein nedgang i røyster som kjem frå klientgruppa, og det er teikn til mindre fokus på personlege forhold i barnevernssaker. Tendensen vert forsterka gjennom få tydelege sosialreportasjar og mindre fokus på enkeltsaker. Det er eit naturleg og

merkbart fokus på barna sin situasjon i barnevernssaker, medan foreldrevinklingar nærast er fråverande. Ein stor del av artiklane skriv om barnevern på ein generell basis.

Til forskjell frå tidlegare periodar viser artiklane eit større fokus på kva vilkår barnevernet arbeider under og mindre på kva avgjersler dei tilsette tek. I tillegg ser pressa ut til å ha ei større interesse for korleis organiseringa av barnevern går føre seg. Eit tema som går igjen i artiklane frå 2010 er den vidare utviklinga i barnevernet og korleis ein kan ruste verksemda mot utfordringane som møter den. Hovudinstrykket frå analysen peikar mot ein nyansert barnevernsdebatt som i større grad handlar om generelle saker og organisering, og i mindre grad om personifiserte framstillingar.

## **7.1 Kva utvikling peikar dette for tabloidpressa?**

I forhold til dei typiske trekka for tabloidjournalistikken som vert presentert i teorikapitlet, ville ein vente at framstillingane av barnevern er prega av personifisering, dramatikk, einskildsaker, sosialreportasjar, og i større grad negative framstillingar. I tillegg vart det peika på at politikarar og intellektuelle grupper får lite spalteplass i tabloide framstillingar. Eg hevdar at materialet i så måte er eit avvik frå dei typiske tabloide kjenneteikna. Kanskje betyr det heller at den tabloide avistypen ikkje er eins med det som typisk vert omtala som tabloidjournalistikk.

Dette kan vidare vere med på å stille spørsmål ved det individualdramatiske paradigmet som Mathiesen (2002) presenterer. I følgje Allern (2001) er det grunn til å gjere nettopp det. Han hevdar at det ikkje fins tilstrekkeleg dokumentasjon på at det individualdramatiske mønsteret teiknar eit allment pressebilete. Allern (2001) hevdar at tabloid-omgrepet ikkje nødvendigvis omtalar bestemte medie- eller avistypar, men at det heller er knytt til den redaksjonelle prioriteringa og den journalistiske kvaliteten. Det vil seie at ein kan finne kvalitetsjournalistikk i laussalsaviser, nettaviser og på tv, og likeeins at ein kan finne tabloidjournalistikk i abonnementsaviser og lisensfinansiert kringkasting (Allern, 2004: 45). Artikkelmaterialet kan vere med på å underbygge denne påstanden. Utvalet viser utviklingstrekk som i større grad er i tråd med Allern (2001) sine betraktningar, framfor det individualdramatiske paradigmet som Mathiesen (2002) opererer med, eller kjenneteikna for tabloidkulturen som Bakke (1999) presenterer. Det er difor liten grunn til å hevde at tabloidjournalistikken i VG og Dagbladet gjennomgår eit kulturelt og individualdramatisk



medieforfall, med låg saksorientering, ekstremt individfokus, der det dramatiske og enkeltstående er i sentrum i barnevernssaker.

Skjeie (2002: 200) poengterer at ein med fordel kan stille spørsmålsteikn ved journalistar sitt rykte som opptekne av det dramatiske og sensasjonelle. Ho nemner at særns få av dei akademiske aktørane som har ytra seg i pressa kjenner seg feilsitert eller skeivt referert, trass i at fleire har ein aversjon mot pressa på førehand. Med omsyn til korleis mykje av den kritiske medieforskinga vurderer tabloidjournalistikken som lite intellektuell, vurderer ho dette som ein honnør til journalistisk formidlingsverksemd. Det er tendensar som tyder på at den negative omtalen av barnevern i større grad enn tidlegare er prega av realistiske utfordringar, heller enn stigmatiserande framstillingar. Teikn til sosialreportasjar tyder på at pressa framleis kan ha ei rolle som ”den vesle mann sin forsvarar” i samband med barnevernssaker. Det er positivt at pressa utfører oppgåva om å verne enkeltpersonar og grupper mot overgrep frå offentlege institusjonar. Særleg er dette viktig med omsyn til barn som ikkje har høve til å tale si eiga sak i det offentlege. Kanskje tyder dette på at pressa ikkje treng skandalesaker og stereotypiske framstillingsmetodar for å utøve si samfunnskritiske rolle. Dersom dette stemmer vil det sannsynlegvis føre til ein betre relasjon mellom media og barnevernet. Det er vanskeleg å slå fast om det har skjedd ei endring over tid, eller om tabloidpressa har fått eit ufortent ryke som formidlarar av ein individualdramatisk journalistikk.

## **7.2 Kva utvikling peikar dette for barnevernet?**

Nyhender er ikkje nødvendigvis ei spegling av fakta. Like fullt gjev dei viktige inntrykk og kan vere med på å påvirke mottakarane. Presseframstillingar om barnevern kan i så måte vere haldningsskapande og avgjerande for oppfatningar om barnevern. Som nemnt innleiingsvis er barnevernsarbeidet ofte vanskeleg å forstå og å få innsyn i for folk utanfor systemet. Dette er ein faktor som kan gjere barnevernet utsett for kritikk, og eg ser framleis negative bilete av barnevern i materialet, trass i konklusjonen om at dei kritiske framstillingane er mindre framstående.

Eit av forholda som barnevernet har vore særleg kritisert for, er å vere ein lukka og taus organisasjon, som i liten grad deler informasjon om arbeidet. I denne analysen er det lite dekning for å hevde at barnevernet er spesielt lukka. Derimot ser det ut til at representantar for barnevernet i større grad er på bana enn venta, både som hovudrøyster og som generelle

kjelder (spesielt frå tilsette frå høgare hald). Eit vidare viktig funn er at forskarar og intellektuelle deltek i barnevernsdebatten. Dette er sentralt i forhold til verknadane av kven som talar barnevernet si sak. Truleg vil auka forskaraktivitet i pressa vere med på å påverke barnevernet sitt renommé i positiv retning, gjennom å skape meir kunnskap om organisasjonen. Wenche Figenschow (2006a) poengterer at god informasjon om barnevernsarbeid ikkje kan løyse alle problem, og at det er viktig med eit balansert fokus. Det vil seie at budskapet ikkje einseitig må fokusere på det positive barnevernstenesta gjer, men også må analysere og forholde seg til problematiske barnevernssaker i media (Figenschow, 2006a: 162). Det er pressa si rolle å vise fram kritikkverdige forhold, og ein må ikkje undergrave einskildpersonar sine historier. Eit ope barnevern må vere i stand til å takle kritiske røyster. Informasjonsarbeid og ein open dialog er ein viktig faktor for å gjere det forståeleg for folk flest kva som ligg til grunn for arbeidet som barnevernet utfører (Figenschow, 2006a: 162-163). Truleg vil det hauste meir tiltru frå publikum og det offentlege. Med omsyn til resultatane av analysen ser det ut til at barnevernet, med hjelp frå andre grupper, i større grad nyttar tabloidpressa som ein arena for å opplyse om arbeidet: både gjennom å kommentere saker i større grad, og gjennom debattinnlegg og kronikkar som set fokus på barnevernet sitt virke.

Tendensane i materialet tyder med andre ord på at det har skjedd ei modning i barnevernsframstillingane. Omtalene er prega av meir balanserte haldningar og kjelder frå meir profesjonelle grupper enn på tidlegare tidspunkt. Dette kan spegle den auka satsinga innafor feltet dei siste åra. Barnevern har fått auka fokus frå intellektuelle miljø, og feltet ser ut til å vere eit større tema for forskning enn tidlegare. Hovudinntrykket frå analysen tilseier at det i større grad er ei forståing for at oppvekstvilkår til barn er eit kollektivt ansvar. Den auka medvitsgjeringa kan gjere barnevernet i større grad anerkjent som eit viktig satsingsområde. Aktiviteten frå barnevernstilsette, forskarar, intellektuelle og politikarar er med på å tydeleggjere at barnevernet står ovanfor reelle utfordringar.

Skal barnevernet ha legitimitet frå befolkninga må det vere i stand til å grunngje sine avgjersler i det offentlege rom. I tillegg må grunngjevingane verte forstått og akseptert av offentlegheita. For å få til dette i praksis er det viktig med eit ope barnevern. Openheit kring barnevernet sitt arbeid og sine vurderingar vil auke barn og foreldre sin rettstryggleik, føre til eit betre barnevern og auke tiltrua i befolkninga (Figenschow, Ringberg og Ekanger, 2006: 11). Truleg er dei balanserte framstillingane som viser seg i materialet med på å skape ein

meir fruktbar debatt om barnevernet sitt virke. Fleire av artiklane set fokus på arbeidsvilkår, utvikling og organisering av barnevernet (både positivt og negativt). Det er behov for auka medvit om det vanskelege og komplekse feltet barnevernsarbeidet går føre seg på, heller enn personifiserte og skandaleorienterte historier.

Rett nok kan ikkje analysen slå fast at barnevernet er blitt ein gjennomgåande open organisasjon. Grunna det sensitive arbeidsfeltet og omsynet til personvern av klientane, vil det vere naudsynt med noko konfidensiell saksinformasjon. Like fullt er det teikn til at barnevernet deler meir kunnskap om arbeidet, framfor å gøyme seg bak teieplikta. Det ser heller ut til at barnevernsrepresentantane i større grad kjempar om sitt eige truverde enn tidlegare forskning viser. Fleire tendensar indikerer at barnevernet som ekspertsystem opplever auka legitimitet frå aktørane rundt. Dersom dette stemmer vil barnevernet truleg verte styrkja, og i større grad kunne sikre at barn og unge som opplever omsorgssvikt vil få naudsynt hjelp til rett tid.



# Litteratur

- Abbott, Andrew (1988), *The System of Professions. An Essay on the Division of Expert Labour*. The University of Chicago Press.
- Allern, Sigurd (2001), *Nyhetsverdier. Om markedsorientering og journalistikk i ti norske aviser*. Oslo: IJ-forlaget, Høyskoleforlaget.
- Ask, Torunn Alise (2000), *Barnevernet i det offentlige rom. En kvalitativ studie av barnevernsarbeideres møter med media*. Hovedfagsrapport ved Høgskolen i Oslo.
- Ask, Torunn Alise (2001), "Barnevernets møte med media – utfordringer og dilemmaer", i Repstad, Pål og Anne Ryen, *Verneverdig: Barnevern, forskning og etikk*. S. 99-119. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bakke, Per (1999), *Fra varesamfunn til informasjonssamfunn*. Oslo: Solum Forlag.
- Bay, Ann Helen og Jo Saglie (2003), *I verdens rikeste land. Pressens dekning av velferdsstaten 1969-99*. Rapport 25/03, NOVA.
- Berger, Peter og Thomas Luckmann (2000), *Den samfunnskapte virkelighet*. Oversatt av Frøydis Wiik. Bergen: Fagbokforlaget.
- Eide, Martin (1992), *Nyhetens interesse. Nyhetsjournalistikk mellom tekst og kontekst*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Eide, Martin og Gudmund Hernes (1987), *Død og pine! Om massemedia og helsepolitikk*. Oslo: FAFO.
- Ekanger, Merete (2006), "Kvænanger-saken – alles mareritt", i Figenschow, Wenche, Erik Ringberg og Merete Ekanger, *Barnevern – medier og juss*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Esping-Andersen, Gøsta (1990), *The Three Worlds of Welfare Capitalism*. Cambridge: Polity Press
- Figenschow, Wenche (2006a), "Informasjonsarbeid i barnevernet", i Figenschow, Wenche, Erik Ringberg og Merete Ekanger, *Barnevern – medier og juss*. S. 163-187. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Figenschow, Wenche (2006b), "Systemer i samspill – det konfliktfylte møtet", i Figenschow, Wenche, Erik Rignberg og Merete Ekanger, *Barnevern – medier og juss*. S. 45-67. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Figenschow, Wenche (2007), *Barnevern og media. Systemer med ulike systemkrav til sine aktører. Implikasjoner/konsekvenser for barnevernet*. Skriftserie 1/2007, Barnevernets Utviklingssenter i Nord-Norge.
- Figenschow, Wenche (2008), *Hvordan blir barn som lever med omsorgssvikt sett og hørt av politikerne?* Skriftserie 4/2008, Barnevernets Utviklingssenter i Nord-Norge.

- Figenschow, Wenche, Erik Ringberg og Merethe Eikanger (2006), *Barnevern – medier og juss*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Franklin, Bob og Nigel Parton (1991), *Social Work, the Media and Public Relations*. London: Routledge.
- Gautun, Heidi (2009), *Det nye barnevernbyråkratiet. En studie av samarbeid mellom kommune og stat innen barnevernet*. Forskningsstiftelsen Fafo.
- Giddens, Anthony (1990), *The Consequences of Modernity*. Cambridge: Polity Press.
- Golding, Peter og Sue Middleton (1982), *Images of Welfare. Press and Public Attitudes to Poverty*. Oxford: Martin Robertson.
- Grinde, Turid Vogt (1993), *Kunnskapsstatus for barnevernet*. Otta: TANO.
- Hafstad, Anne (2006), *På helsa løs? Når pressen tar pulsen på Helse-Norge*. Kristiansand: IJ-forlaget.
- Hernes, Gudmund (1978), "Det mediavridde samfunn", i Gudmund Hernes (red.), *Forhandlingsøkonomi og blandingsadministrasjon*. S. 181-195. Oslo: Universitetsforlaget.
- Iyengar, Shanto (1991), *Is anyone Responsible? How Television Frames Political Issues*. Chicago: The University of Chicago Press.
- Kjølørød, Lise (2003), "En tjenesteintens velferdsstat". I Frønes, Ivar og Lise Kjølørød, *Det norske samfunn*. s. 184-209. Oslo: Gyldendal.
- Kvale, Steinar og Svend Brinkmann (2009), *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal.
- Lundström, Tommy (2004), "Mellan vardag och dramatikk. Pressens bevakning av socialt arbete med utsatta barn och unga". I Blomberg, Helena, Christian Kroll, Tommy Lundström og Hans Swärd, *Sociala problem och socialpolitik i massmedier*. S. 223 – 253. Lund: Studentlitteratur.
- Mathiesen, Thomas (2002), *Makt og medier. En innføring i mediesosiologi*. Oslo: Pax Forlag AS.
- Myers, John E. B. (1994), "The Litterature of the Backlash". I Myers, John E. B. *The Backlash – Child Protection Under Fire*. S. 86 – 103. Thousand Oaks, CA: Sage Publication.
- Olsen, Johan P. og Harald Sætren (1980), "Massemedier, eliter og menigmann". I Olsen, Johan P. (red.), *Meninger og makt*. S. 13-54. Bergen: Universitetsforlaget.
- Pujik, Roel, Helge Østbye og Harald Sætren (1984), *Sosialpolitikk eller sosialpornografi? En analyse av sosialpolitiske reportasjer i pressen*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Sentio AS (2004a), *Barnevernet i media*. Rapport fra en undersøkelse gjennomført for Statens barnevern og familievern av Sentio.

- Sentio AS (2004b), *Med ønske om å lære: Holdninger til og praktisering av offentlighet hos ansatte i barnevernet*. Rapport fra en undersøkelse gjennomført for Statens barnevern og familievern av Sentio.
- Sentio AS (2004c), *Mellom nærhet og distanse: Kunnskap om og holdninger til barnevernet blant politikere og administrasjon i kommunene*. Rapport fra en undersøkelse gjennomført for Statens barnevern og familievern av Sentio.
- Silverman, David (2006), *Interpreting Qualitative Data*. 2nd edition. London: SAGE Publications.
- Skjeie, Hege (2002), ”Medialisering” i Gullbrandsen, Trygve, Fredrik Engelstad, Trond Beldo Klausen, Hege Skjeie, Mari Teigen, Øyvind Østerud, *Norske Makteliter. Makt og demokratiutredningen 1998-2003*. S. 191-213. Oslo: Gyldendal.
- Stang, Edda (2007), *Fremstillinger av barnevern i løssalgspresen. En innholdsanalyse av artikler om barnevern i VG og Dagbladet*. Rapport 7/2007. NOVA.
- Svallfors, Stefan (1995), *Välfärdsstaten i pressen. En analys av svensk tidningsrapportering om välfärdspolitik 1969-1993*. Sociologiska institutionen Umeå Universitet.
- Sæbø, Gunnar (1990), *Informasjon eller myteproduksjon? – Om sosialhjelp i norsk presse*. Institutt for sosialforskning. INAS-notat 1990:3.
- Thagaard, Tove (2009), *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. 3. utgåve. Bergen: Fagbokforlaget.
- Tuchman, Gaye (1987), *Making News. A Study in the Construction of Reality*. New York: The Free press.
- Veland, Jarmund (2004), ”Barnevernets legitimitet – et åpent barnevern”. I Havik, Toril, Mette Y. Larsen, Sigrid Nordstoga og Jarmund Veland. *Barnevernet – forutsetninger og gjennomføring*. S. 199-214. Oslo: Universitetsforlaget.
- Waldahl, Ragnar (1999), *Mediepåvirkning*. 2. utgåve. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Østbye, Helge, Knut Helland, Karl Knapskog og Leif Ove Larsen (2007), *Metodebok for mediefag*. 3. utgåve. Bergen: Fagbokforlaget.

## **Aviskjelder:**

### **Dagbladet**

Januar t.o.m. juni 2004:

- 03.01.2004: Spillet om Linda
- 07.01.2004: Oslo kommune krøp til korset: Linda får bli
- 08.01.2004: Linda og barnevernet i bydel Gamle Oslo
- 08.01.2004: Ingen skam å snu
- 09.01.2004: Barnevern på bortebane
- 11.01.2004: Å rette barnevernet for smed
- 13.01.2004: Om å snu i tide

31.01.2004: Hun vil åpne barnevernet  
01.02.2004: Foreldre melder fra selv  
01.02.2004: Takker barnevernet  
01.02.2004: Hjemmebaserte tiltak  
02.02.2004: Hvor ble det av kronene?  
02.02.2004: Tenkte mest penger  
02.02.2004: Fikk kritikk av fylkesmenn  
02.02.2004: Overdrevet  
03.02.2004: Barnevernspedagog synger ut om barnevernet  
03.02.2004: De har mistet yrkesstoltheten  
03.02.2004: Åpenhet koster  
04.02.2004: Barn på tilbud  
04.02.2004: Oppfølging av barnevernet  
05.02.2004: Onkel og tante ble mor og far  
05.02.2004: Hva er galt med bestemor?  
06.02.2004: Retten: - 14-åringen skal tilbake til fostermora  
07.02.2004: Skyldig!  
07.02.2004: De brydde seg om meg, og derfor har jeg klar meg så bra  
07.02.2004: Halvparten klarer seg bra  
08.02.2004: Innrømmer kulturproblemer  
08.02.2004: Vi misforstås som flyktninger  
08.02.2004: Sykeliggjør flyktningfamilier  
08.02.2004: Barn med innvandrerbakgrunn  
12.02.2004: Barnas beste  
17.02.2004: Dagbladet og barnevernet  
02.03.2004: Barnevernsfadder søkes  
07.04.2004: Manglende oppfølging  
18.04.2004: Barnevernet tar ansvar  
24.04.2004: Nekter å gi seg  
30.05.2004: Mamma slår meg

Januar t.o.m. juni 2010:

04.02.2010: Får barna til å snakke  
20.02.2010: Familie på prøve  
27.02.2010: Vennligst forstyrr  
14.03.2010: Svikter barna  
13.04.2010: Stor tillit til barnevernet  
15.04.2010: Store forskjeller  
23.04.2010: Fanget i systemet  
28.04.2020: De sårbare barna  
04.05.2010: Fakta: Flere ungdommer i barnevernet  
04.05.2010: Musikk som terapi  
21.05.2010: Flere fosterfamilier

**VG**



Januar t.o.m. juni 2004:

10.02.2004: Dobbel straff  
24.02.2004: ! 21 barnevernsbarn står uten tilbud (faktaboks)  
02.03.2004: Folkeaksjon for barn gikk galt  
09.03.2004: Tok med våpen fra barnevern-tur til Thailand  
09.03.2004: Barnevern-selskap konkurs  
04.05.2010: Barnevernet henlegger saker som ikke burde vært henlagt  
02.06.2004: Skjulte 16-åring for barnevernet  
11.06.2004: Barnevern dømt for pengerot

Januar t.o.m. juni 2010:

02.01.2010: Kritikkverdig  
10.01.2020: Helsetilsynet får tilsyn med barnevernsbarn  
15.01.2010: Vil ha endret politiattesten  
15.01.2010: Beskriver barnevernet som rusmareritt  
21.01.2020: Lysbakken fikk kritikk av FN  
15.02.2010: På flukt med fire barn  
16.02.2010: Dopet ned før de ble bakbundet  
18.03.2010: Lysere med Lysbakken?  
22.03.2010: Barneombudet stempler minoriteter  
23.03.2010: Utdannelsen er for dårlig  
28.03.2010: Barnevernets kunnskap  
30.03.2010: Målbevisst statsing  
07.04.2010: Stamper i motvind  
10.04.2010: Må styrkes nå!  
11.04.2020: Klart oppdrag  
12.04.2010: Uetisk av Lysbakken  
15.04.2010: Satser på barnevernet!  
26.04.2010: Et tomt svar  
01.05.2010: Vil ta flere barn fra foreldrene  
06.05.2010: For enkelt å legge ansvaret på politiet  
08.05.2010: Se, Storberget – her har de startet arbeidet mot foreldrevold  
09.05.2010: Stor utfordring  
11.06.2010: Mannens jobb var å gi forsterforeldre råd. Nå er han siktet for sex med egen fosterdatter  
13.06.2010: Forskjellsbehandling

### **Internettkjelder:**

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Tilgjengeleg frå:  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/tema/barnevern.html?id=1058> (henta 15.september 2010)

Bufetat. *Om oss*. Tilgjengeleg frå: <http://www.bufetat.no/om/> (henta 15.september 2010)

Lovdata. *Lov om barnevernstjenester*. Tilgjengeleg frå: <http://www.lovdata.no/all/hl-19920717-100.html#map001> (henta 15.september 2010)

Norsk Presseforbund. *Vær Varsom Plakaten*. Tilgjengeleg frå: [http://presse.no/Pressens\\_Faglige\\_Utvalg\\_PFU/Var\\_Varsom-plakaten/](http://presse.no/Pressens_Faglige_Utvalg_PFU/Var_Varsom-plakaten/) (henta 15.september 2010)

Retriever. *Om Retriever*. Tilgjengeleg frå: <http://www.retriever.no/om-retriever.html> (henta 3.september 2010)

Alle kjelder som er brukt i denne oppgåva er oppgjevne.

Talet på ord som er brukt i oppgåva: 34 027

# Vedlegg

## Variabelliste med verdier og kriterium for koding

Følgjande ni variablar med tilknytte verdier har eg nytta i analysen:

### 1: Avis

VG

Dagbladet

### 2: År

2004

2010

### 3: Haldningsladning

Positiv

Negativ

Nøytral

### 4: Forfattar av artikkelen

Nyhendejournalist

Representant frå barnevernet

Leiarkommentar

Politikar

Forskar/intellektuell

Fagforeiningsrepresentant

Interesseorganisasjonsrepresentant

Advokat

Barneverns klient

Lesarinnleggsskribent

Andre

### 5: Hovudrøyst

Representant for barnevernet

Politikar

Forskar/intellektuell

Barneverns klient

Leiar

Fagforeiningsrepresentant

Interesseorganisasjonsrepresentant

Advokat

Lesarinnleggsskribent

Andre.

### 6: Hovudområde

Hjelpetiltak

Omsorgsovertaking

Førebyggjande

Institusjonar  
Fosterheim  
Arbeid med kriminelle ungdomar  
Arbeid med flyktning/innvandrar- eller asylsøkjjarbarn  
Erstatningssaker/tidlegare overgrep  
Barnevernet unnlate å gripe inn  
Barnevernet gripe inn for tidleg  
Generelt.

### **7: Ytring frå barnevernet i artikkelen**

Ja  
Nei.

### **8: Omtale av enkeltsak**

Ja  
Nei.

### **9: Vinkling**

Barnevernet sine arbeidsvilkår  
Yrkesutøving og avgjersler i barnevernet  
Barnet sin situasjon  
Foreldra sin situasjon  
Vekst og utvikling i barnevernet  
Privat/offentleg barnevern  
Andre.

## **Kriterium for koding av dei ulike variablane:**

For variablane År og Aviser gjer kjenneteikna for koding seg sjølv (sjå eventuelt metodekapittel for meir informasjon om desse variablane).

### **Haldningsladning**

Artiklane er kategorisert ut i frå kva haldning til barnevernet som framkjem. Artikkelen vert tolka som *positiv* dersom den framstiller eit positivt inntrykk av barnevernet og arbeidet som vert gjort. Det kan til dømes vere generelle trekk ved barnevernet, som at det er ein naudsynt og viktig samfunnsinstans, eller det kan vere gode erfaringar med barnevernet sitt arbeid. Artiklar som er koda som *negative* er på den andre sida kritiske og set ofte barnevernet i eit dårleg lys. Dei *nøytrale* tekstane er artiklar som ikkje omtalar barnevern med ei spesiell haldning, men i større grad er sakleg i uttrykksforma. Nokre av dei nøytrale artiklane inneheld både kritiske og positive argument mot barnevernet, og i dei fleste situasjonar gjer dette eit balansert uttrykk, og teksten er difor koda som nøytral. Det eksisterer nokre tvilstilfelle i koding av haldningsladning, og det overordna inntrykket av artikkelen (både med overskrift, bilete og biletetekst) er avgjerande for kva haldning som dominerer.

## **Forfattar av artikkelen**

Her er kriteriet kven som har *skrive* artikkelen, noko som er tydeleg gjengjeve i dei fleste artiklane.

## **Hovudrøyst**

Det overordna kriteriet er at det er den personen som dominerer artikkelen, og som får mest spalteplass, som er hovudrøyst. I nokre av tilfella, til dømes artiklar som skildrar enkeltpersonar sine erfaringar med barnevernet, er det også andre kjelder som i tillegg ytrar seg på vegner av den det gjeld. I somme tilfelle er det både sitat frå hovudrøysta sjølv, samt at journalisten eller andre kjelder taler for personen. Dette vil telle med på inntrykket av kven som er hovudrøysta i artikkelen, og som i størst grad får fronta si sak.

## **Hovudområde**

For denne variabelen er målet å kartlegge kva delar av barnevernet sitt arbeid som vert omtala. Tvilstilfella i materialet var artiklar som handla om omsorgsovertaking av flyktningbarn. Der det var tvil valde eg å definere desse som arbeid med innvandrar- og flyktningbarn.

## **Ytring frå barnevernet i artikkelen**

Denne variabelen gjeld om representantar frå barnevernet, på alle nivå, kjem med ytringar i artikkelen. Det er altså ikkje om vedkomande har den dominerande røysta, men om barnevernsrepresentanten er intervjuet eller har ein kommentar vedrørande ei sak.

## **Omtale av enkeltsak**

Variabelen skal fange opp om artikkelen omhandlar ei enkeltsak eller ikkje. ”Ja-artiklane” er omtalar av enkeltpersonar sine saker i forhold til barnevernet (eller det offentlege). På den andre sida er ”nei-artiklane” omtalar med eit generelt preg.

## **Vinkling**

Variabelen vinkling skal fange opp kva sider ved ei sak artikkelen fokuserer på. Det handlar om kva vinkling som kjem fram og korleis saka vert belyst. Eg har kategorisert artiklane ut i frå dei 7 fokusområda, etter kva eg oppfatta som totalinntrykket i artikkelen.